


# Åsattru i Noreg i dag




Rein Tveit

Masteroppgåve i norrøn filologi

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier

Universitetet i Bergen Mai 2016



<b>Forord</b>	<b>3</b>
<b>English Abstract</b>	<b>4</b>
<b>Norsk samandrag</b>	<b>5</b>
<b>1. Innleiing</b>	<b>6</b>
1.1. Terminologi	7
1.2. Problemstilling	10
<b>2. Metode og material</b>	<b>11</b>
2.1. Material	11
2.2. Avgrensing	13
2.3. Metode	15
2.3.1 Kvalitative intervju	15
2.3.2. Deltakande observasjon	17
2.4. Ethiske problem	19
<b>3. Teori og forskingshistorie</b>	<b>20</b>
3.1. Religionsteoretiske perspektiv	20
3.1.1. Religionsomgrepet	20
3.1.2. Den siste tidas oppkome av nye religionar	24
3.1.3. Nye religionar og legitimering	26
3.2. Åsatru og høgreekstremisme	27
3.3. Åsatru i Norden	28
3.4. Religiøs kontekst	29
3.5. Oppsummering	34
<b>4. Norrøn nyheidendom i dag - Odinisme, åsatru og sed</b>	<b>35</b>
4.1. Odinisme, rasisme og antisemittisme	36
4.2. Tru og sed	37
4.3. Åsatru – "Ein moderne religion for moderne mennesker"	38
4.3.1. Bifrosts formelle struktur	38
4.3.2. Medlemmer og motivasjon for innmelding	42

4.3.3. Sjølvbilete og sjølvforståing av åsatru	50
4.3.4. Åsatru og politikk	61
4.3.5. Rekonstruksjon, gjenoppliving og nyskaping	63
4.4. Oppsummering	64
<b>5. Religiøs praksis og kjeldegrunnlag</b>	<b>66</b>
5.1. Ritualer og seremoniar	67
5.2. Natur og Kultur	74
5.2.1. Naturreligion	74
5.2.2. Art-religion	77
5.2.3. Religiøse symboler og religiøs symbolikk	78
5.3. Resepsjon og transmisjon av kjelder	80
5.3.1. Kjelder til norrøn religion	81
5.3.2. Kjelder til åsatru	85
5.3.3. Mediebruk og transmisjon av kjelder	88
5.4. Oppsummering	89
<b>6. Ein legitimerande resepsjon</b>	<b>90</b>
6.1. Identitet og identitetskonstruksjon	90
6.1.1. Sosialisering og identitetskonstruksjon	92
6.2. Motkultur og samfunnskritikk	94
6.3. Ideologi	97
6.3.1. Ein ideologisk transmisjon	99
6.4. Legitimering	100
<b>7. Avslutning</b>	<b>103</b>
7.1. Dokumentasjonens funn	104
7.2. "Det norrøne" som legitimering	105
7.3. Fremtida til norrøn nyheidendom og åsatru	106
<b>8. Litteratur</b>	<b>107</b>
<b>Vedlegg</b>	<b>115</b>

## **Forord**

Dei første som må takkast for denne oppgåva er mine rettleiarar, Jens Eike Schnall og Gunnstein Akselberg for engasjert og kunnskapsrik rettleiing. Takk også til medlemma i Åsatrufellesskapet Bifrost, både dei som stilte opp som informantar og alle dei andre som tok vel i mot meg då eg var med på tinget deira. Dei levde raskt opp til sine ideal om openheit og gjestfridom, utan dei hadde ikkje denne oppgåva vorte til. Takk til søster mi, Ellen Tveit, for å ta på seg oppgåva med korrekturlesing på kort varsel.

## **English abstract**

The masters project "Åsatru i Noreg i dag" (Åsatru in Norway today) explores the phenomenon Åsatru in contemporary Norway. The phenomenon is historically tied to a range of fields regarding neo-religiosity and esoteric reception of the Old Norse literature. The background for the study is a question of how groups of people with dissimilar ideologies can use the same sources as legitimation for these ideologies. To answer this, the study makes a phenomenological analysis of the "Åsatrufellesskapet Bifrost", and compares this analysis with information about other forms of the phenomenon. The analysis of Åsatrufellesskapet Bifrost relies on qualitative interview and literary production of the "åsatruers" themselves. The forms that are used as comparison relies on similar research on the phenomena in other countries and literary production by åsatruers in Norway who are not a part of Bifrost.

The material is seen in light of some sociological perspectives and some perspectives from religious studies, that contributes to an understanding of the phenomena in the different ways it manifests itself. The sociological perspectives, along with some traditional philological perspectives on Old Norse literature is decisive to the conclusion that production, transmission and reception of the Old Norse literature is and always has been coloured by ideological motivation.

## Norsk samandrag

Masteroppgåva "Åsatru i Noreg i dag" utforskar fenomenet åsatru i samtidas Noreg. Fenomenet er historisk knytt til ei rekkje felt innan nyreligiøsitet og esoterisk resepsjon av norrøn litteratur. Bakgrunnen for oppgåva er eit spørsmål om korleis grupper av folk med ulike ideologiar nyttar dei same kjeldene som legitimering for desse ideologiane. For å svara på dette gjer oppgåva ei fenomenologisk analyse av Åsatrufellesskapet Bifrost, og jamfører denne analysen med det som finst av informasjon om andre variantar av fenomenet. Analysen av Åsatrufellesskapet Bifrost byggjer på kvalitative intervju og litterær produksjon av åsatruarane sjølve. Dei formene for åsatru som vert nytta som jamføring byggjer på tilsvarande forskning i andre land og litterær produksjon av andre åsatruarar i Noreg som ikkje er representert av Bifrost.

Materialet vert sett i lys av nokre sosiologiske og religionsvitskaplege teoretiske perspektiv, som bidreg til forståing av fenomenet på dei måtane det fremstår. Dei sosiologiske perspektiva saman med nokre filologiske perspektiv på norrøn litteratur er avgjerande for konklusjonen om at produksjon, transmisjon og resepsjon av den norrøne litteraturen er og har alltid vore ideologisk motivert.

## 1. Innleiing

Eg vil i denne oppgåva ta føre meg fenomenet åsatru i Noreg. Føremålet er å gjera ein dokumentasjon over fenomenet slik det er i Noreg idag og å diskutera måtane åsatruarar legitimerer trua si på bakgrunn av dei norrøne kjeldene. Såleis vert det også ei resepsjonsstudie av dei norrøne kjeldene der eg vil ta føre meg litt av måten dei norrøne kjeldene har vorte nytta og tolka esoterisk tidlegare. Eg vil sjå på konteksten til norrøn nyheidendom i Noreg og freista å knyta mine funn til tilsvarande studiar som har vorte gjort om fenomenet i nokre andre land, hovudsakleg Sverige og Island. Det er også meininga å sjå korleis tolkinga av dei norrøne kjeldene påverkar den norrøne nyheidendomen.

Der finst i Noreg i dag trusfellesskap for norrøn nyheidendom. Desse gruppene hevdar å byggja på norrøne kjelder for å konstruera sin religion, som vanlegvis vert kalla "åsatru".

Eg har kome i kontakt med medlemmer av slike grupper gjennom *reenactment*-miljøet<sup>1</sup>. Dei fleste representantane for denne religionen verker å ha eit verdisyn som er meir likt eit moderne humanistisk verdisyn enn det verdisynet vi kan sjå i dei norrøne kjeldene.

Samstundes finst der høgreekstreme som også hevdar å vera åsatruarar, til dømes organisasjonen Vigríd. Dei høgreekstreme har eit verdisyn som er svært ulikt verdisynet som andre åsatruarar har, så ein kan spørja om dei ulike verdisyna faktisk kjem frå dei norrøne kjeldene eller om dei representerer ulike drag ved det moderne samfunnet.

Sidan åsatru ikkje er studert i Noreg før, må ein grunnleggjande studie over fenomenet først gjennomførast for at eventuelle verdisyn til tilhengjarane kan diskuteras. Eg har også vorte møtt med ein positiv haldning av informantane mine frå

---

<sup>1</sup> Reenactment-miljøet er ei heterogen samling av ulike former for historieformidling og midlertidig gjenoppliving av perioder frå fortida. Omgrepet *reenactment* er eigentleg knytt til gjenoppleving av konkrete historiske hendingar (særskilt viktige stridshendingar), men inkluderer i vanleg ordbruk også alt i frå såkalla "levande historie" eller "eksperimentell arkeologi", som begge er læring om og formidling av til dømes gamle handverk eller gammalt levevis. Det inkluderer også ulike freistnader på å ta opp att gamle kampteknikkar, som fektemanualar frå renessansen, eller ulike måtar å nytta historiske våpen i kamp. Det mest utbreidde kampsystemet for historiske våpen i Noreg er *hærkamp*, eit system som tillét massekamp med blankvåpen. *Blankvåpen* er eit samleomgrep for stort sett alle våpen av stål meint for kutt- eller stikkføremål. Mi bakgrunn ligg hovudsakleg i hærkampmiljøet.

Åsatrufellesskapet Bifrost, dei har uttrykt eit ønske om at samfunnet skal vita kva dei er og ikkje er. Dei ser ut til å ha ei oppfatning av at mange utanføre åsatrumiljøet trur at åsatruarar ofte har tilknytning til nazisme eller rasisme, og difor er skeptiske til åsatru. Uansett om dette stemmer eller ikkje, så er det eit rykte åsatruarane ikkje ønskjer å ha. Det ser også ut til at forskingsmiljøet er positiv til ei studie av åsatrua i Noreg i dag.

## 1.1. Terminologi

Terminologien i studiet av nye religionar er noko uoversiktleg, det er ikkje nokon klart etablert tradisjon, og ulike forskarar nyttar både ulike termar og gjev dei same termene noko ulikt innhald. Nokre av termene som vert lista opp her vil verta diskutert vidare seinare i oppgåva, men det er naudsynt med ei kort innføring som gjer litt greie for korleis andre forskarar har nytta dei før og korleis dei skal nyttast her.

*Religion*: Spørsmålet om kva ein religion er, har vorte stilt av mange, og aldri eigentleg vorte gjeve eit fullstendig tilfredsstillande svar. Mikael Rothstein gjev i *Gud er blå: De nye religiøse bevegelser*<sup>2</sup> nokre dømer på definisjonar som har vorte lagt fram, men legg vekt på at definisjonane er reiskapar som gjer det lettare å forhalda seg analyserande til fenomenet (Rothstein 1991: 22). Ingvild Sælid Gilhus og Lisbeth Mikaelsson sluttar seg i *Kulturens refortrylling*<sup>3</sup> til Armin Geertz sin definisjon av religion:

Religion er et kulturelt system og en sosial mekanisme (eller institusjon), som styrer og fremmer idealfortolkningen av tilværelsen og idealpraksis ved henvisning til én eller flere transempiriske makter (Gilhus og Mikaelsson 2005: 18)

Denne kan vera ei bakgrunn førebels, men religions-omgrepet vert likevel problematisert vidare i kapittel 3.1.1.

*Ny*: Omgrepet "ny" er heller ikkje uproblematisk, men fleire forskarar nyttar det om fenomen som har oppstått i om lag dei siste 200 åra. Det gjeld til dømes Gilhus og Mikaelsson (Gilhus og Mikaelsson 2005: 19) og Liselotte Frisk (Frisk 1998 12).

---

2 Mikael Rothstein, *Gud er blå: De nye religiøse bevegelser*, København, Gyldendal, 1991.

3 Ingvild S. Gilhus og Lisbeth Mikaelsson, *Kulturens refortrylling: Nyreligiositet i Moderne Samfunn*, Oslo, Universitetsforlaget, 2005.



*Nyreligiøsitet*: Omfattar i følge Gilhus og Mikaelsson religiøse nydanningar som er danna dei siste 200 åra, dette er eit globalt fenomen, dømer finst mellom anna også i Japan. Dei er skapt på bakgrunn av lokale tradisjonar og religionar (Gilhus og Mikaelsson 2005: 11). Både Fredrik Gregorius<sup>4</sup> (Gregorius 2008: 29) og Fredrik Skott<sup>5</sup> (Skott 2001: 10-11) viser til Liselotte Frisk<sup>6</sup> sine definisjonar av nyreligiøsitet og nye religiøse rørsler som to ulike men nærskyldte omgrep, nyreligiøsitet er hjå Frisk ein brei term som ikkje berre omfattar nye religiøse rørsler, men også førestillingar som ikkje treng vera del av ei organisert religiøs rørsle (Frisk 1998: 11). I denne oppgåva vil nyreligiøsitet verta nytta som ein brei term som omfattar dei to fenomenene nye religiøse rørsler og nye religionar, men som ikkje utelukkar andre uttrykk for religiøsitet som har oppstått dei siste 200 åra.

*Nye religionar*: Definert av Gilhus og Mikaelsson som "organiserte religionssamfunn som man kan være medlem av." Dei har brote med eksisterande religionar og skapt noko som ikkje eksisterte tidlegare. (Gilhus og Mikaelsson 2005: 11-12)

---

4 Fredrik Gregorius, *Modern Asatro: At konstruera etnisk och kulturell identitet*, Lund, Lunds Universitet 2008.

5 Fredrik Skott, *Asatro i tiden*, Göteborg, Tryckeri Framåt 2000.

6 Liselotte Frisk, *Nyreligiösitet i Sverige: Ett Religionsvetenskapligt Perspektiv*, Falun, Bokförlaget Nya Doxa 1998.

*Nypaganisme*, eller *nyheidendom*: Gilhus og Mikaelsson definerer dette som ein "samtidsreligiøsitet som revitaliserer førkristne europeiske religioner som germansk, norrøn og keltisk religion." Dei skriv at tilhengjarane "mer eller mindre bevisst lar de gamle religionene inngå i meningsfylte forbindelser med senmoderne kultur. Man lærer av fortiden, men tilpasser den nåtiden" (Gilhus og Mikaelsson 2005: 99). Liselotte Frisk definerer *nypaganisme* og *neopaganisme* som ein paraplybeteikning for ei gruppe av nyheidne grupper som freistar å gjenoppliva førkristne religiøse tradisjonar (Frisk 1998: 147). Fredrik Gregorius definerer nypaganisme som "moderna religiösa rörelser som i sin trosoppfatning baserar sin religiösa världsbild på tolkningar av utdöda förkristna religioners oppfatningar om tillvaron." (Gregorius 2008: 20). Gregorius reknar neopaganisme som separatseperat frå nypaganisme. Neopaganisme omfattar i følgje Gregorius til dømes wicca og druidisme (Gregorius 2008: 21)<sup>7</sup>. Eg vil nytta nypaganisme som eit omgrep som omfattar alle former for religiøsitet som hevdar å byggja på førkristne religiøse førestillingar, inkludert neopaganisme, og *norrøn nyheidendom* om eit underordna nivå som omfattar former for religiøsitet som hevdar å byggja på norrøn religion.

*Åsatru*: I følgje Gilhus og Mikaelsson ligg det i omgrepet åsatru at dei norrøne gudane er i sentrum for religionen (Gilhus og Mikaelsson 2005: 105). Dei hevdar at åsatru også kan kallast *odinisme* eller *heidendom*, det kjem av at nokre åsatruarar brukar desse omgrepa om seg sjølve, anten for å markera ei særskilt tilknytning til guden Odin eller, for heidendom sitt vedkomande, å markera ei særskilt motsetnad til kristendomen (Gilhus og Mikaelsson 2005: 105). Gregorius definerer åsatru som eit samlingsomgrep for moderne religiøse rørsler og ideologiar som baserer si tru på tolkingar og førestillingar om den førkristne skandinaviske religionen (Gregorius 2008: 22). Åsatru kan likevel vera noko misvisande sidan det impliserer ei tru på *æsene* spesielt, medan dei fleste åsatruarar gjev uttrykk for at religionen omfattar alle maktene frå den norrøne mytologien og førestellingsverda meir generelt og gjerne også det som seinare har vore folketru. Gregorius argumenterer for å likevel nytta omgrepet åsatru mellom anna på grunn av den etablerte vitskapelege bruken (Gregorius 2008: 22-23).

---

<sup>7</sup> Wicca er ein okkultistisk religion med røter i 1800-talets ritualmagi som gjev nemninga *heks* ein positiv verdi (Gilhus og Mikaelsson 2005: 102). For *druidisme*, sjå Graham Harvey, *Contemporary Paganism. Listening People, Speaking Earth*, New York, New York University Press 1997, s. 17.

På bakgrunn av dette vil omgrepet *åsatru* her nyttast på same måten som Gregorius, med forbehold om at det ikkje berre omfattar ei tru på æsene, men også ei tru på dei andre aspekta ved norrøn mytologi og til dels også enkelte synkretistiske element. Noko som skal vurderast vidare er om former for norrøn nyheidendom med tilsynelatande rasistisk innhald kan kallast åsatru. Det er både fordi nokre av desse nyttar andre omgrep om seg sjølve, og fordi grupper som tek aktivt avstand frå rasisme ikkje ønskjer å setjast saman med dei gruppene som tilsynelatande er rasistiske. Målet er likevel å freista å nytta åsatru-omgrepet så breitt som mogleg, og heller presisera eller spesifisera der det er naudsynt. Mikael Rothstein har eit poeng vedrørande definisjonar i religionsvitskap som er viktig å få med i denne samanhengen:

Først som sidst må det understreges, at religionsdefinitionerne ikke nødvendigvis beskriver den endegyldige sandhed om religion som socialt, kulturelt og psykologisk fænomen. Definitionerne er redskaber, som gør det lettere at forholde sig analyserende til fænomenet. (Rothstein: 1991, s. 22)

## **1.2. Problemstilling**

Problemstillinga vert todelt. Den første og viktigaste delen er å undersøka korleis åsatrua framstår i Noreg i dag, slik at der finst eit utgangspunkt for vidare spørsmål. Det vert med andre ord ei dokumentasjon av fenomenet her til lands. Denne første delen dannar eit naturleg fundament for den andre delen av problemstillinga: Korleis nyttar åsatruarane dei norrøne kjeldene og korleis er det mogleg for grupper av folk med ulike verdisyn å legitimera sitt syn med dei same kjeldene?

## 2. Material og metode

På same måte som for Fredrik Skott, Fredrik Gregorius og Anne Marie Bolstad<sup>8</sup> (Skott 2000: 12; Gregorius 2008: 17; Bolstad 2006: 4) er det ei utfordring for denne oppgåva å finna kjeldemateriale om emnet. Ásatru vert så vidt rørt ved i samhandlingar om nyreligiøsitet generelt, som Gilhus og Mikaelssons Kulturens refortrylling, denne vart gjeve ut første gong i 1998, berre to år etter Ásatrufellesskapet Bifrost vart registrert som offentleg godkjent trussamfunn<sup>9</sup>. Dei norske formene for norrøn nyheidendom vert elles berre så vidt nemnt i nokre av studiane som er gjort i andre land. Mange av dei studiane som har vorte gjort på både nye religionar generelt og ásatru spesielt, har det til felles at dei nyttar kvalitativ metode<sup>10</sup>. Det kan såleis reknast som ein konvensjonell innfallsvinkel til denne typen nybrottsarbeid og tykkjest vera den beste måten å skaffa eit materiale som det er mogleg å diskutera.

### 2.1. Material

Forutan å vera eit nytt fenomen, er ásatrumiljøet i Noreg lite og spreidd. Difor kan det vera ei utfordring å finna informantar. Informantane for dette prosjektet kjem frå Ásatrufellesskapet Bifrost, som er det største og eldste<sup>11</sup> enno eksisterande ásatrufellesskapet i Noreg utanom einskilde såkalla *blotslag*<sup>12</sup>. Sidan miljøet er lite, er det krevjande å få tak i kvantitativt materiale, samstundes som det kanskje gjev meir overflatisk informasjon. Ein viktig del av problemstillinga for denne oppgåva handlar om måten ásatruarane ser på dei norrøne kjeldene, noko eit kvalitativt materiale vil kunna gje innblikk i.

Det vil også vera ein føremon å sjå på litteratur som ásatruarane produserer sjølve. Dei fleste organisasjonar av ei viss storleik har idag internett-sider, det gjeld også

---

8 Anne Marie Bolstad, 2006, *Ásatrú på Island i dag*, Bergen, Universitetet i Bergen 2006.

9 Sjå kapittel 4.

10 Det gjeld forskning på norrøn nyheidendom, som Schnurbein: 1992, Skott: 2000, Bolstad: 2006, Gregorius: 2008, forskning på nyreligiøsitet generelt som Frisk: 1998, eller nypaganisme generelt, som Harvey: 1997.

11 Bifrost vart registrert som trussamfunn i 1996, Sjå kapittel 4.2.

12 Dette er dei lokale trusfellesskapa der mesteparten av aktiviteten skjer. Sjå kapittel 4.3.1 om Bifrosts formelle struktur.

Bifrost. Informasjonen som er å finna der er ikkje særleg omfattande, men det som finst er til dømes lovane deira og litt om seremoniane dei held<sup>13</sup>. Medlemmene i Bifrost får også medlemsbladet Bifrost tidende, som inneheld litteratur som dei har produsert sjølv.

I tillegg til nettsider finst også facebook-grupper. Bifrost har ei open<sup>14</sup> og ei lukka gruppe. Den lukka er berre for medlemmer i Bifrost, og såleis ikkje tilgjengeleg som kjelde. Den opne gruppa er tilgjengeleg, men kan ikkje seiast å vera representativ for heile trusfellesskapet sidan mange av dei som skriv der ikkje er medlemmer, og mange av dei som er medlemmer i trusfellesskapet ikkje er aktive der. Likevel kan det vera interessant å sjå om det som kjem til uttrykk av medlemmer der stemmer med det eg får vita av informantane mine. Den gjev også eit inntrykk av korleis medlemmene i Bifrost møter folk som ikkje er medlemmer.

Foreningen Forn Sed (FFS) er også eit offentleg godkjend trusfellesskap, men har mykje færre medlemmer enn Bifrost, og har først og fremst medlemmer på austlandet og i Sør-Trøndelag. Dei har også gjeve ut ei medlemsblad, *Ni heimer*, men den siste utgåva som er tilgjengeleg på nettsida deira er frå 2013<sup>15</sup>. FFS sitt forhold til Bifrost vil samhandlast i kapittel 4.2.

Vigrid framstår ut i frå nettsida deira som ein høgreekstrem organisasjon<sup>16</sup>. Ut i frå det som vert skrive på nettsida og dei aktivitetar dei held, representerer dei også ein form for norrøn nyheidendom eller åsatru, men det er viktig å presisera at der finst ingen samband mellom dei to førre organisasjonane og Vigrid. Dei fleste medlemmene i Vigrid er anonyme, og utanom det som finst på nettsida og diverse nyhendeartiklar, så finst der lite materiale om dei. Vigrid oppdaterer jamleg nettsida, stort sett med politiske innspel og kommentarar, desse er som regel underteikna av leiaren Tore W. Tvedt. Denne litteraturen er omfattande og framstår som konspiratorisk<sup>17</sup>.

---

13 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> og <https://www.bifrost.no/seremonier/seremoniene> 04.05.2016.

14 <https://www.facebook.com/groups/249465598531939/?fref=ts> 07.05.2016

15 <http://www.forn-sed.no/ni-heimer/niheimer.html> 04.05.2016

16 Dei skildrar seg sjølv slik: "Vigrid er et etnisk/religiøst fellesskap som vil utvikle et Nordisk samfunn basert på Nordisk religion og Nordiske verdi- og kulturnormer." <http://vigrid.net/maalkontakt.htm> 04.05.2016

17 Sjå til dømes <http://vigrid.net/krigsforb160223.htm> 07.05.2016

Der finst også ein del litteratur utgjeve av Varg Vikernes, som representerer ein form for norrøn nyheidendom som han kallar *odalisme*<sup>18</sup>. Ei av dei viktigaste utgjevingane hans er boka *Germansk mytologi og verdensanskuelse*<sup>19</sup>.

I denne oppgåva vil det nyttast informasjon om både dei andre åsatrusamfunna som har vorte studert av til dømes Gregorius og Bolstad, andre norrøn nyheidne som Vigrid og Varg Vikernes, og til dels andre nyreligiøse rørsler som komparativt materiale i analysen av Åsatrufellesskapet Bifrost.

Det vil også nyttast noko norrøn kjeldelitteratur i oppgåva som treng ein kommentar. Edda-kvada vert sitert frå Íslenszk fornrit-utgåva frå 2014, saman med omsetjingar til norsk av anten Ivar Mortensen-Egnund eller Ludvig Holm-Olsen. Årsaka til å ha med omsetjingar til norsk er at det er desse dei fleste åsatruarar i Noreg lesar og kan forstå, samstundes som desse omsetjingane har vore i sirkulasjon i stort omfang så lenge at dei er nærst å rekna som standarverk i norsk litteratur i dag. Det er ikkje meininga å tilføra noko filologisk forståing til desse konkrete versa, difor er det valt normaliserte norrøne sitat.

## 2.2 Avgrensing

Sidan Åsatrufellesskapet Bifrost er det største åsatrufellesskapet, har det vore naturleg for meg å starta her. Det har også vore relativt lett for meg å få kontakt med Bifrost sidan eg på førehand kjende nokre få medlemmer her. I ei seinare studie kunne det vera interessant å jamføra dette arbeidet med eit arbeid om Foreningen Forn Sed. Eg vil i denne oppgåva berre gjera kort greie for kva Foreningen Forn Sed er jamført med Bifrost.

Sidan eg først var oppteken av å sjå på korleis ulike grupper av folk tolkar dei norrøne kjeldene ulikt og brukar dei til ulike føremål, ville det vore naturleg at eg også tok kontakt med representantar for høgreekstreame åsatruare. Det har imidlertid ikkje

---

18 Vikernes forklarar omgrepet slik på nettsida si: "This term replaces everything positive about all the other -isms I have ever used, and in it lies Paganism, traditional nationalism, racialism *and* environmentalism. It is not only a more accurate but also a more inclusive term that can be used by *all* Europeans (and others too for that sake). Finally, and perhaps most importantly, it is not a term tainted by history." Vikernes, Varg: [http://www.burzum.org/eng/library/a\\_burzum\\_story07.shtml](http://www.burzum.org/eng/library/a_burzum_story07.shtml) 07.05.2016

19 Varg Vikernes, *Germansk mytologi og verdensanskuelse*, Stockholm, Cymophane publishing 2000.

lukkast å få kontakt med dei. Ein kan dermed seia at det er mindre grunnlag for å vurdera denne typen åsatruarar si bruk av norrøne kjelder i Noreg. Det er mykje litteratur på nettsida til Vigrid, men det er vanskeleg å seia om andre enn Tore Tvedt – som forfattar mesteparten – står inne for det<sup>20</sup>. Litteraturen er ei blanding av konspirasjonsteoriar, pseudovitenskap, nasjonalisme, holocaustfornekting og anna<sup>21</sup>. Eg vil likevel freista å gjera kort greie for kva Vigrid er som jamføring med andre former.

Der finst også eit åsatrumiljø i Danmark. Nokre av informantane til denne oppgåva har nemnt at Åsatrufellesskapet Bifrost har eit godt forhold til ei av dei danske gruppene, Asatrofaellesskabet Yggdrasil. I 2004 var nokre representantar frå Bifrost på vitjing hjå denne danske gruppa i samband med innviinga av ein heiden offerstad<sup>22</sup>. Sjølv om det kunne vera interessant å sjå nærare på forholdet mellom grupper internasjonalt, vert ikkje det danske åsatrumiljøet sentralt i denne oppgåva, sidan mesteparten av litteraturen som har vorte nytta for denne oppgåva hovudsakleg samhandlar grupper i andre land.

---

20 Innlegga på nettsida er vanlegvis signert Tore W. Tvedt: <http://vigrid.net> 04.05.2016

21 Sjå til dømes <http://vigrid.net/hcbeggesider.htm> 07.05.2016; <http://vigrid.net/rasisme1.htm> 07.05.2016, <http://vigrid.net/natokrigruss.htm> 07.05.2016

22 [http://www.asatrofaellesskabet-yggdrasil.dk/bifrost\\_tidende\\_26.htm](http://www.asatrofaellesskabet-yggdrasil.dk/bifrost_tidende_26.htm) 13.05.2016

## 2.3. Metode

Metodane for innsamlinga av materialet har vore i hovudsak kvalitative intervju og deltakande observasjon. Her vil eg gå gjennom kva dette innebér og eventuelle problemer med dei. Det bør også nemnast at eg freister å halda meg til ei fenomenologisk framgangsmåte. Det er ikkje dermed sagt at materialet ikkje vert analysert kritisk, poenget med ei fenomenologisk studie er – som James R. Lewis<sup>23</sup> seier – at ein tek den religiøse opplevinga seriøst (Lewis 2003: 40). Å ta den religiøse opplevinga seriøst forutset heller ikkje eit personleg engasjement i religionen, men ei anerkjenning av den gjeldane religionens verdi for dens tilhengjarar (Rothstein 1991: 20).

### 2.3.1 Kvalitative intervju

Mesteparten av materialet for samhandlinga av Ásatrufellesskapet Bifrost vil koma frå kvalitative intervju. Sidan det ikkje let seg gjera å intervjuja alle medlemmene, er det mest tenleg å få ei god djupne i materialet. Kvalitative intervju og deltakande observasjon er også den metoden som har vorte nytta av andre forskarar på feltet, både Fredrik Skott og Fredrik Gregorius nytta kvalitative intervju i sine studier i Sverige, og Anne Marie Bolstad nytta kvalitative intervju i si studie av Ásatrúarfélagið på Island<sup>24</sup>. Også Stefanie von Schnurbein<sup>25</sup> har nytta kvalitative intervju i sitt arbeid med nyheidne grupper i Tyskland (von Schnurbein 1992: 11).

Såleis vil også kvalitative intervju vera konvensjonell og gje eit grunnlag for å jamføra dette arbeidet med tidlegare forskning. Liselotte Frisk nytta også ein kvalitativ metode i hennar studie av nye religiøse rørsler i Sverige<sup>26</sup>, som er litt breiare enn dette feltet. Ho skriv at metoden er "deskriptiv og hermeneutisk" og at hennar studieobjekt

---

23 James Lewis, *Legitimizing new religions*, New Brunswick, N.J., Rutgers University Press 2003.

24 Fredrik Skott nytta både kvalitative og kvantitative intervju (Skott 2000: 13). Fredrik Gregorius nytta kvalitative intervju og deltakande observasjon (Gregorius 2008: 14-15) (NB: det ser ut til å vera ein skrivefeil på s. 14, der Gregorius skriv "kvantitative intervjuer" men ser ut til å meina kvalitative intervju). Anne-Marie Bolstad nytta kvalitative intervju og deltakande observasjon (Bolstad 2006: 20)

25 Stefanie von Schnurbein, *Religion als Kulturkritik: Neugermanisches Heidentum im 20. Jahrhundert*, Heidelberg (Winter) 1992.

26 Liselotte Frisk, *Nya religiösa rörelser i Sverige*, Åbo, Åbo Akademis förlag 1993.



"betraktas snarast som *case studies*." (Frisk 1993: 6). Katrine Fangen omtalar casestudier i hennar introduksjonsbok til deltakande observasjon<sup>27</sup>, det ho meiner kjenneteikner ei casestudie er først og fremst at den samlar detaljert informasjon om ein eller nokre få einskaper (Fangen, 2010: 187). I følgje Fangen vert casestudier nytta mellom anna når ein skal studera komplekse fenomen som ein veit lite om frå før og når det er fokus på samhandling mellom mennesker (Fangen 2010: 187). Alle desse faktorane må takast omsyn til i denne oppgåva.

I følgje Russel H. Bernard i *Research Methods in Anthropology*<sup>28</sup>, kan ein ikkje læra seg å intervju ved å lesa om det (Bernard 2011: 156), men han legg fram nokre retningslinjer for den nye intervjuer. Bernard viser til eit spekter av intervjuformer som spenner frå heilt uformelle intervju utan nokon form for struktur, til fullstendig strukturerte intervju der informantar svarar på eit sett identiske spørsmål. Den første situasjonen er i følgje Bernard typisk for starten i eit feltarbeid (Bernard 2011: 156). Denne situasjonen var eg nærast då eg deltok på Bifrost sitt årlege *tingmøte*<sup>29</sup> våren 2015, men sjølv då var alle dei andre klar over min posisjon som forskar. Den andre enden av spekteret innvolverer spørjeskjema med spesifikke spørsmål som skal tas opp (Bernard 2011: 158). Sidan eg har vore ute etter kvalitativt materiale har eg valt den intervjumetoden som Russel kallar "semistrukturert intervjuing", der ein nyttar ein *intervju-guide*, som er ei liste med tema som ein har som mål å gå gjennom (Bernard 2011: 158). Dette er ein mellomting der informantane får høve til å snakka fritt og følga dei assosiasjonane som samtalen gjev dei. I følgje Katrine Fangen er ei gjengjeving av deltakarars eigne perspektiv avhengig av nedteikningar så nær deira eigne som mogleg (Fangen 2010: 209), difor vert intervju transkribert og gjengjeve så nært talemål som mogleg, men normalisert til bokmål eller nynorsk, avhengig av informantens dialekt.

---

27 Katrine Fangen, *Deltagende observasjon*, Bergen, Fagbokforlaget 2010.

28 Russel H Bernard, "Structured and Semistructured Interviewing", i: *Research Methods in Anthropology: Qualitative and Quantitative Approaches*, London, Sage Publications 1994, s. 156-186.

29 I prinsippet det same som eit årsmøte, sjå kap. 4.3.1. om Bifrosts formelle struktur.

### 2.3.2. Deltakande observasjon

For å få innblikk i religiøs praksis har eg nytta deltakande observasjon. Dette er nyttig for å kunna gjera eigne vurderingar av kva som skjer ved dei religiøse rituala, i staden for å vera avhengig av det informantane fortel meg om dei.

Når ein nyttar deltakande observasjon får ein også høve til å på eit vis kontrollera informantane sine utsagn opp i mot deira praksis. Då er det mogleg å sjå om informantane lever opp til sitt eige bilete av seg sjølve som enkeltindivider, og om deira skildring av den kollektive samhandlinga er presis.

I følgje Katrine Fangen er deltakande observasjon er ein metode som gjer det mogleg å studera menneskers samhandling og språkbruk utan at forskaren påverkar dette i ein så stor grad som i eit intervju (Fangen 2010: 9). Ho diskuterer også graden av deltaking, og korleis dette endrar deltakarrolla, ho meiner det er mogleg å til dømes byrja som tilskodar – ei rein observasjonsrolle – men å enda opp i full deltaking, og såleis missa evnen til å vera analyserande (Fangen 2010: 72-73). Det er altså ei utfordring å ha ei balanse som forskar der ein deltek nok til å kunna forstå som "innsider", og samstundes ha distanse nok til å skildra det ein observerer som ein "utsider"<sup>30</sup> (Fangen 2010: 73). Åsatrumiljøet slik eg har møtt det har framstått som eit svært inkluderande miljø som tok imot meg både som forskar og som individ utan problemer. Ein faktor som kan ha hjelpt til her er at eg kjende nokre få av medlemmene frå før, men det verka også som andre nye personar vart godt motteke og inkludert raskt. Dette kunne likevel potensielt ha vorte eit problem i målet om å halda seg til forskarrolla å vera analyserande samstundes som ein deltek. Difor har det vore viktig å sjølv vera klar over mi rolle som forskar, og samstundes gjera rolla mi klar for medlemmene. Den viktigaste informasjonen eg fekk i dette feltarbeidet var frå *blota*<sup>31</sup>, som ein forskar naturleg nok ikkje utan vidare er med på som "innsider". I deltakinga ved Bifrost sitt tingmøte<sup>32</sup>, var det utgangspunktet som ein delvis deltakande observatør, i følgje Katrine Fangen er dette ei rolle der forskaren deltek i den sosiale samhandlinga, men ikkje i dei

---

30 Katrine Fangen nyttar omgrepa "innsider" og "utsider" som ei skilnad i å erfare og forstå frå innsida som deltakar, og å observera frå utsida som forskar (Fangen: 2010, s. 73)

31 *Blota* er dei viktigaste religiøse seremoniane for åsatruarane, sjå kapittel 5.1.

32 *Tingmøtet* til Bifrost er i prinsippet det same som eit årsamøte.

miljøspesifikke aktivitetane (Fangen 2010: 74). Særskilt under tingforhandlingane og den generelle sosiale samhandlinga var denne rolla klar. Men under blota kan ein kanskje sei at det nærmar seg full deltaking, sidan det vert forventa at ein står saman med dei andre deltakarane og deltek i rituell drikking av mjød<sup>33</sup>. Det ville også vore uhøfleg i ein så fellesskapsbyggjande praksis å avstå frå noko så essensielt. Likevel vil eg som ikkje-truande aldri oppleva og føla heilt som ein deltakar, sidan seremonien har eit religiøst innhald og føremål i tillegg til det sosiale. Å delta som forskar hjå Åsatrufellesskapet Bifrost baud på svært lite av umiddelbare etiske problem, sidan dei ikkje har nokon problematiske haldningar eller praksisar, noko eg var klar over før eg deltok. Dei etiske problema er meir knytt til korleis ein som forskar samhandlar materialet og korleis eg framstiller miljøet, som er det neste eg vil ta opp.

Ei potensiell feilkjelde er at forskaren si deltaking kan påverka utføringa mer eller mindre. Her oppstår eit dilemma når det gjeld deltaking i ein kollektiv seremoni. På den eine sida vil ei delvis deltaking kunna endra den sosiale konteksten ved at seremonien medvite eller umedvite vert tilpassa forskarens nærverande. På den andre sida vil ei reint observerande rolle også endra den sosiale konteksten like mykje, eller kanskje meir, sidan forskaren då vert meir tydeleg eit framandelement (Fangen: 2010, s. 14).

Eit anna problem er at mange av dei religiøse praksisane er høgst private, og dermed ikkje noko ein forskar utan vidare kan få vera med på. Det er tilfelle med dei meir høgtidelege blota, som i utgangspunktet berre er tilgjengelege for medlemmene i blotslaga som held dei.

---

33 Blota innebér alltid ein form for rituell drikk, mjød er veldig populært, men det kan også vera vin eller øl, eller også alkoholfri drikk hvis det er naudsynt. Sjå § 3.12.1 i Bifrosts lovsett om reglar for kva eit blot skal innehalda. <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 13.05.2016

## 2.4. Etiske problem

Enkelte observasjonsstudier åpner for langt større etiske dilemmaer enn andre. Studier av seksualitet, religion, psykiske lidelser og kriminalitet er eksempler på forskingsfelt som kan åpne for større etiske dilemmaer enn andre (Fangen 2010: 189)

Dei etiske problema kan gjerne verta forsterka ved bruk av kvalitativ metode, sidan eg då snakkar med informantar i fortrulegheit. Dei fleste vil ikkje at meiningane deira om saker som religion, politikk og ideologi skal publiserast for kven som helst, difor vert alle informantane anonymisert. Det er i tråd med retningslinene frå Norsk Samfunnsvitskaplege Datatjeneste (NSD), der eg har søkt om tillatelse til å gjennomføra intervju mine. NSD har også godkjend eit samtykkjeskjema<sup>34</sup>.

Dei etiske spørsmåla ved kvalitative intervju og deltakanede observasjon dreier seg mykje om omsyn til dei ulike partane som vert direkte eller indirekte involvert av forskingsprosjektet. Noko som det er fare for at kan farga arbeidet til ein observatør, er i kva grad ein som forskar greier å halda seg objektiv. Når ein er i kontakt med andre menneske over tid kan ein få ein grad av venskapsforhold til dei, og då kan ein risikera at dokumentasjonen vert farga av dette. På den eine sida kan ein ønskja å framstilla forskingsobjektet i eit positivt lys for å ikkje vera støtande, og såleis leggja mindre vekt på dei negative sidene (særskilt når det er tale om religion og ideologi), på den andre sida kan ein overkontrollera den andre vegen for at det ikkje skal sjå ut som ein ville gjera det første. Begge desse tilfella er ofte umedvite for forskaren, så ein må stadig vera kritisk til seg sjølv om dette<sup>35</sup>.

Informantane kan også potensielt verta misnøgde med måten ein fremstiller temaet på, og såleis kan ein risikera at dei ser det som eit lojalitetsbrot. Vidare kan det henda at medlemmer i trussfellesskapet som ikkje vart mine informantar meiner at eg har missa store eller viktige delar ved trussfellesskapet som gjer at dokumentasjonen ikkje er representativ. Det viktigaste grepet for å forebyggja dette er å vera open om prosjektet når ein tek kontakt med informantar, og gjera det klart kva ein vil nytta intervjumaterialet til (Fangen 2010: 189).

34 Sjå vedlegg 5: Meldeskjema, vedlegg 6: Kvittering og vedlegg 7: Samtykkjeskjema

35 Katrine Fangen viser ein del av problema med venskapsforhold i feltarbeid (Fangen 2010: 68-69), og korleis nokre miljø kan vera meir problematiske enn andre i så måte.

### 3. Teori og forskingshistorie

I dette kapitlet skal nokre teoretiske perspektiv og forskingshistorie om nyreligiøsitet, nyheidendom og moderne åsatru presenterast. Til å byrja med vert det sett breidt på religion og dei verktøya som kan nyttast i forskinga på religion og religiøsitet, med eit fokus som gradvis vert snevra inn til perspektiver på nyreligiøsitet, nye religionar og mest spesifikt på nyheidendom og moderne åsatru. Til slutt vert også den religiøse konteksten introdusert og samhandla.

#### 3.1. Religionsteoretiske perspektiver

##### 3.1.1. Religionsomgrepet

Spørsmålet om kva som er religion vert ofte knytt til den sosiale samanhengen, slik som definisjonen Gilhus og Mikaelsson nytta i *Kulturens refortrylling*<sup>36</sup>. Mellom dei mange forslaga til definisjonar på religion verker det å vera brei semje om at det er vanskeleg, kanskje umogleg, å finna ein presis og dekkjande definisjon<sup>37</sup>. Rothstein nevner nokre definisjonar som alle har det til felles at dei fokuserer på innhald, uttrykk og handlinger, men unngår å forhalda seg til spesifikke religiøse fenomen, han legg også vekt på definisjonar som inkluderer det sosiale aspektet ved religion (Rothstein 1991: 22).

Det er ikkje overraskande at definisjonar på religion, særskilt i ein nyreligiøs kontekst, ofte går i retning av funksjonalisme, sidan ei vidare spesifisering lett vil ekskludera nokre fenomen som ein ville kalla religion. Som Rothstein seier: "I den videnskabelige litteratur, hvor religionssociologer kæmper en indædt kamp for at få styr på sagerne, er det nødvendigt at inddrage så mange religiøse grupper som muligt." (Rothstein 1991: 19) Likevel har det vorte retta kritikk mot uvilja til å definera religion, Jonathan Z. Smith argumenterer i "Religion and Religious Studies: No difference at All"<sup>38</sup> for at *religion* og *religiøs* ikkje er empiriske kategoriar, men kategoriar som vert

36 Sjå kapittel 1.1.

37 Sjå til dømes Gilhus og Mikaelsson 2005: 18 eller Rothstein 1991: 20.

38 Jonathan Z. Smith, "Religion and Religious Studies: No difference at All", i: *Theory and Method in the Study of Religion: A Selection of Critical Readings*, Carl Olson (red.), Belmont, Calif, Thomson/Wadsworth 2003, s. 25-29.

gjeve innhald eller meining i akademia (Smith 2003: 27). Såleis er det også akademikarane si oppgåve å koma med definisjonar som er relevante for konteksten, som svar på den vanlege oppfatninga at religion er udefinerbart seier han: "Nonsense! We created it, and following the Frankenstein-ethos, we must take responsibility for it." (Smith 1998: 28). Definisjonen som Gilhus og Mikaelsson refererer til (Gilhus 2005: 18), kan sjå ut til å vera dekkjande for mange former for religiøsitet, men Niels Reeh har i artikkelen *A Relational Approach to the Study of Religious Survival Units*<sup>39</sup> kome med eit forslag som kanskje er endå betre, sidan det ikkje forutset eit særskilt innhald for at noko skal kallast ein religion. Niels Reeh byggjer på Norbert Elias' omgrep *sovereign survival units*<sup>40</sup> som bakgrunn for ei formulering av religion som *religious survival units*:

A religion and a counter religion should be analysed as a religious survival unit that is centred around discourses and practices dealing with truth, and in particular truth regarding origin, present and future, while at the same time relating to and most often denying competing discourses and practices. (Reeh 2013: 275)

Denne definisjonen er ikkje sentrert om vestlege kulturelle konstruksjonar som Gud, det transendente, det heilage, det forbode og så bortetter (Reeh 2013: 275). Det tek også omsyn til at såkalla *counter religions*, det vil seia til dømes ateisme eller humanisme, og jamvel nokre former for kommunisme og nazisme kan inkluderast i religionsomgrepet (Reeh 2013: 275). Reeh sin definisjon tillét ei fenomenologisk studie som ikkje på førehand tillegg religionen nokon særskilt kvalitet, men anerkjenner han som ein religion i dét han er i konkurranse med andre religionar.

---

39 Niels Reeh, "A Relational Approach to the Study of Religious Survival Units", i: *Method & Theory in the Study of Religion*, 2013, Vol.25(3), s. 264-282.

40 *Sovereign survival units* er i følgje Elias den primære og mest fundamentale sosiale einskaper, som han nyttar som ein reformulering av statskonseptet som eit relasjonskonsept. Det vil seia at stater er sosiale einskaper som vert til og oppretthaldt i konkurranse med andre sosiale einskaper. For ein meir detaljert gjennomgang av dette, sjå Reeh 2013: 266.

Ei fenomenologisk studie er avhengig av at den religiøse opplevinga vert teke seriøst, utan å døma om den ontologiske statusen til det som finst i denne opplevinga (Lewis 2003: 40). Det er med andre ord ikkje interessant for meg om guden Þórr eksisterer objektivt, men i staden interessant korleis dei som måtte tru på han opplever han. Noko liknande skriver Berger og Luckmann<sup>41</sup> om fenomenologisk analyse av dagliglivet:

Den fænomenologiske analyse af dagliglivet, eller rettere, af den subjektive oplevelse af dagliglivet, afstår fra alle kausale eller genetiske hypoteser, såvel som antagelser om de analyserede fænomeners ontologiske status. (Berger og Luckmann 2003: 34)

Målet er altså å leita etter åsatruarane si subjektive opplevinga av si tru.

I følgje Berger og Luckmann er samfunnet på same tid eit menneskeleg produkt og ein objektiv røyndom – det vil seia at det eksisterer uavhengig av enkeltindivid – i tillegg er mennesket eit sosialt produkt (Berger og Luckmann 2003: 79). Slik at på same tid som samfunnet er skapt av mennesker, former det også menneska som skapar det. Slik vert også eit trusfellesskap skapt av mennesker på same tid som det former desse menneska. I den samanhengen vert det interessant fremover korleis nye religionar eller trusfellesskap vil forhalda seg til neste generasjons medlemmer, eller dei som ein gjerne seier vert fødd inn i religionen. Foreløpig er åsatru eit såpass nytt fenomen at dette er eit lite aktuelt tema, langt dei fleste medlemmene idag har valt å gå inn i åsatrufellesskap i vaksen alder. Likevel er det interessant korleis åsatruarar forhold seg til dette sidan dei uungåeleg er medvitne om at religionen deira ikkje berre *er* skapt, men også *vert* skapt av dei sjølve. Niels Reeh legg vekt på den dialektiske prosessen i religionshistoria, han viser til korleis religiøse entitetar alltid har relatert seg til og skilt seg frå andre religiøse entitetar (Reeh 2013: 270). Religiøse og andre sosiale entitetar vert skapt som sosiale "vi" gjennom talehandlingar og andre praksisar, som er med på å definera dei ulike "vi" i forhold til andre "vi" (Reeh 2013: 270). Slik kan vi også sjå åsatrua som ein religiøs entitet som vert skapt av medlemmene gjennom ulike praksisar, og at ho vert verkeleg når ho vert kosntruert som eit "vi" i opposisjon til andre "vi".

---

41 Peter L. Berger og Thomas Luckmann, *Den samfundsskabte virkelighed: En videnssociologisk afhandling*, København, Lindhardt og Ringhof 2003 [1966].

Når ein person vel å gå inn i ein religion eller eit trusfellesskap, kallar ein det gjerne konvertering, men kan ein kalla det konvertering når ein ikkje kjem frå ein religiøs bakgrunn? Til dømes har nokre av dei eg snakka med tidlegare vore ateistar. Berger og Luckmann legg fram to grunnleggjande sosialiseringssprossar: Primærsosialisering og sekundærsosialisering. Primærsosialiseringa er den prosessen som eit menneske gjennomgår i barndomen, når det vert ein del av samfunnet, medan sekundærsosialiseringa er prosessen der eit allerede sosialisert individ vert styrt inn i nye sektorer av samfunnets objektive verd (Berger og Luckmann 2003: 154). På den måten kan ein sjå åsatru som ein del av sekundærsosialiseringa for alle dei noverande medlemmer i åsatrufellesskapa. I denne prosessen vert eit allerede sosialisert individ styrt inn i nye sektorar av samfunnets objektive verd (Berger og Luckmann 2003: 154), og dette er naudsynleg tilfelle både for dei som alt hadde eit religiøst verdsbilete frå før og dei som ikkje hadde det. Grensene mellom sosialiseringssprossane er ikkje alltid klare, til dømes finst der nokre åsatruarar som hevdar at dei alltid har vore åsatruarar sjølv om dei ikkje var medlemmer i eit fellesskap, eller dei meiner trua deira er noko som har kome gradvis frå tidleg barndom. Det kan innebera at eit norrøn-mytologisk verdsbilete alt har vorte internalisert i barndomen hjå ein person som seinare i livet vert åsatruar. Kanskje noko av det vanskelegaste å svara på er kvifor dette seinare vert ein religion, eller kvifor nye religionar oppstår i det heile, dette kan hengja saman med nokre sosiale faktorar.



### 3.1.2. Den siste tidas oppkome av nye religionar

Ein faktor som fleire meiner har eit nært samband med den siste tidas oppkome av nye religionar, er dei store endringane i samfunnet dei siste par hundreåra. Mekanisering, materialisme og konsumisme er ting som har drege merksemd vekk frå det andelega. Samtundes har sekulariseringa ført til at dei tradisjonelle religionane har fått mindre oppslutning. Dei tradisjonelle religionane har også det problemet at dei ikkje lett kjem over eins med vitenskapleg tenking, medan nye religionar som regel freistar å inkorporera eit vitenskapleg verdsbilete i det religiøse (Frisk 1998: 17). Bifrost seier at dei ikkje vil motarbeida ny viten, men at dei vil nytta den gamle "idéverda" til å forstå ny viten<sup>42</sup>, på den måten kjem dei over eins med det vitenskaplege verdsbiletet.

Stefanie von Schnurbein identifiserer ei søking etter ein utveg frå ein "Krise der Moderne", som gjev utslag i at mennesker i særleg vest-Europa og nord-Amerika ser til esoterisk eller okkult lærdom for å finna svar på spørsmål som verken dei tradisjonelle religionane eller det sekulære systemet kan gje dei (Schnurbein 1992: 2). Liknande meiner Mikael Rothstein at okkultisme saman med "den ikke-religiøse humanismens fallit", og "erfaringerne fra ungdomsoprøret" har vore med på å inspirera "New Age"-rørsla av i dag (Rothstein 1991: 15). I følgje Liselotte Frisk er ikkje New Age ei ny religiøs rørsla, men kan innordnast under omgrepet nyreligiøsitet (Frisk 1998: 11).

Rothstein meiner det er hovudsakleg to vanlege syn på årsaken til oppblomstring av nye religionar: Det eine synet er at dei nye religionane er ein motreaksjon på sekulariseringa, og det andre er at dei er ein slags siste krampetrekning, eit uttrykk for religionens endelege fallitt (Rothstein 1991: 23). Rothstein hevdar at det er "den første antagelse, der er mest kød på.", det er "ikke mindst fordi den svarer til, hvad de nye religioners medlemmer selv siger." (Rothstein 1991: 23). På den andre sida meiner Liselotte Frisk at det har vore hevda at samfunnet i røynda ikkje har vorte meir sekularisert, men at religiøsiteten har endra seg, til dømes slik at folk har ei tru på noko som dei av ulike grunner ikkje vil kalla Gud (Frisk 1998: 206). I følgje Frisk har det også vorte påpeika at fråfallet frå dei tradisjonelle religionane ikkje har eit like stort motsvar i tilslutning til dei nye religionane (Frisk 1993: 11-12). Som vi ser, bør vi ikkje

---

42 Sjå <https://www.bifrost.no/om-asatru> 09.05.2016

leggja alt for mykje i ein enkelt faktor, men heller sjå det slik at dei enkelte faktorane er ei delvis forklaring, slik at der også kan vera årsakar som vi ikkje har tenkt på. Difor er det også viktig å spørja medlemmene av dei nye religionane om deira motivasjonar.

Samstundes som nyreligiøsitet kan sjåast som eit motsvar på eit slags vonbrot over moderniteten med sine verdier som konsum, materialisme, byråkrati og kapitalisme, er nyreligiøsiteten også kanskje ein del av moderniteten. I følgje René Gründer<sup>43</sup> er dei neopaganistiske rørsleane produkt av "religiøs modernisering" i vestlege samfunn (Gründer 2012: 1). Liselotte Frisk peiker også på at ting som individualisme og fridom frå autoritet, ting som nyreligiøse gjerne vektlegg, også er ein del av moderniteten (Frisk 1998: 210). Niels Reeh peiker også på eit interessant samanfall, han meiner at endringa i formasjonen av *sovereign survival units* på slutten av 1700-talet og byrjinga av 1800-talet, tillot eller kunne ikkje hindra ei opning av plass for religiøse grupper (Reeh 2013: 269).

Fredrik Gregorius har ein litt annan innfallsvinkel enn det som har vorte nemnt til no, han er i hovudsak oppteken av identitetskonstruksjon, og han meiner at moderne åsatru primært handlar om individens behov for ein identitet (Gregorius 2007: 35). Han meiner også at ein identitetskonstruksjon må eksistera i ein sosial samanheng for å vera meningsfull (Gregorius 2007: 37), men han legg vekt på kvar enkelt individ sin eigen oppfatning av dei manglar eller fordelar ved samfunnet som har ført personen inn ein ny religion. Gregorius skriv likevel også om det postmoderne og korleis det har mislukkast i å skapa meningsfulle strukturar for mennesket, også han ser dette som ein del av bakgrunnen for tradisjonens nye popularitet (Gregorius 2008: 289).

---

43 René Gründer, *Neopagan traditions in the 21st century: re-inventing polytheism in a polyvalent world-culture*, konferansepresentasjon, Universität Freiburg 2012.

### 3.1.3. Nye religionar og legitimering

Eit anna viktig tema som Gregorius tek opp er korleis nye religionar legitimerer seg, og nettopp dette temaet er nært knytt til problemstillinga i denne oppgåva som spør korleis ulike former for åsatru kan legitimera seg med dei same kjeldene. Gregorius meiner spørsmålet om legitimitet ikkje berre er interessant fordi det viser dei strategiane moderne religiøse rørsler nyttar, men også fordi det viser *kvifor* visse legitimeringsstrategiar vert nytta, noko som er signifikant for korleis den vidare utviklinga deira (Gregorius 2008: 41). I følgje James R. Lewis i *Legitimizing New Religions* er legitimeringsstrategiar eit kjernetema for nye religiøse rørsler. Han rekner opp tre strategiar for å legitimera nye religionar, basert på Max Webers trefaldige skjema for legitimering av autoritet: "Charismatic Appeals", "Rational Appeals" og "Traditional Appeals" (Lewis 2003: 13-14). Den første omfattar til dømes religiøse openbaringar og profesiar, dei er avhengige av ein (i alle fall tilsynelatande) karismatisk leiar som sit med særskilt religiøs innsikt eller særskilt kontakt med det guddomelege (Lewis 2003: 13-14). Den andre appellerar til vitskapens autoritet, ved til dømes å argumentera for at ein undersøker den andelege vitskapen empirisk på same måte som annan vitskap (Lewis 2003: 95). Den tredje legitimeringsstrategien er kanskje den viktigaste for nyheidendom: Den appellerar særskilt til gamal kunnskap eller gamle tradisjonar, det kan vera til dømes slik som Martin Luther argumenterte for å gå attende til Bibelen for kristen lære (Lewis 2003: 14). Desse tre kategoriane utelukkar ikkje kvarandre, og grensene mellom dei er overlappande og tåkete (Lewis 2003: 14), men dei er reiskap ein kan nytta for å forstå korleis nye religionar legitimerer seg sjølve.

Åsatrua ser ut til å stø seg mest til den tredje typen legitimeringsstrategi, i det at ho hentar sin lærdom frå gamle kjelder, men ein kan også finna elementer frå dei andre kategoriane. Vi kan spørja om autoritet også vert lånt frå kristendomen ved at åsatrua sin tradisjon skal vera førkristen, slik at tradisjonen vert ikkje berre gamal, men også opprinneleg. Dette representerer eit avvik frå modernitetens sterke interesse for alt som er nytt (Rothstein 1991: 12), og samstundes kanskje ein indre motsetnad i det at åsatrua er ein ny religion, med tilsynelatande moderne verdiar, men som hentar legitimitet frå noko gammalt.

### 3.2. Åsatru og høgreekstremisme

Stefanie von Schnurbein skriv om nyheidendom hovudsakleg i Tyskland, boka hennar *Religion als Kulturkritik: Neugermanisches Heidentum im 20. Jahrhundert* dreier seg for det meste om hennar arbeid med den tyske gruppa "Armanen-Orden". Schnurbein har også publisert artiklar og bidrege i andre publikasjonar om nyheidendom<sup>44</sup>.

Von Schnurbein meiner høgreekstrem åsatru sjåast som eit svar på ei blindsoner i moderniteten: "It offers a sense of totality, unity, and meaning; the yearning for which modernity excludes and illegitimizes." (Schnurbein 2014: 256)<sup>45</sup>. Ho skriv at dette er farleg, fordi det gjer mogleg ei tilpassing til moderniteten på det estetiske nivået, medan det ekskluderer sosial modernisering og kan rettferdiggjera sosial og økonomisk ulikskap som evige lovar (Schnurbein 2014: 256).

Mattias Gardells *Gods of the Blood*<sup>46</sup> handlar om ulike former for åsatru knytt til rasisme og høgreekstremisme i USA. Gardell går gjennom historia til kvit-seperatisme i USA, inkludert grupper som Ku Klux Klan og Christian Identity. Han freistar å gjera eit svært uoversikteleg felt oversikteleg: Det rasistiske miljøet i USA omfattar alt frå afro-amerikanske "black pride"-rasistar, til idear om den kvite kristne rasen som Israels folk frå verdsrommet, og meir "tradisjonelle" raseteoriar med völkisch-inspirerte idear om ein germansk religion som høyrer til blodet til den germanske rasen – alt ein del av "the smorgasbord" for rasistiske motkulturar i USA (Gardell 2003: 78-79).

I følge Gardell er noko av forklaringa på kvit-seperatismen at mennesker har behov for å definera seg i opposisjon til andre, og at vi som ein datamaskin kommuniserer meining gjennom binære opposisjonar, som natt og dag eller oss og dei (Gardell 2003: 14). Gardell meiner at folk som identifiserer seg som heidne ofte ser seg sjølve i motsetnad til Kristendom:

---

44 Stefanie von Schnurbein, 2013, *The Use of Theories of Religion in Contemporary Asatru*, i: Horst Junginger, Andreas Åkerlund (Hg), *Nordic Ideology between Religion and Scholarship*, Frankfurt a.M. 2013, s. 225-244; 2015: *Tales of reconstruction. Intertwining Germanic neo-Paganism and Old Norse scholarship*, Sage, Critical Research on Religion 2015, s. 148-167.

45 Stefanie von Schnurbein, "Germanic Neo-Paganism – A Nordic Art-Religion", i: Judith Schlehe, Eva Maria Sandkühler (Hg), *Religion, Tradition and the Popular. Transcultural Views from Asia and Europe*. Bielefeld 2014, s. 243-259.

46 Mattias Gardell, *Gods of the Blood: The Pagan Revival and White Separatism*, Durham N.C., Duke University Press 2003.

Pagans in general are dissatisfied with mainstream Christianity's transcendent conception of the divine as being of a nature fundamentally Other than man, believing instead that the divine is immanent in man and living nature (Gardell, s. 137).

Korleis åsatruarane ser på Kristendom og andre tradisjonelle religionar er eit interessant tema som vil drøftast meir i dei neste kapitla, det er også interessant å sjå det saman med korleis dei ser på det sekulariserte samfunnet, som også er ein av tinga dei identifiserer seg i motsetnad til.

### 3.3. Åsatru i Norden

Fredrik Skott vart i 1997 gjeve oppgåva med å undersøkje åsatro i dåtidas Sverige (Skott, 2000: 5). Resultatet var ei innleiande studie av Sveriges Asatrosamfund. Skott si forskning er i all hovudsak deskriptiv, han gjer lite ut av å sjå på dei sosiale forutsetjingane for nyreligiøsitet og nyheidendom, men det var heller ikkje meininga med arbeidet hans.

Den største og nyaste studia som er gjort i Sverige er Fredrik Gregorius si doktoravhandling *Modern Asatro: Att konstruera etnisk och kulturell identitet*, utgjeve i 2008. Gregorius går grundig til verks i samhandlinga av nyheidendomen si historie både i Norden og elles i verda, men fortel veldig lite om fenomenet i Noreg. I Sverige finst der idag fleire organisasjonar for åsatru, ein av dei viktigaste var Sveriges Asatrosamfund, som vart studert av Fredrik Skott, men denne organisasjonen har sidan Skott si avhandling vore gjennom mykje turbulens. Gregorius fokuserer ikkje på ein einskild organisasjon, han er oppteken av korleis åsatruarar som individer får førestillingar om norrøn religion til å verta meningsfulle i dag, korleis deira førestillingar viser seg i praksis, deira konstruksjon av fortida og deira oppfatning av norrøn kultur sin relasjon til dagens samfunn (Gregorius 2008: 13).

Anne Marie-Bolstad si hovedoppgåve i religionsvitskap frå 2006 handla om Ásatrúarfélagið<sup>47</sup> på Island. På same måten som dei fleste andre som har forska på åsatru dreiv ho eit slags nybrottsarbeid, heller ikkje på Island har der vore gjort mykje forskning på fenomenet før hennar arbeid. Det ser etter kvart ut til å vera nærast

---

47 Anne-Marie Bolstad, *Ásatrú på Island i dag*. Bergen, Universitetet i Bergen 2006.

universelt å nytta kvalitativ metode i denne forskinga der ein vert stilt overfor problemet med manglane litteratur om emnet. Bolstad er på same måten som Gregorius oppteken av identitetskonstruksjon mellom åsatruarar (Bolstad 2006: 18). Ho føyer seg då også inn i rekkja av forskarar som har sett på nyreligiøsitet og åsatru i eit sosialvitskapleg perspektiv. I spørsmålet om identitet refererer ho til David Thurfjell som meiner at det er betre å snakka om identitetskonstruksjon, sidan identitet ikkje er noko statisk (Bolstad 2006: 33). Bolstad peiker også på at der finst mange måtar å sjå identitet på, til dømes anten som *sameness* eller *distinctiveness*, som ein skilnad mellom å identifisera seg *med* noko eller nokon, og *mot* noko eller nokon (Bolstad 2006: 32). Særskilt viktig for Bolstad si framstilling av dei islandske åsatruarane er Berger og Luckmann sitt verk *Den samfundsskapte virkelighed*, ho legg særleg vekt på deira teori om primær- og sekundærsosialisering i samband med prosessen i å verta åsatruar (Bolstad 2006: 44-45).

### 3.4. Religiøs kontekst

Eit fenomen eksisterer ikkje i eit vakuum. Det religiøse landskapet som vi kan sjå åsatrua i forhold til er stort og uoversikteleg, difor er det nyttig å freista å laga nokre avgrensingar i den religiøse konteksten. Det er ikkje meininga å plassera åsatrua i ein spesiell kategori, men snarare å setja opp nokre orienteringspunkter for å få fram ein overordna struktur. Det er ei viss fare for at terminologien vert gjenteke litt her, men målet er hovudsakleg å skildra og plassera fenomenet i verda.

*Norrøn religion og kultur:* Det første og kanskje viktigaste punktet er den førkristne religionen i nord. Det er denne religionen åsatrua i hovudsak legitimerer seg på bakgrunn av, og denne tradisjonen som åsatrua ønsker å vidareføra, gjennompliva eller skapa noko nytt på bakgrunn av.

Det er ikkje meininga å tilføre noko særleg til forståinga av den norrøne religionen og kulturen i denne oppgåva, men noko av det kjem likevel til å samhandlast for å sjå den esoteriske resepsjonen i forhold til dette feltet.

Der finst fleire ulike kjelder til den norrøne religionen: Av heimlege kjelder kan nemnast norrøn litteratur: Til dømes har vi *Snorra Edda* og Edda-kvada frå den såkalla

*Poetiske Edda*<sup>48</sup>, som innheld poesi om dei norrøne gudane. Der finst også kongesoger, islendingesoger og lovtækstar. Litterære kjelder som er samtidige med heidendomen er til dømes runeinnskrifter og stadnamn. I tillegg har vi latinske kjelder, som til dømes Saxo Grammaticus sitt verk *Gesta Danorum*<sup>49</sup> eller Adam av Bremens *Gesta Hammaburgensis Ecclesia Pontificum*, som vart skriva på siste halvdel av det 11te århundre<sup>50</sup>, og er såleis ei nesten samtidig kjelde.

Arkeologiske funn kan også gje oss informasjon om den norrøne kulturen, og ulikt dei skriftlege kjeldane, kan dei også gje oss noko innblikk i dei lågare sosiale laga.

Alle desse kjeldene har naturlegvis sine respektive kjeldekritiske utfordringar. Det lét seg ikkje gjera i denne oppgåva å gå grundig gjennom alle desse utfordringane, men eit viktig poeng bør trekkjast fram. Sidan Edda-kvada og Snorri Sturluson sine gjenforteljingar av mytene har vore sentrale i rekonstruksjon eller gjenoppliving av norrøn religion dei siste par hundre åra, er det viktig å påpeika at Snorri, som dei andre mellomalderlege historieskrivarane nytta kjeldene sine frå eit ideologisk standpunkt<sup>51</sup> (Clunies Ross 1992: 654). Til dømes knyter Snorri dei norrøne gudane til Troja i Prologen til Edda og forklarar på ein korleis dei norrøne folka missa kontakten med den rette Gud<sup>52</sup>, på den måten vert hårfagre-ætta si makt i Noreg legitimert.

Samstundes hadde Snorri sjølv personlege politiske interesser på Island, han vart gjort til *lendr maðr* under den norske krona<sup>53</sup>.

Dette er ikkje berre eit kjeldekritisk problem som vi må ta omsyn til i ein freistnad på å sjå korleis den norrøne religionen og kulturen var, det minner oss også om at

- 
- 48 Den Poetiske Edda er namnet som vart gjeve ei diktsamling som hovudsakleg er overlevert i handskriftet *Codex Regius* (GKS 2365 4to). Diktsamlinga vert ofte også kalla *Den Eldre Edda*, på bakgrunn av ei (sannsynlegvis feilaktig) antaking om at dette var ei eldre diktsamling som var førelegg for *Snorra Edda*, eit didaktisk verk av Snorri Sturluson. Sjå Rudolf Simek, *Dictionary of Northern Mythology*, Cambridge, D.S. Brewer 1993, s. 52 og s. 295.
- 49 *Gesta Danorum* fortel om den danske historia fram til byrjinga av 1200-talet, sjå Simek: 1993, s. 275.
- 50 Dette verket er ei historie om dei hamburgske erkebiskopar, men omtalar også dei nordiske landa, og inneheld mellom anna ei skildring av den heidne heilagdomen i Uppsala. Sjå Finn Stefánsson, *Gyldendals leksikon om nordisk mytologi*, København, Gyldendal Fagbogsredaktionen 2009, s. 9
- 51 Clunies Ross, Margaret. "Snorri's Edda as Medieval Religionsgeschichte." *Germanische Religionsgeschichte: Quellen und Quellenprobleme*. Berlin og New York, De Gruyter 1992, s. 633-655
- 52 Sjå Ursula og Peter Dronke, "The Prologue of the Prose Edda: Explorations of a Latin Background." Reykjavík, Stofnun Árna Magnússonar, 1977, s. 156, og Thomas Krömmelbein, "Creative Compilers. Observations on the Manuscript Tradition of *Snorra Edda*." Reykjavík, Stofnun Sigurðar Nordals 1992, s. 113
- 53 Sjå Kevin J. Wanner, "*Snorra saga Sturlusonar: A Short Biography of Snorri Sturluson*". Toronto, University of Toronto Press 2008, s. 21

resepsjonen, så vel som produksjonen og transmisjonen av den norrøne litteraturen alltid har vore ideologisk motivert.

*Nyreligiøsitet og nye religionar*: Det har vore vanleg at forskarar ser nyheidendom og åsatru som ein del av den siste tidas nyreligiøsitet, i så fall bør ein freista å identifisera kva nyreligiøsitet er. Til dømes er det eit spørsmål om vi skal sjå sekter eller utbrytargrupper frå dei tradisjonelle religionane som uttrykk for nyreligiøsitet eller tilfeller av nye religionar, eller om dei berre er vaianter av dei tradisjonelle religionane dei spring ut ifrå. Liselotte Frisk skriv at der finst nokre trekk som karakteriserer dei fleste uttrykk for nyreligiøsitet, dette er tre trekk som også er sentrale i vår kultur for øvrig (Frisk 1998: 17). Dei tre trekka er for det første eit forsøk på å knyta seg opp mot det vitskaplege verdsbiletet, for det andre ei vektlegging av individualisme og den private opplevinga av religion, og for det tredje ei positiv innstilling til denne verda og det materielle (Frisk 1998: 17-20). Det er ikkje dermed sagt at alt dette vert vektlagt like mykje eller på same måten av alle nyreligiøse.

Ei anna utfordring med å avgjera kva som skal falla inn under nyreligiøsitet er kvar ein skal trekkja grensene bakover i tid, som eg alt nevnde i diskusjonen om terminologi vil eg trekkja grensa om lag 200 år att ende i tid, slik som har vore vanleg av andre forskarar. Likevel er det viktig å få med seg at denne grensa er kunstig og først og fremst eit praktisk verkemiddel, Fredrik Gregorius viser til dømes at interessen for heidne myter og filosofier går heilt attende til Renessansen, då esoteriske tankar byrja å spreia seg i Eurpoa (Gregorius 2008: 47). Nye religionar fell i alle fall delvis inn under nyreligiøsiteten, men må spesifiserast vidare ved at dei er organiserte trusfellesskap som ein kan verta medlem av. I tillegg har nye religionar brote med eksisterande religionar og skapt noko som ikkje eksisterte tidlegare (Gilhus og Mikaelsson 2005: 11-12).

Åsatru vert også av nokre sett som eit uttrykk for *nypaganisme* (Gilhus og Mikaelsson 2005: 99). Inn under dette fell også til dømes *Wicca*, som gjev nemninga *heks* ein positiv verdi, dette er ein okkultistisk religion med røter i 1800-talets ritualmagi (Gilhus 2005: 102). Fredrik Gregorius skil på andre sida mellom "*nypaganism*" og "*neopaganism*", der han ser neopaganisme som ein term som skildrar nye paganistiske religionar som ikkje er inspirert av norrøn religion, han plasserer



mellom anna Wicca under neopaganisme. I tillegg er det mange av dei neopaganistiske religionane som hevdar å vera vidareberarar av tradisjonar som har vore levande, om enn skjult, og det hevdar ikkje åsatruarane (Gregorius 2008: 41). Såleis kan ein også skilja åsatrua frå ein del andre paganistar ved å sjå på legitimeringsstrategiar.

*Nasjonalromantikk og völkisch-rørsla.* Alt i romantikken byrja tanken om ei såkalla folkesjel, idéen om "Volkgeist" vart lansert av den Tyske filosofen Johann Gottfried Herder, som mellom anna meinte at ein kunne finna eit ekko av den innerste folkesjela i til dømes sanger som vart sunge ute på landsbygda<sup>54</sup>. Tanken om folkesjela var ein viktig del i den følgjande nasjonalromantikken. I Sverige gav det seg utslag i til dømes Götiska Förbundet, som vart stifta i 1811, og som i følgje Gro Steinsland<sup>55</sup> var opptekne av götismens idé om at goterane stamma i frå Sverige (Steinsland 2005: 69). Også i Noreg var der stor interesse for fortida og særskilt vikingtid, med utgjevingar av til dømes verk om norrøn mytologi og vitskaplege tekstutgåver av norrøne manuskripter (Steinsland 2005: 71). Med unionen mellom Sverige og Noreg i 1814 vart det også særskilt interesse for idéen om ein felles nordisk kultur som sameinte dei nordiske landa, forutan Finland (Gregorius 2008: 53).

Tanken om folkesjel og særeigne kulturar vart bygd vidare på i den tyske völkisch-rørsla, som i følgje Uwe Puschner<sup>56</sup> hadde sitt utspring i Det tyske keiserrike i tida under keiser Wilhelm II (Puschner 2001: 12). I denne tida kom der fram tyske språkrørsler samstundes med at nasjonalismen byrja å leggja vekt på ein samanheng mellom rase, språk, og nasjon, noko som kom til uttrykk mellom anna i tanken om at språket fastset nasjonen (Puschner 2001: 30). Saman med dette kom også ein interesse for religion som *arteigenen*, det vil seia spesifikk for ulike folk (Puschner 2001: 203) og ein vilje til å bryta laus frå Roma; hovudsetet for Kristendomen (Puschner 2001: 209). Til saman førde desse strømingane til ei samansmelting av mellom anna nasjonalisme, rasisme, antisemittisme og entusiasme for alt som vart sett på som "germansk" eller "nordisk" til ein heterogen "Weltanschauung" (Schnurbein 2015: 150). Sidan desse tankane var så framtrekande i tida før og etter første verdskrigen er det

---

54 Om Johann Gottfried Herders "volkegeist", sjå Gregorius 2008: 52 og Ingo Wiwjorra, *Arkaisme og krisen i det moderne*, Oslo, Humanist forlag 2009, s. 38

55 Gro Steinsland, *Norrøn religion*, Oslo, Pax forlag A/S 2005.

56 Uwe Puschner, *Die völkische Bewegung im wilhelminischen Kaiserreich: Sprache – Rasse – Religion*, Darmstadt, Wissenschaftliche Buchgesellschaft 2001.

kanskje ikkje overraskande at også nokre av dei kjende germanistane frå den same tida også i større eller mindre grad var tilknytta völkisch-rørsla og tidleg nasjonalsosialisme. Mellom andre Gustav Neckel og Andreas Heusler hadde ein intensjon om å få fram ei germansk gjenoppliving på grunnlag av rekonstruert germansk kultur og mentalitet (Schnurbein 2015: 152). I motsetnad til den utbreidde oppfattinga om det, var nasjonalsosialismen berre marginalt påverka av dei völkisch-religiøse strømingane, men ulikskapane var likevel meir sentrert rundt spørsmål om politisk makt (Schnurbein 2015: 150).

I Noreg i seinare tid er slike tankar om gjenoppliving av germansk eller nordisk kultur og religion representert ved til dømes dei ulike "hedensk front"-gruppene. Allgermanische Heidnische Front vart starta på 1990-talet på intitiativ av mellom andre den norske black metal-musikeren Varg Vikernes, og den svenske gruppa Svensk Hednisk Front vart også starta rundt den same tida (Gregorius: 2008: 115). Den rasistiske norske organisasjonen Vigrid kan kanskje sjåast som vidarefører av tankegods heilt frå götismen, dei meiner at det nordiske folket eigentleg er det same som gotarar<sup>57</sup>

*Moderne åsatru:* Ein siste potensiell kategori i den religiøse konteksten, er dei moderne åsatru-gruppene eller åsatruarane som ser ut til å søkja ein sosial aksept som verkelege religionar, med eit verdisyn som er sameinleg med det moderne samfunnet. Spørsmålet er om den typen moderne åsatru som kjem til uttrykk i Fredrik Gregorius og Anne Marie-Bolstad sine avhandlingar, potensielt saman med det som kjem fram i mi oppgåve, tilhøyrer ein eigen kontekst. Om dei kan skiljast ut som uavhengige ikkje berre frå andre former av nyheidendom, eller frå neopaganisme slik som Gregorius gjer, men også frå andre former av åsatru, meir spesifikt frå dei høgre-ekstreme uttrykka?

Det er tre ting som gjer at eg stiller dette spørsmålet. For det første er det atåsatruarane i Noreg, i likskap med dei i Sverige og på Island sjølve ser det som viktig å distansera seg frå dei rasistiske uttrykka for åsatru. Dei gjev inntrykk av å ønskja å oppfatast som apolitiske og verkelege religionar som har ein plass i det moderne samfunnet som eit reint religiøst tilbod til alle som ønskjer å delta, uavhengig av bakgrunn. For det andre ser dei ut til å ha store likskaper seg imellom i si tolking av dei

---

57 <http://vigrid.net/geit.htm> 05.05.2016

norrøne kjeldene og i religiøs praksis. Likskapar og ulikskapar ser ut til å vera størst mellom individer, og ikkje så mykje mellom ulike grupper. Ásatrúarfélagið på Island er det eldste av dei moderne nordiske ásatrufellesskapa, og det kan sjå ut som Ásatrúarfélagið er eit førebilete for mange andre (Gardell 2003: 263), Ásatrúarfélagið er også der bruken av termen "ásatru" kjem frå, etter råd frå det offentlege på Island då dei søkte godkjenning som trusfellesskap (Bolstad 2006: 16). I Sverige er det som nemnt fleire ásatru-organisasjonar, og Fredrik Gregorius har lagt mest vekt på enkeltindivider i si studie, men dei ser ut til å ha mykje av dei same oppfatningane som det som kjem til uttrykk i Bolstad sitt materiale. Det er også slående kor mykje av det informantane frå desse andre nordiske gruppene seier som stemmer over eins med det mine informantar har fortalt meg. Trass i at det vert lagt lite vinn på å strukturera ásatrusamfunna internasjonalt, og trass i medlemmene sine uttrykk om viktigheita av å halda religionen som ein privatsak, er mange meiningar og verdiar overraskande like. Den tredje årsaken til at eg stiller dette spørsmålet er at om ein ser på nyheidne religionar samla, inkludert dei høgre-ekstreme ásatrufellesskapa og meir synkretiske former for heidendom, så er dei like først og fremst i å vera ukonvensjonelle motkulturar. Såleis er det viktigaste kriteriet for å jamstilla dei ein negativ definisjon: Dei er alle ukonvensjonelle.

### **3.5 Oppsummering**

Her har eg freista å gje ei innføring i teori og forskingshistorie kring nye religionar og norrøn nyheidendom. Teorien kjem likevel til å måtta utvidast etter kvart som oppgåva skrid fram. I samhandlinga av den religiøse konteksten har det ikkje vore meininga å fastsetja klart avgrensa kategoriar som ekskluderer kvarandre, det er snarare meint som ein bakgrunn for analysen av ásatru i Noreg. Hovudfokuset i denne oppgåva er på slik ásatrua kjem til uttrykk i Ásatrufellesskapet Bifrost, men eg vil også fortelja litt om dei andre formene for ásatru eller norrøn nyheidendom som er aktuelle i Noreg idag. Sjølv om målet er ein deskriptiv framgangsmåte, er det ikkje til å unngå å samstundes ha ei analytisk tilnærming til materialet, difor er det også viktig å ha denne litt generelle religiøse konteksten som bakgrunn.

#### 4. Norrøn nyheidendom i Noreg idag - Odinisme, åsatru og sed.

Der finst i Noreg idag fleire ulike formar for gjenoppliving, dyrking eller ideologisk bruk av norrøn mytologi, religion og kultur. Desse ulike formane har ein varierende grad av organisasjon, frå dei heilt banale og nyleg oppkome *Soldiers of Odin* som i følgje Didrik Söderlind<sup>58</sup> har forsøkt å etablere seg i nokre byar i byrjinga av 2016 (Söderlind: 2016: 1), til meir rotfesta offentleg registrerte trusfellesskap som Bifrost. Hvis vi følgjer Niels Reeh – og ser religionar som religiøse overlevingseinskaper – så bør religionar ikkje studerast i isolasjon, men i relasjon til andre religiøse overlevingseinskaper (Reeh 2013: 265). Difor bør dei andre formene som vert nytta som komparasjon introduserast.

Det er i hovudsak tre andre former som bør introduserast i denne samanhengen, den første er Vigrid, som er ein uttalt rasistisk organisasjon, leia av Tore W. Tvedt, som også<sup>59</sup> ser ut til å vera det einaste ikkje-anonyme medlemmet idag. Den neste formen er representert ved Varg Vikernes, som idag ikkje er tilknytta nokon organisasjon, men som kan sjåast som representant for ei høgrevridd tolking av norrøn mytologi.

Forutan Bifrost finst der idag eitt anna offentleg registrert trusfellesskap som byggjer på norrøn mytologi; Foreningen Forn Sed (FFS), som opprinneleg var ei utbrytargruppe frå Bifrost<sup>60</sup>, difor er FFS kanskje den formen som ville vore mest interessant for eit fremtidig forskingsprosjekt som kunne jamførast med Bifrost.

---

58 Didrik Söderlind, "Hvem eier det norrøne?", I *Humanist* nr. 1/16, 2016, s. 1-2, <https://humanist.no> 14.05.2016

59 <http://vigrind.net/rasisme1.htm> 05.05.2016

60 <https://www.bifrost.no/om-bifrost>

#### 4.1. Odinisme, rasisme og antisemittisme

*Vigrid*. Vigrid er i følge nettsida deira "et etnisk/religiøst fellesskap som vil utvikle et Nordisk samfunn basert på Nordisk religion og Nordiske verdi- og kulturnormer."<sup>61</sup>. Organisasjonen vert leia av Tore Tvedt, men er ikkje eit offentleg godkjend trusfellesskap, og heller ikkje registrert i Brønnøysund. I 2005 uttalte politiets sikkerhetstjeneste seg om Vigrid som ein organisasjon med "ekstremt rasistisk og voldelig ideologi"<sup>62</sup>. Sidan den gong har dei forsøkt seg som politisk parti utan særleg hell, og har vore periodevis nedlagt. Vigrid knyter idag saman rasisme, konspirasjonsteoriar og i det siste ein pro-russisk nasjonalisme. Dei ser i dag på Russland som den siste bastionen av kvite som går imot det *Anglo-Zioniske imperiet* med sin *NAZI-allianse*<sup>63</sup>.

Eit høgrevridd uttrykk for norrøn nyheidendom som verkar litt meir seriøst er Varg Vikernes sin Odinisme. Varg Vikernes var med å starta *Allgermanische Heidnische Front* (Heiden Front) på 1990-talet (Gregorius: 2008: 115), og har publisert ein del litteratur om hans syn på norrøn religion, verdshistorie og ideologi. Eit av dei mest omfattande verka til Vikernes er boka *Germansk mytologi og verdensanskuelse*. I denne boka knyter han norrøn mytologi og "det germanske folket" til Atlantis (Vikernes 2000: 126). Sjølv om denne boka er tilsynelatande akademisk i si form, har framstillinga av verdshistorie og norrøn religion ikkje noko akademisk stønad. Heiden Front eksisterer ikkje lenger idag (Gregorius 2008: 116), så Vigrid ser ut til å vera det einaste uttrykket for rasistisk norrøn nyheidendom som har nokon form av organisering i dag.

---

61 <http://vigrid.net/maalkontakt.htm> 13.05.2016

62 <http://www.op.no/nyheter/ekstremt-rasistisk-og-voldelig/s/1-85-1863188> 14.05.2016

63 NAZI er her ei forkorting og samansetjing av NATO og Zionist. Ordbruken er vel neppe tilfeldig, sidan det kjem frå eit miljø som fremjar holocaust-fornekting og ei tileigning av ei offerrolle. <http://vigrid.net/anglozionsamle.htm> 05.05.2016

## 4.2. Tru og sed

Åsatrufellesskapet Bifrost vart registrert som offentleg godkjend trussamfunn den 28. februar 1996. Då hadde der vore eit ønskje om å få til dette sidan midten av 80-talet. Trussamfunnet var då ei lita samling med eit titals medlemmer fordelt på to grupper, men har sidan vokst og har no medlemmer frå alle landets fylker<sup>64</sup>. I 1998 braut ei lita gruppe ut ifrå Bifrost og danna Foreningen Forn Sed, som vart registrert som trussamfunn i 1999<sup>65</sup>. FFS har som føremål å heva til verdigheit igjen gamal sed og kulturarv:

Foreningen Forn Sed vil heve til verdighet igjen gammel sed og kulturarv. Dette gjør vi uten at det går på bekostning av andre tros- eller livsytretninger, gamle eller nye, eller andre folkegrupper kulturarv. Fanatisme og hat mot andre kan aldri forenes med foreningens formål.<sup>66</sup>

I følgje FFS er det misvisande å kalla seden for åsatru, sidan den ikkje berre er knytt til æsene, dei meiner også at det er lov å anerkjenna andre gudar og makter frå norrøn mytologi og folketru<sup>67</sup>.

Dette ser ut til å vera eit for utanforståande hovudsakleg overflatisk skilje, sidan Bifrost også tillét å dyrka og anerkjenna andre gudar og makter som kan knyttast til norrøn mytologi og kultur: "Åsatrufellesskapet Bifrost har tatt mål av seg til å samle alle som ønsker å dyrke de gamle norrøne guder og holde den hedenske sed i hevd."<sup>68</sup>. Som alt nemnt, vil eit seinare forskingsprosjekt over FFS kunna kasta meir lys over dei reelle skilnadane mellom Bifrost og FFS.

Både Bifrost og FFS er som nemnt reine trusfellesskap utan politisk tilknytting nokon stad, dei legg også vekt på antirasistiske og tolerante haldningar, slik at dei dannar eit motstykke til andre formar for norrøn nyheidendom som til dømes Vigrid. Med alt dette i bakgrunnen, kan vi no ta til med åsatrua spesielt slik ho altså framstår i Bifrost.

---

64 <https://www.bifrost.no/om-bifrost> 04.05.2016

65 <https://www.bifrost.no/om-bifrost> 05.05.2016

66 <http://www.forn-sed.no/main/bokmal/informasjon.htm> 05.05.2016

67 <http://www.forn-sed.no/main/bokmal/informasjon.htm> 05.05.2016

68 <https://www.bifrost.no/om-bifrost> 05.05.2016

### 4.3. Ásatru – "Ein moderne religion for moderne mennesker"

Ásatrufellesskapet Bifrost er langt den største organisasjonen for åsatruarar eller tilhengjarar av norrøn nyheidendom i Noreg idag. I følgje medlemstalet som dei fekk statstilskot for i 2015 har dei minst 334 medlemmer, til samanlikning fekk FFS tilskot for 97 medlemmer<sup>69</sup>.

Eg vil starta med å sjå på den reint formelle strukturen til Bifrost som heilskap og blotslaga som er dei viktigaste einingane i organiseringa. Så vil eg gå gjennom dei tema som eg har teke opp med informantane mine, som vil illustrera korleis åsatruarane forhold seg til verda. Her er det viktig å hugsa at eg berre kan få med eit lite utval av kommentarar frå informantar, og at noko av det eg tek med vil av åsatruarane potensielt verta rekna som irrelevant, like eins kan dei meina eg har utelate viktige ting. Det er også viktig å hugsa at veikskapen med den kvalitative metoden er at det som kjem fram i materialet berre er representativt for eit lite utval av medlemmer i organisasjonen.

#### 4.3.1 Bifrosts formelle struktur

Bifrost vart opprinneleg stifta med føremålet å vera ein paraplyorganisasjon for lokale blotslag<sup>70</sup>. Seinare har der også kome til individuelle medlemmer som ikkje er medlem i blotslag, dette er sett på som eit potensielt problem, sidan desse individuelle medlemmene ikkje er representert på same måten som blotslaga. For å forstå det er det viktig å få med seg strukturen til Bifrost<sup>71</sup>. Som øvste myndigheit er Tinget, som består av alle medlemmene som heilskap. Tinget samlest ein gong i året og har i prinsippet same funksjon som eit årsmøte. Under tinget står administrasjonen, som består av ein *høvding* (leiar), ein *fehird* (kasserer) og ein skrivar, administrasjonen si oppgåve er den daglege drifta av organisasjonen. Vidare kjem rådet, som består av alle medlemmene i administrasjonen, i tillegg til *allgodane/allgydjene* og *hovgodane/hovgydjene*. Desse rådsmedlemmene har møteplikt, og i tillegg har *godar/gydjer* frå blotslaga møterett.

69 Sjå vedlegg 4: Statstilskot til trussamfunn, som viser kor mange medlem dei får stønad for.

70 <https://www.bifrost.no/om-bifrost> 09.05.2016

71 Bifrosts formelle struktur kjem frem i lovsettet deira, som kan synast her: <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 09.05.2016. Elles har særskilt Aud har vore svært hjelpsam med å forklara desse tinga på telefon 17.02.2016.

Rådets oppgåver er utvikling av nye idear rundt til dømes religiøs praksis og generell filosofi rundt åsatrua. Ein viktig del av rådet er at det har myndigheit til å gripa inn i krisesituasjonar, noko som visst har vore ei reell problemstilling i fortida. I Bifrosts lovar står det om rådets informasjonsplikt og rett til å utlysa ekstraordinært tingmøte:

Ved særskilt viktige avgjørelser har Rådet informasjonsplikt til alle medlem av Bifrost. Dersom det oppstår ekstra presserende behov for viktige avgjørelser som berører Bifrost, kan Rådet utlyse et ekstraordinært Ting.<sup>72</sup>

Det potensielle problemet med individuelle medlemmer er at dei ikkje har ein direkte representant i rådet på same måte som medlemmene i blotslaga har. Sannsynlegvis vil dette verta bøta på hvis trusfellesskapet veks endå meir framover, det vert interessant å sjå kva løysing dei i så fall finn.

Ein siste, men vel så viktig instans er *lovsigare*. I lovane står det at det om mogleg skal vera ein lovsigare for kvar landsdel, det vil seia fem. Lovsigare er uavhengige av alle dei andre instansane. Nye lovforslag skal leggjast fram for lovsigaren, som i følgje lovane er den einaste som kan leggja fram nye lovar eller forslag til lovendingar på tinget<sup>73</sup>. Lovsigaren skal også seie fram lovar på tinget, vel med førebilete i den gamle islandske tittelen *lqsgogumaðr*<sup>74</sup>. Då eg deltok på tinget i 2015 vart det berre sagt fram ei lite utval av lovane som lovsigaren sjølv meinte var passande, dette verka rimeleg sidan det nok ikkje hadde vorte tid til så mykje anna elles.

*Blotslaga* er dei lokale trusfellesskapa, som må bestå av minst tre medlemmer, det er hovudsakleg i blotslaga den religiøse verksemda skjer<sup>75</sup>. Desse møtest regelmessig og har i regelen fire *blot* kvart år, men dei kan også ha fleire. Blota er den viktigaste religiøse praksisen, og kan sjåast som motstykke til ein kristen gudsteneste i meining og omfang, dei føregår vanlegvis utandørs på usjenerte stader. Det er elles vanleg å møtast jamleg på offentlege serveringsstader for dei som er nær byane eller gjerne heime hjå eit medlem i andre tilfeller.

---

72 § 3 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 04.05.2016

73 § 3.11.1 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 09.05.2016

74 Den Islandske tittelen *lqsgogumaðr* tilhøyrdde ein lovkyndig som hadde som oppgåve å hugsa og sei fram loven på tinget. Sjå Stefánsson 2009: 151

75 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/blotslag> 09.05.2016



Blotslaga vert gjerne gjeve namn som er knytt til dei guddomane som dei interesserer seg særskilt mykje for. Til dømes har eit av blotslaga teke namnet *Mímameid*, som skal vera eit anna namn på *Yggdrasill*<sup>76</sup>. Dette blotslaget har verdstreet sentralt i kulten sin, og blotar fire gonger i året<sup>77</sup>. Tanken om Yggdrasill som verdstre kjem i følgje Simek berre frå Snorri (Simek 1993: 375), som gjev ei utførleg skildring av treet i *Gylfaginning*: "Askriinn er allra tréa mestr ok beztr. Limar hans dreifask yfir heim allan ok standa yfir himni." (*Gylfaginning*, s. 17). I følgje Aud, som er medlem i dette blotslaget, er Yggdrasill med førestillinga som verdstre sentralt i blota deira. Ho såg på verdstreet som eit symbol som uttrykkjer ei førestilling om heilskap og kontakt i ein vertikal akse. Eit anna blotslag er *Irminsul*, som held til i Trøndelag og er eitt av dei eldste blotslaga i Bifrost<sup>78</sup>. *Irminsûl* er eit gamalsaksisk namn som sannsynlegvis tyder "kjempemessig søyle" (Stefánsson 2009: 124) og i følgje Simek mindre sannsynleg "guden Irmins søyle" (Simek 1993: 175). I følgje Simek såg munken Widukin av Corvey denne Irmin som den same som *Hermes* og *Mars*, noko som har fått nokre forskarar til å tru at han er den same som den germanske *\*Tiwaz*, eller norrøne *Týr* (Simek 1993: 175). Dette ser ut til å vera ein freistnad på å laga ei tilknytting til ein opplevd større heiden tradisjon ved å nytta namnet Irminsul på dette blotslaget. Der finst også eit blotslag – *Draupnir* – som definerer seg som ein "bronsealderinspirert fruktbarhetskult"<sup>79</sup>. Desse døma kan sjåast i lys av dei relativt vage retningslinjene for kva guddomar blotslaga kan dyrka slik det står i § 3.12: "Det foretrekkes at medlemmene tilber guder og gudinner som er nevnt i Grimnesmål, og holder seg til guder/gudinner/makter som fra gammelt av har hatt kult i Norden."<sup>80</sup>.

Det er no nemnt nokre titlar som krev ei forklaring. Forutan dei sjølvforklarande høvding, fehirn og skrivar er dei ulike formene for *godar/gydjer*. Sjølve ordet er henta frå den islandske mellomalderens *goði*, som var både ein heidensk religiøs myndigheit og ein verdsleg myndigheit som følgde noko vidare inn i den kristne tida<sup>81</sup>. I følgje

76 *Mímameiðr*, "Mimes tre", er eit tre som vert nemnt i *Fjolsvinnsþátal*. Det vert tolka som eit namn på Yggdrasill, på bakgrunn av myta om at Mímir budde i ein brønn ved treet Yggdrasill. Sjå Simek 1993: 216 og Stefánsson 2009: 154-155; 268.

77 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/blotslag> 11.05.2016

78 <https://www.bifrost.no/om-bifrost> 11.05.2016

79 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/blotslag> 11.05.2016

80 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 11.05.2016

81 I sogene vert *Goði* nytta om religiøse og verdslege leiarar på Island, *hofgoði* vert særskilt nytta om heidne religiøse leiarar (Simek 1993: 114).

Aud, den eine av informantane, er tittelen henta herifrå, i hovudsak fordi dei måtte kalla det noko, men at det var ikkje meininga å leggja i tittelen noko av den gamle tydinga. Likevel har dei funksjon som religiøse leiarar under seremoniane, slik at noko av den gamle tydinga framleis ligg der. Som vi ser vert det brukt *gode* om menn og *gydje* om kvinner, men det er elles ingen skilnad på titlane. Godane sine oppgåver er å til dømes leia blota, og å vera andlege rådgjevarar, dei vert også rekna som *hovgoden/hovgydja* sine assistentar. Hovgoden eller hovgydja er dei enkelte blotslaga sin fremste representant og har som nevnt møteplikt til rådet. Hovgodane/hovgydjene vert valt av blotslaga og skal registrerast av rådet og kunngjerast på tinget<sup>82</sup>. *Allgodane/allgydjene* vert rekna som forstandarar i forhold til myndigheitene, og er dei einaste i trusfellesskapet som har vigselsrett<sup>83</sup>.

---

82 § 3.10.2 i lovsettet: <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 05.05.2016

83 § 3.7 i Lovsettet: <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 09.05.2016

#### 4.3.2 Medlemmer og motivasjon for innmelding

Jeg har foreldre som var ateister, min far var sterkt antikristen. Jeg ble borgerlig konfirmert, og så synes jeg dette var så kult at jeg ble medlem i humanetisk forbund. Og leda borgerlige konfirmasjoner selv, faktisk. Så ble jeg viking og ble med på borre og de første vikingmarkedene der og dumpa borti en rar svensk nabo som satte opp en diger Frøy-påle mitt foran teltet sitt og begynte å helle øl over denne kuken hver morgen liksom. "Hva er dette, hva driver du med?" Samtidig som Ole og Per og Lotte og diverse andre hadde den "Tusen år er mer enn nok"-festivalen, som det var litt skriverier om i avisene, så ble jeg litt sånn: "Oi dette var kult, men eh, dere tror vel ikke ordentlig på dette vel?" Og de bare: "Jojo"...

Så brukte jeg ganske lang tid på å liksom... lage plass til at livet kan være, holdt på å si rikere, eller dypere eller tillate liksom en dimensjon til da, en slags religiøs dimensjon eller hva man vil kalle det. Uten at jeg av den grunn trengte at det skulle være noe overnaturlig eller noe sånt da, det var veldig slitsomt dette her da med å finne den balansen, hehe. Særlig siden det var et aktivt valg da. At det var noe jeg aktivt valgte og ønska i livet mitt og derfor måtte på en måte tilpasse eller få plass til inne i det som var der alt da. Og så samtidig prøve å holde en liksom, ikke ateistisk tilnærming men... ja, ikke bare liksom flagre avgårde på, ja jeg vet ikke... hehe. Ja nei men det har vært viktig det å holde fast i det jordnære da, ikke sant? (Aud)

Sidan åsatrua er ein ny religion er eit av dei mest interessante spørsmålat kvifor folk vel å gå inn i åsatrua, som vi ser har ikkje alle ein bakgrunn som religiøse. Dei fleste åsatruarar vil nok sjølv seia at det er svært ulike grunnar til å verta åsatruar og like eins at det er stor skilnad mellom folk, men det er likevel målet å freista å finna nokre fellestrekk.

Eg har ikkje gjort nokon statistiske undersøkjingar av ting som kjønnsfordeling, alder og yrker mellom medlemmene i Bifrost. Mitt inntrykk av medlemmene i Bifrost er difor i hovudsak basert på dei som har vore villige til å vera informantar, saman med

deira inntrykk av dei andre medlemmene. I tillegg kjem erfaringa frå Tinget våren 2015, då eg deltok som observatør og traff fleire av medlemmene utan at alle av dei vart intervjua.

I utvalet av informantar har det vore mål å få eit så stort spenn som mogleg med tanke på heimstad, kjønn, alder og liknande. Det er likevel noko fleire kvinner enn menn i utvalet, nokre er unge vaksne og nokre er eldre. Informantane har medlemstid frå så lenge som rundt 20 år, til nærast nyinnmelde. Dei fleste informantane er busett på vestlandet – mest på grunn av nærleik til Universitetet i Bergen – resten av informantane er busett ganske spredt i landet, men ingen av dei er busett nord for Trondheim.

Sjølv om trussamfunnet har medlemmer som er godt vaksne, gjerne opp mot pensjonsalder, så ser det ut til å vera ei overvekt av relativt unge medlemmer, det vil seia om lag mellom 20 og 40 år gamle. Der finst nokre mindreårige medlemmer, og no som organisasjonen har eksistert ei tid ser det ut til at det byrjar koma til ein ny generasjon, med andre ord har dei som var unge då trusfellesskapet vart stifta no byrja å få born sjølve. Av personvernomsyn er det er ingen mindreårige informantar i utvalet for denne oppgåva. Når det gjeld yrker er der mellom informantane til dømes sjølvstendig næringsdrivande, student, handverkar, industriarbeidar og andre.

Ingen av dei som er åsatruarar i Noreg i dag er fødd inn i religionen, så eitt av spørsmåla har vore kvifor folk som har gått vekk frå kristendomen eller ikkje har vore religiøse før har valt å verta åsatru. At det har vore eit medvite val er utvilsamt, sjølv om dei kanskje ikkje er like sikre på årsakane til at det vart slik, så har dei oftast reflektert mykje over korleis og kvifor dei vart åsatruarar.

Jeg prøvde meg i tenårene, så begynte jeg å leite. Jeg kjente at jeg, eller jeg følte at jeg trengte en religion, jeg ønsket å ha en religion og noe å tro på, og så prøvde jeg å være kristen. Og gikk inn for det med liv og lyst, leste hele bibelen fra perm til perm og ba aftenbønn hver kveld og sånn. Men det var det der med at jeg leste den bibelen da. Det burde jeg jo ikke gjort, for der sto det veldig mye rart... Som jeg på ingen måte kjenner meg igjen i eller kan stå inne for. Så da måtte jeg jo forkaste kristendommen og begynne å lete etter noe annet som passer meg bedre. Og så kom jeg over en artikkel i VG, hvor en, et Bifrostmedlem var interviewet. Og tenkte "hm! dét! hørtes ut som noe som kunne passe for meg." Så begynte jeg å undersøke da og lese litt og sånn. Kom først i kontakt med Norges Åsatrolag, som viste seg å være veldig rasistiske og opptatt av den ariske rase og alt dette her, så da trakk jeg meg jo kjapt ut igjen derfra, eeh... og så fant jeg Bifrost. Og det var i 98 vel, ja. Så siden har jeg ikke sett meg tilbake. (Agnès)

Og så har du på ein måte nokre som er så heldige at vi har faktisk - etter vi byrja verta litt bevisst og er ferdige med dette her med barndom og krøking og, at folk lærer deg med peikefinger at sånn skal det vera og sånn skal det ikkje, så kan du faktisk byrja å ta litt val sjølv. Det er veldig spennande tykkjer eg. Når du har den - ja - den moglegheiten. Det tykkjer eg er litt tøft, då trur eg på at kva som kjennest rett og kva som kjennest galt, det er jo opp til alle og einkvar, men det er jo dei vala du tar ut ifrå dine eigne, din eigen overbevisning, det er jo det som til slutt seier om du er ein god eller dårleg fyr. Men det er jo berre for meg, sant, hehe. Og difor vil eg i alle fall søkja i lag med likesinna folk, altså finna min flokk. For då veit eg at javel, her har eg jording, her har eg mi klippe, og då kan eg eigentleg resten av verda vera akkurat som ho vil for meg. Så lenge dei ikkje plagar meg med sitt, då kan eg laga sjau altså. (Kristian)

I følgje Graham Harvey kallar folk seg heidne fordi dei har ei kjensle av naturleg attraksjon til heidendom:

People decide to call themselves pagan because they recognise something about paganism to which they have an affinity, perhaps no more than its respect for the earth or its celebration of seasonal or human natural cycles. (Harvey 1997: 2)

Dette er veldig nært det som informantane frå Bifrost har gjeve som sin grunn for å vera åsatru. Andre meiner at dei treng eit fellesskap å kunna diskutera trua si eller at det er vanskeleg å vera open om trua si med det dei ser som vanlege folk. Det handlar altså ikkje berre om ei tilknytting til naturen, men dei uttrykkjer også ei fellesskapskjensle med dei andre åsatruarane som kjem naturleg. Kristian meinte også at den religiøse praksisen gav mest meining eller var mest gjevande når det vart gjort i lag med andre folk.

Eit kjenneteikn ved nye religiøse rørsler som Liselotte Frisk peiker på er individualisme, det vil seia at ein mellom anna har ei oppfatting om at individet har friedom til sjølv å velja kva han eller ho vil tru på (Frisk 1998: 19). Som dei fleste andre nyreligiøse er åsatruarane opptekne av at religion bør vera ein privatsak og at det er det enkelte individ sin rett å avgjera kva han eller ho skal tru på. Men det er altså mange åsatruarar som har vorte medlemmer i Bifrost nettopp for å ha eit fellesskap å utøva sin religion i saman med.

Agnes var ein av dei som hadde eit ønskje om å ha ein religion før dei vart åsatruarar, men ho la ikkje så mykje vekt på at det måtte vera eit religiøst *fellesskap*, sjølv om det openbert hadde vorte viktig i ettertid. Mange av dei andre eg har snakka med hadde dette behovet for ein religion før dei vart åsatruarar. Desse personane har då gjerne vore innom Kristendomen før og søkt svar på dei andelege spørsmåla der. Men Kristendomen har vist seg å ikkje fylla det behovet dei har hatt i ein religion, eller presentert dei for eit verdisyn som dei ikkje kunne leva med. Dette viser i praksis det som Schnurbein skriv om, at det sekulære samfunnet manglar ein andeleg dimensjon eller svar på andelege spørsmål, samstundes som dei tradisjonelle religionane som Kristendomen ikkje tilbyr dei svara som heidningar er ute etter (Schnurbein: Schnurbein 1993: 2).

Og nær sagt at då gjennom oppveksten då, så var det at eg søkte veldig noko som kunne gje meg meining og svar. Og det at der var fleire tøffe ting som skjedde, det var dette med mobbing, og så var det også nokre dødsfall i nær familie. Så når eg var ti år, og vi fekk då sånn bibel då, i gudsteneste på barneskulen. Så byrja eg då å lesa bibelen, eg noterte kva det var vi hadde vore gjennom i bibelen på skulen, og så sat eg meg ned og byrja gå gjennom bibelen, nær sagt frå perm til perm og hoppa over det eg allereie hadde lest då. Og dette der det var sånn langtidsprosjekt då og i mellomtida då så døydde bestetanta mi, og då igjen så var det å iherdig lesa vidare på bibelen og eg fann eigentleg ut det at... eg fann ikkje dei svara eg trengde der, eg sat igjen med fleire spørsmål, eg sat igjen med nær sagt ei kjensle av at dette der det var noko som... eh, - håpar ikkje eg trakk nokon på terne - men det var nesten fordummande. (Karen)

Både Agnes og Karen meinte altså at det å lesa Bibelen var med på å dytta dei vekk ifrå Kristendomen sidan verdiane dei opplevde der ikkje var noko dei kunne leva med. På den andre sida sa Kristian at han tykte Bibelen var ei veldig god bok, som han hadde lese to gonger, men han skjøna ikkje heilt det at folk meiner det er verdas beste bok: "eg tykkjer jo Ringenes Herre er ei betre bok, for eksempel" (Kristian)

Kristian var også ein av dei som meinte han alltid har vore religiøs, han har vakse opp i ein svært konservativ kristen familie, men han meinte det falt han meir naturleg å vera polyteistisk: "Eg har nå alltid vore eit religiøst menneske, det har eg. Og eg er nok berre slik, ifrå naturen si side så er eg polyteistisk." (Kristian). I følge Graham Harvey er heidendom idag like sterkt polyteistisk som kjeldene dei byggjer på: "Every aspect of life – not only its "spiritual" aspects – is celebrated, often with humour and delight" (Harvey 1997: 67).

Noko som ikkje alltid vert sagt eksplisitt, men som kan vera ein viktig faktor for at dei vert åsatruarar, er ein generell fascinasjonen for den norrøne mytologien. Dei snakkar gjerne om korleis mytene kan sjåast som tidlause metaforar på sider ved mennesker eller verda. Det ser også ut til å vera eit romantisk syn på den norrøne mytologien, sjølv om kanskje ikkje alle vil vedgå det. Til dømes vert mange introdusert for norrøn mytologi gjennom *Valhalla*-teikneseriane til Henning Kure og Peter Madsen, her er skikkelsane og fleire av mytene i norrøn mytologi skildra i eit humoristisk perspektiv, men samstundes med dei alvorlege tema i bakgrunnen. Desse teikneseriane vert gjerne relatert til barndomen hjå informantane, og som noko som har gjeve ein gneist av interesse. Andre nemner gjerne at dei har vorte fortald dei norrøne mytene av

ein nær slektning eller liknande. Berger og Luckmann meiner at den verda som vert internalisert i barndomen er mykje djupare rotfesta enn dei som vert internalisert seinare i livet (Berger og Luckmann 2003: 158-159). Såleis er slike inntrykk av norrøn mytologi – særskilt når dei kjem frå såkalla "*signifikante andre*"<sup>84</sup> – i barndomen med på å skapa eit verdsbilete som den norrøne mytologien er ein del av. Det vil seia at når dei skal internalisera eit verdsbilete seinare i livet der den norrøne mytologien også er religion, så krev det gjerne berre ein modifikasjon av det gamle verdsbiletet.

Det ser ut til å vera i hovudsak to eller tre fellestrekk i årsakane til at personar vert åsatruarar.

Den første og kanskje viktigaste er behovet for eit fellesskap og tilhøyrslø. Dette handlar for mange om å verta akseptert som den dei er, og å vera i eit fellesskap av likesinna. Det er interessant korleis ein snakkar om likesinna, samstundes som det er ei oppfatning at fellesskapet består av individualistar. Denne dobbeltheita kan også sjåast i samband med to av Frisk sine tre kjenneteikn for nye religiøse rørsler<sup>85</sup>, den individualistiske haldninga til religion, og den positive haldninga til materialitet. Sjølv om dei legg vekt på at religion bør knyttast til personleg erfaring, så er det ingen krav eller forventning om askese eller forsaking i åsatrua, dei er positive til dei sosiale relasjonane slik dei materialiserer seg i denne verda.

Det andre er behovet for å ha ein religion. Sjølv om ikkje alle meiner å ha hatt det behovet når dei valde å verta åsatruarar, så har fleire av informantane sagt at det var den utløyssande årsaka til at dei byrja den søkinga som enda med at dei fann åsatrua. Fleire har også uttrykt at dei ikkje visste at det var mogleg å vera åsatru, og at dei såleis ikkje vurderte den moglegheita seriøst før dei fann ut at der var andre som dreiv med det. Dei fleste har også uttrykt at dei etter å ha vore ein del av trusfellesskapet kjenner religionen som ein naturleg og viktig del av livet deira.

Den tredje moglege årsaka handlar meir om det som avgjer at ein person vel akkurat åsatru og ikkje ein annan religion, meir enn ei eigentleg årsak til at ein person søker etter religionen. Det er fascinasjonen for den norrøne mytologien og det ein meiner å

---

84 I følge Berger og Luckmann finn primærsosialiseringa stad under ei sterkt kjenslemessig tilknytting til *signifikante andre*, det vil seia foreldre, søsken, etc. Utan denne tilknyttinga ville læringsprosessen verta vanskeleg, om ikkje umogleg (Berger og Luckmann: 2003, s. 155). Sjå elles kapittel 6 for ein diskusjon om primærsosialisering.

85 Sjå Frisk 1998: 19-20



sjå i han. Slik at dette kan forsterka dei to før nevnte årsakane, ikkje berre slik at det er ei innpakning som er tiltrekjande, men også fordi det er deler av eit verdsbilete som alt er internalisert i barndomen.

I følge Aud er omtrent halvparten av medlemmene i Bifrost også reenactarar, eller "vikingar" som ho kallar dei. Mange vert introdusert for åsatru gjennom reenactment og omvendt, det var også slik eg vart merksam på åsatru. Dette kan gjerne knyttast til den generelle fascinasjonen for vikingtid og alt norrønt som er framtrekande idag (Gregorius: 2008: 11). Fascinasjonen for det arkaiske<sup>86</sup> er naturlegvis ikkje upåverka av konteksten. Slik som vi ser det i 1800-1900-talas resepsjon der det germanske eller nordiske folk får ei heroisk framstilling<sup>87</sup>, medan åsatruarar i dag kan sjå på mytologien som essensielt pluralistisk og multikulturell.

Utanom overlappinga mellom viking-reenactment finst der lite overlapp mellom åsatru og andre organiserte grupper. I følge norsk lov kan ein berre tilhøyra eitt trussfellesskap om gangen<sup>88</sup>, så overlapp mellom andre organiserte religionar finst i alle fall ikkje offisielt. Det vert imidlertid også drege inspirasjon frå andre såkalla naturreligionar<sup>89</sup>, sjølv om § 3.12 i lovsettet seier at "Det foretrekkes at medlemmene tilber guder og gudinner som er nevnt i Grimnesmål, og holder seg til guder/gudinner/makter som fra gammelt av har hatt kult i Norden."<sup>90</sup>

Nokre informantar har nemnt at det har vore tilfeller av kontakt mellom Bifrost og personar med høgreekstreme politiske syn, men at der har vore mykje innsats frå Bifrost si side for å unngå at desse vert medlemmer. Det har til dømes skjedd at personar i Bifrost har vorte kontakta av personar som seinare har vist seg å vera høgreekstreme. Det er tvilsamt snakk om noko aktivt infiltrasjonsforsøk, men snarare at desse personane ikkje har visst om Bifrosts antirasistiske standpunkt.

Dei fleste åsatruarane i Bifrost kjem frå ein sosial kontekst som verdsett

---

86 I følge Ingo Wiwjorra er fascinasjonen for det arkaiske "kjennetegnet av en veloverveid nedstripping til det vesentlige og av direkthet og umiddelbarhet" (Wiwjorra 2009: 35).

87 Sjå Terje Emberland, "Viking og odelsbonde" i *Jakten på Germania*, Oslo, Humanist forlag 2009.

88 Sjå § 8. i "Lov om trdomssamfunn og ymist anna" [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1969-06-13-25/KAPITTEL\\_3#KAPITTEL\\_3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1969-06-13-25/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3) 09.05.2016. Dette vert også påpeika i Bifrosts lovsett: § 1.6.1 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 09.05.2016

89 På Bifrosts nettsider står det at "Vi lar oss inspirere av andre nålevende naturreligioner og nyhedenske erfaringer, slik at vi får en religion som er tilpasset det moderne liv." <https://www.bifrost.no/om-asatru> 09.05.2016.

90 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 09.05.2016

allmenndanning og eit moderne eller postmoderne verdsett, slik at tolkinga av norrøn religion og kultur vert påverka i den retningen. Sjølv om det ikkje naudsynleg er overlappende medlemskap mellom offisielle organisasjonar kan personar i åsatrumiljøet likevel koma frå delvis overlappende sosiale kretsar, som muskar- eller kunstnarmiljø eller reenactmentmiljøet. Eit konkret døme er Blindern Åsatrolag, som var involvert i dei tidlegaste forsøka på å få registrert eit offentleg godkjend åsatrufellesskap, dei hadde fleire medlemmer som var tilknytta studentmiljøet på Blindern på 80-talet<sup>91</sup>.

---

91 <https://www.bifrost.no/om-bifrost> 05.05.2016

### 4.3.3. Sjølvbilete og sjølvforståing av åsatru

Altså, moderne åsatru, kva faen er det for noko?.. Jo, øhm, du tek utgangspunkt i dei gamle norrøne mytene, og så ser du på dei, så les du det, og så ler du... og så finn du ut at det er faktisk ei kjerne i dei som gjer at du, du byrjar sjå at dette kan gje deg ein retning som går å leva etter. Vi tek utgangspunkt i det første, der er ingen som trur at der er ein som heiter Tor som raser over himmelen og slår lyn. Det, altså den vitenskapelige delen, den er heilt grei.

Altså Per sat her - altså vi sit nå i kafeen - Per på fem sat - for dei hadde hatt lynnedslag - og fortalde det at Tor hadde ein maskin som han flaug over himmelen med og då vart der lyn. Og der var det ein kvit knapp og når han trykte på den, så kom der snø, også ein blå knapp, så kom der regn. Og når dei er så små, så er det greitt det.

Men det å sjå på Tor igjennom mytene og finna kva eigenskaper har denne figuren hatt? Då byrjar du å sjå eit heilt anna bilete, altså den store bråsinte krigaren som,... altså sleppte du dette laust, så var det flatt det som var rundt, sant?

Og då kan du sjå at... korleis relaterar du det til idag? Altså den bråheten hans sant... så ser du det at i dagens samfunn så er dei eigenskapane nedvurdert, dei er undertrykt, dei er klemt vekk, du har ikkje lov å vera bråsint lenger, det vert rekna som uhøfleg... Så kan du gå på alle dei andre elementa, som Frøy som er kjærleiken og fruktbarhet og slikt, du har idun med sine gullepler slik at gudane får evig liv og så vidare. Så kan du sjå at kvar enkelt av dei... er som eit aspekt av eit heilt liv, for eit heilt liv er så stort at du aldri klarar å ta til deg kva liv er. Ved å sjå på dei ulike skikkelsane her, sant, så byrjar du å øyna at viss du legg alt dette saman, så er det faktisk alt som er rundt oss. (Oluf)

Åsatrua inneber trua på ei rekkje makter henta frå norrøn mytologi. For å forstå kva dette inneber kan vi først sjå på det offisielle standpunktet til Bifrost uttrykt i mellom anna lovane deira, som i § 1.3 der det mellom anna står:

Jeg trur på de hellige vanene og deres makt til å påvirke min kropp, mine lyster og den naturen jeg omgis av, idet de er en del av naturens organiske elementer. Jeg trur på de høye æsene og deres makt til å påvirke mitt sinn.<sup>92</sup>

I tillegg vert ei rekkje andre makter nevnt, som til dømes jotner og vetter, normene, sol og måne. Naturen vert også sett på som ei – kanskje overordna – makt som alle er ein del av og som gudar har evne til å påverka. For å få ei forståing av kva åsatrua innebér har eit viktig tema vore den enkelte si sjølvforståing av åsatrua og sjølvbilete som åsatruar. Då kjem det mellom anna opp korleis ein ser på gudane og dei ulike maktene rundt i verda og korleis ein knyt den norrøne mytologien til verda idag. Gudane vert sjeldan sett på som fysiske vesen, men gjerne sett på som bilete på deler av mennesket eller, som Oluf sa, aspekter av livet. Det kjem også fram på Bifrost si nettside:

Samtidig er det viktig for oss at dette ikke er noen statisk historiedyrkning. Vi lar oss inspirere av andre nålevende naturreligioner og nyhedenske erfaringer, slik at vi får en religion som er tilpasset det moderne liv. Vi prøver ikke å motarbeide ny viten, men bruker den gamle idéverdenen til å forstå den.<sup>93</sup>

Det metaforiske synet på gudane og maktene gjekk igjen, Agnes uttrykte det slik at ho ser på gudane som uttrykk for krefter som ho meiner ho veit eksisterer: "Jeg ser på gudene som uttrykk for krefter jeg vet eksisterer, altså mot, styrke, visdom, vind, vær, ting jeg vet finnes." (Agnes). Graham Harvey meiner at forholdet til gudane kan strekka seg frå rein tilbeding til magisk emulering:

Some approach the deities to honour them, some even to worship. Others hope to gain wisdom, understanding, power or visionary insights. [...] There are even those who speak of "becoming deities", being drawn onwards by the current deities who are themselves evolving into higher forms. (Harvey 1997: 57)

---

92 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 04.05.2016

93 <https://www.bifrost.no/om-asatru> 04.05.2016

Gregorius si erfaring med åsatruarane i Sverige var også at dei føretrekk å kalla gudane for makter, og at dette kan inkludera andre vesen enn æser og vaner (Gregorius 2008: 207). Åsatruarane ser essensielle eigenskåper vera personifisert i maktene eller verdjar som kan koma til uttrykk i mytologien, som til dømes *Hávamál*. Dei norrøne mytene gjev meining idag som grunnlag for desse verdiane, og er gjerne sett som ein kontrast til eit manglande grunnlag for desse verdiane i dei tradisjonelle religionane eller det sekulære samfunnet. Difor er det interessant å sjå på kva dei ikkje likar med det sekulære eller dei tradisjonelle religionane, og vidare kva svar dei finn i åsatrua. Som vi såg kjende fleire av åsatruarane eit behov for å ha ein religion eller kjende seg som religiøse eller andelege menneskje før dei vart åsatruarar, med andre ord hadde dei eit behov som det sekulære samfunnet ikkje kan fylla. Fleire av dei har også vore innom kristendomen, men meinte at den ikkje gav dei eit verdigrunnlag som dei kunne vera tilfreds med. Oluf meinte til dømes at det er for stor skilnad mellom kva den kristne læra seier at ein skal gjera og kva kristne autoritetar gjer:

Du vert dritlei av at folk lyg for deg. Altså kvifor lyg dei? Kvifor er der ein gamal mann som kan alt? Som har *heile vitet!*? Jaja og så er det slik og så står der då altså ein annan i bedehuset og gjer stikk imot det som han gamle mannen med heila vitet sa! (Oluf)

Derimot meiner dei at åsatrua gjev dei eit verdigrunnlag som dei kan kjenna seg igjen i. Dette verdigrunnlage var for mange av informantane ei form for ære. Denne typen ære er i følge åsatruarane knytt til ærlegheit og integritet. I lovsettet til Bifrost finst der nokre punkt som skal visa kva som meinest med ære. Til dømes står det at ein person vert rekna for uverdigg om han eller ho offentleg motarbeidar Bifrost eller åsatru, eller håner andre fordi dei har ei anna tru eller herkomst. Det skal likevel ikkje vera til hinder for å kritisera andres oppførsel eller etiske haldningar<sup>94</sup>. Ein person skal reknast som ærelaus hvis han eller ho er upåliteleg eller krenker andre, særskilt dei lovleg valte embeta i Bifrost<sup>95</sup>. Særskilt ille er det dersom personar misbrukar maktposisjonar til skade for andre eller hånar ting som vert rekna for heilage av andre åsatruarar, personar som gjer slikt skal verta rekna som "ærelaus niding"<sup>96</sup>.

---

94 § 2.4.1 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 09.05.2016

95 § 2.4.2 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 09.05.2016

96 § 2.4.3 <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 09.05.2016

Agnes forklarte æresomgrepet som ein slags form for sjølvevaluering:

Men for meg går det på at du står for dine handlinger, du tar konsekvensene av det du gjør, jeg skal kunne stå opp hver morgen og se meg selv i speilet og si "jeg gjorde så godt jeg kunne".

(Agnes)

Dette kan gjerne sjåast igjen i § 3.5.6.3 i lovsettet, der det står at "Den som har fått en tingstevning, har rett til å prøve å bøte skaden, og vil få dette regnet til sin fordel når saken føres for Tinget."<sup>97</sup>

Mange åsatruarar meiner at der i motsetnad til dei tradisjonelle religionane ikkje finst noko direkte godt eller vondt i åsatrua. Den vanlege oppfatninga er at der ikkje finst nokon paralell til Gud som det gode og Satan som det vonde i åsatrua. Dei legg mellom anna vekt på at gudane i åsatrua ikkje er ufeilbarige, og at Loki, som gjerne kunne sjåast som motsvar til Satan, ofte er den som gjenoppretter den naturlege orden. Som døme brukte Oluf myta om *Baldr*, i følgje han strir gudane sitt forsøk på å gjera Baldr usårleg mot naturen, og då kjem Loki som ein kaoskraft inn og kullkastar planane deira.

Han er absolutt totalt kaos, du veit aldri kva han finn på, du veit aldri kvar han er. Men! Ein ting er sikkert; viss du held på med noko som er på veg til å gå på utsia av naturens gang, aldeles! Så vert der eit kaos, og så ordnar naturen resten sjølv. (Oluf)

Denne tolkinga ligg tett opp til Gro Steinslands tolking slik ho legg det fram i *Norrøn Religion*: "Gudene er som vi har sett, ordnende, skapende og opprettholdende makter, jotnene er kaosmakter" (Steinsland 2005: 140). Det som er interessant er at Steinsland si tolking av kjeldane representerer ein diskurs om norrøn mytologi som er samanfallande mellom åsatruarane og delar av samfunnet elles. I andre kretsar vert gjerne andre ting lagt vekt på, slik som Armanen-Orden ser på dei ulike guddomane som bilete på eigenskapene til enkelte folk eller stammar av den ariske rasen (von Schnurbein 1992: 45)

---

<sup>97</sup> <https://www.bifrost.no/om-bifrost/lovsett> 09.05.2016

Åsatruarane meiner i alle fall at dei har eit anna forhold til og syn på guder og makter enn det som er vanleg i tradisjonelle religionar som Kristendomen. Fredrik Gregorius meiner at synet på Kristendomen i nyheidne grupper oftast er negativt, og at Kristendomen har ein tendens til å tena som symbol på alt det som heidendomen ikkje er (Gregorius 2008: 138). Dette synet kjem gjerne fram i åsatruarane i Bifrost, til dømes når dei seier at Kristendomen er dogmatisk, medan dei meiner åsatrua ikkje er det. Åsatruarane rettar også ein særskilt sterk kritikk mot Kristendomen i spørsmålet om kvinnesyn.

### *Eit moderne kvinnesyn*

For dei kvinneleg informantane tilbyr åsatrua også eit andeleg verdigrunnlag som dei meiner i mykje større grad har ein innebygd respekt for kvinner enn dei tradisjonelle religionane. Dei meiner til dømes at i motsetnad til Kristendomen og dei andre tradisjonelle religionane, så har åsatrua sterke kvinneskikkelser som moderne kvinner kan identifisera seg med og venda seg til. Då tenkjer dei gjerne på *Freyja* eller *Frigg*, som begge vert sett på som gudinner med makt og innflyting<sup>98</sup>. Kvinnesynet i åsatrua var særleg viktig for Agnes og Tordis:

[...] i den kristne religionen som jeg fant i bibelen og som jeg ser enkelte steder rundt meg i samfunnet også, så er det -opplever jeg da- en veldig mangel på sterke kvinner, sterke kvinneskikkelser, mens i åsatrua og i eddadiktene og alt dette her så er det masse sterke flotte kvinner som kan og vil og som får gjennomslag og blir hørt og... Og dét, er veldig viktig for meg. For jeg er ikke typen til å sitte stille i en krok og høre på, hehe! (Agnes)

Som sagt fordi jeg mener... det er ikke plass til kvinner inn i de fleste religioner. [...] Kvinner er halve verden men det ser ikke ut for meg som at det er plass. [...] Men jeg kan *bedre* identifisere meg de norrøne guder, enn i forhold til andre. Det som også fascinerer meg, det er *kvinnelige* guder! Det er ikke særlig populært andre steder, hehe. Så det kan jeg identifisere meg med personlig. (Tordis)

---

98 Freyja tyder "frue", og er i norrøn mytologi namnet på ei av dei viktigaste gudinnene. I følge Snorri er Freyja den mest vidkjende av gudinnene: "Freyja er ágætust af Ásynjum" (*Gylfaginning*, s. 24). Ho er moglegvis opprinneleg den same som *Frigg*, som vert skildra som kona til Óðinn, og i følge Snorri høgast av gudinnene: "Frigg er æzt." (*Gylfaginning*, s. 29). Sjå Simek 1993: 90; 93 og Stefánsson 2009: 66; 69.

Det er interessant korleis det stadig er ei blanda oppfatning av kor mykje vekt ein skal leggja på vikingtidas samfunn jamført med det ein meiner å sjå av religionen, og kor mykje vekt ein skal leggja på det som kan ha vore vikingtidas religion i forhold til den nye konstruerte religionen åsatru. På den eine sida er alle klar over at verda ikkje er den same no som den var for tusen år sidan og at vi ikkje kan seia med sikkerheit kva som var samfunnet og religionen då. På den andre sida jamfører dei det førkristne samfunnet og religionen med det kristne, særskilt med tanke på kvinnesyn, der det førkristne samfunnet og religionen vert sett som betre. Denne diskursen om kvinnesynet i vikingtida kjem også fram i Gro Steinslands *Norrøn religion*, som hevdar at sjølv om det ikkje var likestilling mellom kjønna, så var menn og kvinner på mange måtar "jevnbyrdige" (Steinsland 2005: 372). I følgje Steinsland er det nyttigare å sjå forholdet mellom kjønna i vikingtid i lys av arbeidsfordeling: "Gården ble styrt av bonden og bondekona i fellesskap. Vi har sett at høyetet, gårdens autoritetssete og juridiske nøkkelsymbol, var sitteplass for ektefolk sammen" (Steinsland 2005: 372).

Denne måten å sjå forholdet mellom kjønna kjem ofte fram hjå informantane mine, og av informantane mine er ektefeller, og dei var samde om at det var ein bra ting at dei ikkje hadde dei same oppgåvene i samlivet, sidan dei ikkje var like flinke til dei same tinga.

Men akkurat sånn som Lars seier, det er selvfølgelig ting som menn er betre på enn kvinnfolk - eg er ikkje noko god til å bruka motorsag og bera tunge ting, så kan menn gjera det, sant, så kan eg gjera andre ting. Og likestilling betyr jo ikkje at alle skal gjera alt. [...] Men eg tykkjer jo óg at i historien og i Islendingesogene og Edda, då vert faktisk... Altså kvinnene vert verdsatt for å vera kvinner. Sant, dei får born og dei ammar og dei kan ting som menn selvfølgelig ikkje kan, og menn kan ting som kvinnene ikkje kan, altså eg trur at begge kjønna vert verdsatt, dei vert ikkje *sett opp imot* kvarandre, dei vert verdsett for det dei *er*." (Miriam)

Det var likevel ikkje på den måten at ho hadde berre tradisjonelle kvinnegjeremål og han berre tradisjonelle manngjeremål, dei meinte også at begge kjønn burde ha like moglegheiter og rettar.



Eit argument for den moderne diskursen om kvinnesyn i vikingtida er at husfrua på garden i vikingtida åleine bar nøklane til dei ulike låsane på garden. Steinsland legg det fram slik:

Nøklene var hennes symbol på autoritet. Bare hun hadde tilgang til bur og boder der mat og klær var oppbevart. Husfruens nøkler er på det symbolske plan en parallell til den frie mannens våpen. (Steinsland 2005: 372-373)

Denne tolkinga er basert på hovudsakleg nokre verselinjer frå eddakvad: "Heim óku þá / hanginluklu, / geitakyrtlu, / giftu Karli" (Heim dei førde, / med nyklehenker / og geiteskinnsstakk, / gifta til Karl" (*Rígsþula* 21) "Látum und hánum / hrynja lukla / ok kvenváðir / um kné falla" (Late om honom / lykklar ringle / og kvendeklede / om kne falle) (*Drymskviða* 16). I tillegg har det vore basert på arkeologiske nøkkelfunn i kvinnegraver. Dei arkeologiske kjeldene har imidlertid nyleg vorte revurdert i Heidi Lund Berg si masteroppgåve i arkeologi<sup>99</sup>, der ho har kome fram til at nøkkelen symbolverdi er mykje meir komplisert enn dei etablerte tolkingane (Berg 2013: 98). Ho meiner også at det ikkje finst grunnlag i det arkeologiske kjeldematerialet for å hevda ei særskilt kopling mellom nøkler og husfrua. Ho peikar på at det ikkje er ei stor overvekt av nøkkelfunn i kvinnegraver over mannsgraver, og at det ikkje er nøkkelfunn i alle dei gravene som kan tolkast som husfruegraver (Berg 2013: 98-99).

Nokre åsatruarar meiner også at kvinner i vikingtid kunne vera med i strid, eit syn som kanskje heng igjen i frå populære framstillingar av vikingar, men som også eit visst grunnlag i litterære kjelder. I sogene møter vi i nokre tilfeller kvinner som tek til våpen av ulike årsaker, til dømes i *Gísla saga Súrssonar*, der kona til Gísli slår til ein åtaksmann i slutten av saga, noko som Gísli rosar<sup>100</sup>. Dette er likevel eit unnatak, noko

---

99 Heidi Lund Berg, *Nøkkelp praksis: Østnorske jernaldernkler som symbol og teknologi*, Oslo, Universitetet i Oslo 2013.

100"Þat víska ek fyrir lǫngu, at ek var vel kvænt, en þó víska ek eigi, at ek var svá vel kvænt sem ek em." (*Gísla saga*, s. 112) skal Gísli ha sagt då han fekk stridshjelp av kona si. Kvinnene i *Gísla saga* viser seg i det heile som særskilt hjelpsame, og stør Gísli mykje der mannfolka som pliktat det, svihtar. I *Gísla saga* kan det sjá ut som kvinner trer over i mannsrolla når mennene forsømer sine plikter. Carol Clover har spekulert i ein "one-gender model with a vengeance" i den norrøne kulturen (Clover: 1993, s. 386), der kjønn er meir avhengig av sosial kontekst enn biologisk kjønn. Sjå Carol Clover, *Regardless of Sex: Men, Women, and Power in Early Northern Europe*, Chicago: The University of Chicago Press 1993, s. 363-387. Sjå også Judy Quinn, *Women in Old Norse Poetry and Sagas* Blackwell Publishing Ltd. 2007, s. 518-535.

det også er i tilsvarande hendingar i andre soger. I *Snorra Edda* vert det sagt at *Freya* skal ha halvparten av dei falne på slagmarka (Gylfaginning, s. 24). I tillegg finst der i heltekvada som er overlevert i mellom anna *Codex Regius*<sup>101</sup> ei rekkje fremstillingar av såkalla *valkyrjar*, som gjerne har vore sett på som teikn på ein kultur der det var sosialt akseptabelt for kvinner å slåst, men det er fleire kjeldekritiske problem ved dette. Valkyrjene var sannsynlegvis opprinneleg meir som ein slags uhyggjelege dødsdemonar, og fekk først seinare i transmisjonen den romantiske karakteren som skjoldmøyer med menneskelege eigenskapar (Simek 1993: 349). I det siste har det også vore ein populær nyhendesak om nokre gravfunn i England der det viste seg at nesten halvparten av ei samling såkalla "vikinggraver" var kvinnegraver. Det vart tolka som eit teikn på at folk som reiste frå dei nordiske landa hadde med seg kvinner på ferda og slo seg ned på dei britiske øyer saman med moglegvis konene sine. Denne saka vart feilsitert og blese opp på andre nyhendesider på internett og framstilt som eit funn av ein krigarflokk der halvparten av krigarane var kvinner<sup>102</sup>. Saka har sirkulert rundt med jamne mellomrom særleg på facebook mellom både reenactere og åsatruarar, og sjølv om det alltid er nokon som påpeikar dei faktiske forholda, så viser det eit populært ønskje om å stadfesta idéen om skjoldmøya eller valkyrja som ei historisk vikingkvinne.

Men jeg har verdier som jeg kanskje henter derfra som er viktige, jeg er veldig sånn... glad i valkyrier da, du har de som er veldig sånn inspirerende, og som en sånn feministisk forbilde eller som et ideal eller en... Jeg drømte jo om å slåss med sverd siden jeg var bitte liten og, i stedet for å bare se en masse filmer og lese masse bøker så starta jeg vikingkampgruppe og begynte å slåss og, ikke sant at det er et ideal som jeg har derfra da. Og har liksom hatt den holdningen gjennom livet at utfordringer de møter man face on og tar de og ikke skulke unna og vri seg unna og prøve å unngå problemer da. Men har noen idealer om ærlighet, som ikke bare handler om å tale sant, men om å handle sant da, hehe kanskje. (Aud)

---

101 Handskriftet *Codex Regius* (GKS 2365 4to) inneheld ei rekkje dikt, som mange kallar gudedikt og helteidikt, mykje på grunn av rekkjefølgja dei står i *Codex Regius*. Dette handskriftet er datert til kring siste halvdel av 1200-talet. Sjå Else Mundal, "Edda- og skaldediktning", Bergen, Fagbokforlaget 2004, s. 220

102 Sjå til dømes <http://www.theglobeandmail.com/life/half-of-viking-warriors-may-have-been-women-says-study/article20331819/> 05.05.2016 eller <http://www.tor.com/2014/09/02/female-warriors-proof-swords/> 05.05.2016 Sjå også eit døme på avvising av tolkinga: <http://www.encasedinsteel.co.uk/2014/09/05/viking-warrior-women-or-misrepresenting-research/> 05.05.2016

Aud er ei av dei som også har vore med i hærkampmiljøet i Noreg, ho meiner at kvinner i vikingtid nok i alle fall har *kunna* slåst, men ho er likevel medviten om at det kan vera at ho heller *ønskjer* at det har vore slik. Men ho meinte det likevel er viktig å få med seg at ho ikkje tykkjer ho har behov for å legitimera moderne feminisme med korleis samfunnet var i vikingtida:

Jeg tenker at damer har nok kunnet slåss å forsvare seg den gang. Det kan være jeg bare ønsker at det var sånn. Skal ikke se bort fra det men jeg tenker at man har nok kunnet slåss. Men jeg har ikke noe behov for å legitimere moderne feminisme eller moderne samfunn med hvordan det var i vikingtida. (Aud)

Stefanie von Schnurbein fann også ei liknande oppfatting om kvinnesyn i den tyske *Heidnische Gemeinschaft*<sup>103</sup>, som i ei annonse skreiv "Frau und Mann sind in unserer heidnischen Naturreligion gleichberechtigt" (von Schnurbein 1992: 150). Her går også synet på heidendomen som ein naturreligion igjen.

Synet på kvinner i henhaldsvis åsatrua, norrøn religion og norrøn kultur som kjem fram hjå dei norske informantane viser at sjølv om dei hevdar å ikkje ha behov for å legitimera eit moderne kvinnesyn på den norrøne religionen og kulturen *slik han var*, så har dei framleis ein tendens til å gjera det. Dette viser også den eklektiske haldninga til kjelder som er karakteristisk for denne typen religiøsitet (Rothstein 1991: 16). Dei finn kjelder til religionen sin fleire stader, og dei nyttar det dei meiner er relevant for sin religion, og forkastar det dei meiner ikkje er relevant. Som Harvey seier: "Paganism [...] has created and developed an identity from many threads which it has woven into patterns at once original and familiar" (Harvey 1997: 177).

---

103Sjå von Schnurbein: 1992, s. 142

*Livet før og etter dauden*

<sup>104</sup> Deyr fé, deyja frændr, deyr sjalfr it sama, en orðstírr deyr aldregi, hveim er sér góðan getr.	Døyr fe; døyr frendar; døyr sjølv det same. Men ordet om deg aldri døyr vinn du eit gjetord gjævt.
--	---

Denne strofa vert sitert på Bifrost si nettside der det står om gravferdsseremoniar og dei moglegheiter Bifrosts medlemmer har i samband med dødsfall<sup>105</sup>. I følgje Liselotte Frisk er eit av kjenneteikna på nye religiøse rørsler at dei har ei positiv innstilling til verda og det materielle (Frisk 1998: 20). I åsatrua manifesterar dette seg i at dei er opptekne av livet *før* dauden mykje meir enn eit potensielt liv *etter* dauden. Graham Harvey peiker også på korleis polyteisme finn mening og verdi i variasjonen i det vanlege livet til mennesker, han ser det som ein motsetnad til monoteisme: "Polytheism makes possible the celebration of our everyday 'mundane' lives, whereas monotheism tends to diminish them in favour of the exaltation of an after life of divine worship." (Harvey 1997: 55). Det positive synet på den materielle verda kom til syne hjå fleire av åsatruarane i Bifrost, nokre av dei viste også til det same verset i Hávamál:

I åsatroa, så opplever jeg veldig at vi tror på et liv *før* døden, det er *det* som er viktig! Det er det livet du lever nå, som er utslagsgivende for hvordan folk snakker om deg etterpå, når du da blir borte, ikke sant?

Og man kan, jeg vet ikke, noen har sikkert et ønske om å havne i et av disse dødsrikene og en forestilling om at det er en mulighet. Andre, og jeg teller nok blandt dem, er vel... sørgelig klar over at den dagen det er slutt, så er det slutt, det var det liksom. Du har denne sjansen, så... og det er jo igjen dette berømte hávamál-diktet om at "dør fe, dør frender" ikke sant, mens det som lever videre er ordet om den som er død, så det er på en måte det jeg prøver å sikte meg inn på da, at folk skal ha noe hyggelig å si om meg den dagen jeg slukker lyset liksom. (Agnes)

---

104Hávamál 76

105<https://www.bifrost.no/seremonier/gravferd> 09.05.2016

Og det som faktisk er litt interessant, er at kvar du havnar hen, det har ingenting med korleis du har levd... Kva er årsaken til din daud? Altså det er årsakssamanhengen som gjer det. Altså kva du har gjort før tyder ingenting men i den augneblinken du gjev slepp på livet av en eller annan grunn så er det ein grunn for det, og det er den grunnen som gjev deg kvar du skal hen, og det er klart det at i et moderne samfunn som idag, så er det sottedauden der du går.

Og etterpå, anten så skjer der ingenting, og då har alle saman teke feil, eller så vil eg sannsynligvis treffa ei stygg kjerring som heiter Hel, som er ansvarlige der nede, og då har eg det nok verre enn eg har hatt det her, sjølv om det er ganske gale på jorda. (Oluf)

Det verker ikkje å vera ei klar felles meining om eit liv etter dauden og kva det i så fall innebér. Oluf meinte på den eine sida at gudane i åsatrua ikkje var fysiske vesen som flyg på himmelen. På andre sida snakka han om ulike heimar og trudde han mest sannsynleg vil hamna i Helheimen når han døyr, han utelukka likevel ikkje moglegheita for at alle har teke feil og at noko heilt anna kan skje, eller at ingenting skjer i det heile. Agnes illustrerer den andre enden av spekteret, ho meinte å vera ganske overtydd om at dauden er den endelege slutten, og at der ikkje finst nokon stad ein hamnar etter livet. Mellom desse syna er der sjølvsagt ulike kombinasjonar av desse, det er heller ikkje ukjend å tru på former for reinkarnasjon mellom åsatruarane. Felles for alle er likevel synet at det som er viktig eller *signifikant*, er korleis personar oppfører seg i dette livet, og at det er knytt til materielle omstende, medan kvar ein eventuelt havnar etter ein er daud ikkje er viktig. Dette knyter attende til åsatruarane sitt æresomgrep og samstundes til det Frisk seier om den positive haldninga som nyreligiøsitet har til den materielle verda (Frisk 1998: 20).

#### 4.3.4. Åsatru og politikk

Jeg synes det er veldig kult at vi i Bifrost har valgt å være... politiske, ja! For du ser veldig mange åsatrusamfunn i andre land da som er veldig sånn; "neinei, vi skiller religion og politikk og sånt", men at vi i stedet for har valgt å ta et sånn frontalangrep å si "yes! vi er i mot å blande religion og politikk og det er vi politisk for!" hehe, ikke sant? Liksom: "Og vi vil ha et skille der og vi vil ha disse endringene og disse endringene og det vil vi jobbe for politisk". Så jeg synes det er en veldig kul ting at vi driver å bekjemper vår egen statsstøtte liksom, hehehe.

Det er ganske mange hundre tusen i året. Egentlig alt, vi har jo ikke noe, vi har en sånn frivillig medlemsavgift som ikke har vært innkrevd på mange år, alt vi har av penger er jo penger vi får fra stat og kommune. (Aud)

[Ein] religionspolitisk plattform har dei for eksempel utarbeidd, som er ni-ti punkter... - politiske perspektiver som ein må kunna stå for dersom ein skal kunna vera medlem av Bifrost. Eg driv for eksempel og vurderer å melda meg ut av Bifrost på grunn av det. Ikkje på grunn av at eg er usamd, over hodet altså, eg tykker det, det er forsåvidt fine haldningar, men eh, men då er du på ein måte... Då er du på veg inn i ei retning eg meiner eit trussamfunn ikkje behøver eigentleg. Fordi eg, personleg, meiner at religion er religion og at politikk er politikk, og aller helst - sjølv om det nok er umogleg - men ein bør nok - for å ha fred og fordragelegheit - i størst mogleg grad freista å skilja mellom dei to fenomen. (Kristian)

Bifrost har det dei kallar ein "religionspolitisk plattform", som mellom anna uttrykkjer deira haldning til religion og politikk, saman med generelle og spesielle haldningar som trusfellesskapet har overfor den politiske styringa av Noreg. Alle eg har snakka med er samde om at religion og politikk idéelt sett bør skiljast, det står også i den religionspolitiske plattformen: "Vi mener at stat og kirke må skille lag, og at kirken skal behandles som et ordinært trossamfunn uten statlig overstyring."<sup>106</sup> Dette ville potensielt kunna gå utover statstilskot til trussamfunn<sup>107</sup>, noko som ville ramma Bifrost som ikkje har noko meiningsfull inntekt frå andre stader.

---

<sup>106</sup><https://www.bifrost.no/om-bifrost/religionspolitisk-plattform> 04.05.2016

<sup>107</sup>Bifrost fekk 162324 kr i statstilskot i 2015, sjå vedlegg 4 om statstilskot til trussamfunn.

Sjølv om dei meiner stat og religion bør skiljast åt, så meiner dei fleste at den religionspolitiske platformen ein reint praktisk måte å forhalda seg til samfunnet slik det er idag. I følgje det første punktet i denne religionspolitiske platformen er føremålet kunna "jobbe mer retningsbestemt" – rimelegvis i møte med myndigheiter – og å gjera det meir tydeleg for utanforståande kva dei står for<sup>108</sup>. Agnes meinte at i ei idéell verd, så blandar ein ikkje religion og politikk, men slik det er i dag så er dei nøydd til å forhalda seg til politiske spørsmål:

Og Bifrost er nødt til å være med i den debatten og den diskusjonen, hvor vi er nødt til å ta klare standpunkter og si tydelig fra, om hva vi mener om ting. (Agnes)

Eit av dei viktigaste politiske bodskapa i denne platformen er at dei ønskjer det fleirkulturelle velkommen, dei meiner det er heiden skikk å ønskja alle gjester velkommen<sup>109</sup>, slik som vi alt har vore inne på med henvisinga til *Hávamál*. Ein kan også leggja til at fleirkultur berre har vore positivt for Bifrost sin eksistens, i det at det utvider det religiøse landskapet og skapar ein større sosial aksept for ikkje-kyrkjelege religiøse retningar. Gregorius identifiserer ein meir konkret måte dei svenske åsatruarane ser seg sjølv i forhold til det fleirkulturelle samfunnet: Ut i frå eit sjølvbilete som minoritetsreligion sidestiller dei svenske åsatruarane seg i følgje Gregorius med andre minoritetar i samfunnet, og gjer på den måten krav på ein tilsvarande posisjon med tilsvarande rettar i forhold til samfunnet elles (Gregorius 2008: 286).

---

108<https://www.bifrost.no/om-bifrost/religionspolitisk-plattform> 09.05.2016

109Sjå siste punktet: <https://www.bifrost.no/om-bifrost/religionspolitisk-plattform> 09.05.2016

#### 4.3.5. Rekonstruksjon, gjenoppliving og nyskaping

Dei norske åsatruarane meiner det er viktig å få med seg at dei er klar over at dei er moderne mennesker som lever i eit moderne samfunn. Dei er ikkje opptekne av å rekonstruera ein norrøn kultur eller eit norrønt samfunn, langt på veg heller ikkje religionen. Det er litt ulike nyansar i oppfattinga om det, men dei fleste er klare på at åsatrua er ein ny og moderne religion for moderne mennesker, og at det uansett ville vera umogleg å gjenskapa den norrøne religionen slik han var om det var det ein ville. Dei er opptekne av det dei meiner å finna av verdisyn og idéar i den norrøne mytologien eller religionen slik vi kjenner han, og relatera det til og gje det meining i dag. Oluf var veldig klar på at der er eit skilje mellom reenactment, som er eit forsøk på å gjenskapa noko som har vore før, og moderne åsatru, som er ein ny religion. Men han meinte likevel at der var nokre verdiar i den norrøne religionen som kunne gjenninførast:

Det å på noko vis å prøva å gjenninføra ein slik kultur er totalt idiot, med andre ord; det går ikkje, vi kan ikkje det. Men, det vi kan freista å gjenninføra, det er jo det at, du skal., du må stå for det du gjer, du må vera ærleg og opprektig, svara sant eller halda kjeft, sant, altså slike enkle verdiar. (Oluf)

Her er vi attende til verdigrunnlaget som dei meiner åsatrua gjev dei, men det er ikkje slik at dei naudsynleg meiner verdigrunnlaget kjem frå vikingtida og norrøn religion. Dei tykkjer det er interessant å vita kva den norrøne religionen var og kva dei trudde i vikingtida, men meir som eit hjelpemiddel til å tolka kjeldene som er grunnlaget for deira eigen religion, som Aud sa er det ikkje førande for kva ho trur eller kva verdiar ho har:

Ja, ikke sant, samtidig så tenker jeg at det er interessant å vita hva de trodde i vikingtida, jeg er veldig interessert sjøl, men det er likevel ikke førende for hva jeg velger å tro og hvilke verdier jeg har idag. (Aud)



#### 4.4. Oppsummering

Her har det vore målet å gje ei framstilling av korleis åsatrua ser ut i Noreg i dag. Nokre viktige moment har vore deira sjølvbilete og sjølvforsåping av seg sjølv og sin religion, og korleis dei forhold seg til verda og samfunnet elles.

Den moderne åsatrua er for medlemmene i Bifrost først og fremst eit religiøst fellesskap. Det er ei samling av menneskje som har eit liknande verdisyn, som søker ein stad å utfalda seg religiøst saman med andre menneskje. Det er ikkje dermed sagt at dei ikkje kan eller vil ha religiøse opplevingar utan dette fellesskapet, men med den prosessen som mange har gått gjennom for å verta medlem og med dei tinga som dei legg vekt på som motivasjon for å vera i eit religiøst fellesskap, så må ein seia at det å tilhøyra eit fellesskap er noko av det mest sentrale.

Trusfellesskapet samlar seg om ei rekkje felles verdiar som dei meiner å ha, mellom desse verdiane er den nevnte udogmatiske haldninga, men samstundes vurderer dei folk skal etter ein norm for ærefull fremferd. Det dei legg i ære er å vera påliteleg, til dømes er det viktig å snakka sant, men samstundes å ikkje seia vidare fortruleg informasjon, og ein skal stå for det ein meiner. Dei meiner også det er viktig å gjera opp for seg om ein har gjort noko galt.

På same måten som menneskja ikkje er ufeilbarige, meiner åsatruarane at gudane heller ikkje er det, på den måten kan dei identifisera med gudane. At gudane er lette å identifisera seg med er ein viktig faktor for at folk vert åsatruarar. Identifisering med gudane eller maktene er også eit viktig aspekt for kvinner som meiner at der ikkje finst kvinnelege skikkelsar i andre religionar som det er mogleg for moderne kvinner å identifisera seg med.

Gudane og maktene slik dei fremstår i mytene vert forstått hovudsakleg metaforisk, det er ikkje noko utbreidd meining om at gudane eller maktene finst som fysiske skapningar. Likevel er det for dei fleste ei klar oppfattning om at dei er ekte, men at dei ikkje dermed treng vera personar. Gudar og makter vert heller sett på som representantar for ulike krefter som dei meiner finst i verda, desse kreftene opplever dei som reelle.

Åsatrua er ein ny religion, og dei fleste åsatruarane ser også på denne religionen som

ny, men det er ulike oppfatningar om kor sterkt bandet til den gamle norrøne religionen er. Nokre er veldig opptekne av å skilja det nye og det gamle, og er veldig medvitne om skilnader i verdisyn i norrøn religion og moderne åsatru. Andre meiner at religionen er gamal, men at han likevel har utvikla seg til å passa betre med den moderne verda, det verker ikkje å vera noko tru på ein ubrotten tradisjon frå gamal tid.

åsatruarane er klar over at verdisystemet deira skil seg frå det som var i vikingtida, men det er litt ulikt syn på kva måte. På den eine sida er det dei som meiner at nokre av vikingtidas verdiar er uttrykk for kulturen eller samfunnet, medan religionen må sjåast som noko anna enn dette, medan andre er ganske klar over at dei plukkar litt i kjeldene og finn det som passar ein. Ikkje alle er så veldig opptekne av vikingtida eller samfunnet den gong, det er for mange mytologien slik vi har han overlevert idag som er inspirasjonskjelda, dei meiner å sjå essensielle verdiar i mytene som er overførbare til i dag.

## 5. Religiøs praksis og kjeldegrunnlag

I følgje Rothstein<sup>110</sup> er dei tinga mennesker førestiller seg, og korleis dei handlar i relasjon til desse førestillingane "to alen av samme stykke" (Rothstein 2001: 273). Dei ulike religiøse praksisane er difor eit viktig utgangspunkt for å forstå religionen. Niels Reeh sin innfallsvinkel er liknande, men litt meir presis, han meiner at desse er ein essensiell del av religionens konstruksjon av seg sjølv, dei svarar på spørsmål som "kven er vi?" og "kvar kjem vi frå?":

It can thus be understood as a series of discourses that tend to maintain the survival unit and its nomos by positing a foundational narrative dealing with ultimate origin and future on the one hand, and social difference on the other. (Reeh 2013: 277)

Myter og praksis er etter det synet ein del av måten religionar skapar seg sjølve, både som ein sosial einskap og som ein sosial einskap i relasjon til, og i motsetnad til andre sosiale einskaper.

Dei fleste nypaganistar held åtte seremoniar i løpet av året, som formar eit "årshjul" (Harvey 1997: 3), her kan vi av og til sjå eit skilje mellom nyheidne og andre nypaganistar, sidan nyheidne gjerne berre har fire årlege seremoniar (Harvey 1997: 57). For blotslaga i Bifrost er det vanleg å halda fire årlege seremoniar, men der kan også haldast fleire. I følgje Snorri skal det ha vore tre årlege *blót* i førkristen tid<sup>111</sup>, med særskilt innhald for dei ulike tidene, men det er i følgje Rudolf Simek tvilsamt at Snorri si systematisering er korrekt (Simek 1993: 272). Dei fire seremoniane til Bifrost må nok sjåast som nærare knytt den nypaganistiske tradisjonen enn til seremoniane i norrøn religion.

I dette kapitlet vil eg sjå på litt av kjeldegrunnlaget for norrøn religion og kultur og praksis knytt til dette, kontra moderne åsatru og måten dei moderne åsatruarane forhold seg til det første. Det er ikkje mogleg å samhandla alt, men ein kan peika på nokre viktige moment når det gjeld kva vi kan vita om den norrøne religionen og kulturen og kva åsatruarane i dag meiner er viktig for konstruksjonen av åsatrua som ny religion.

---

110Mikael Rothstein, *Gud er (stadig) blå*, Aschehoug Dansk Forlag A/S 2001.

111Sjå kapittel VIII, s. 20 i *Ynglinga saga*, Íslenzk fornrit, Reykjavík, Hið íslenzka fornritarlag 2002

## 5.1. Ritualer og seremoniar

Vi hadde samla oss til Odinsblot, det vart halde ved ein bålplass i utkanten av skogen. rundt bålet sto der benkar i ein ring, men berre dei som var dårleg til beins sat, resten sto oppreist under heile blotet. Blotet vart leidd av ein hovgode og ei gydje frå blotslaget som var vert for tinget, dei sto inne i ringen. Stemninga var ærbødig, men likevel lystig.

Det vart blese i horn og neverlur før ein av deltakarane sang "Hør meg vetter" - ein påkallingssang. Hovgoden heilsa vetter i nord, aust, sør og vest og sa "vern vårt vé", samstundes som han tente faklar i dei same himmelretningane. Så lyste han staden i vé. Gydja stadfesta så véet og ønskja alle velkomne til blotet. Saman med hovgoden tente dei bålet i midten. Det vart spelt litt meir på luren og deltakarane messa "Odin og Vegtam og Allfar og Gaut. Odin og Vegtam og Allfar og Gaut". Etter ei stund ropte hovgoden på Odin med nokre ulike namn, så las han ein hyllingstekst. Ein av deltakarane sang no Vegtamskvadet.

Hovgoden ofra så ei flaske med 30 år gamal portvin på bålet før enkelte av deltakarane kom fram med personlege offer. Dei fleste offera var til Odin, nokre minst sine daude slektningar eller blotslagsmedlem og ønskja dei ein god reise vidare.

Så drakk vi "einkjels", fire mjødmøyer av diverse kjønn skjenka portvin i drikkebeger som vi alle hadde med oss, før vi saman skålte for Odin. Etter det drakk vi "samkjels", då vart der helt mjød i ei bolle som gjekk rundt mellom deltakarane slik at kvar tok ein slurk, sa nokre ord viss han har noko på hjartet, skålte, og sende bolla vidare. Det var nokre alvorlege innslag med sterke kjenseler, og nokre meir humoristiske innslag. Sistemann tok ein stor slurk som han så utan varsel spruta om seg i ei sky som traff både den eine og den andre, det vart teke med godt humør av alle.

Hovgoden helte resten av mjøden på bakken som eit offer til dei lokale vettene, og ønskja folket "til års ok friðar" og deltakarane hilsar tilbake med omtrent dei same orda. Nokre personar vart vigde som godar eller hovgodar for laga sine, eit nytt medlem (som var til stades under blotet) i Bifrost vart også kunngjeve.

Til slutt vart blotet erklært over og så var der eit gilde med god mat og godt lag.

Dette er ei kort oppsummering av den eine religiøse seremonien eg fekk delta på ved Bifrosts årlege tingmøte våren 2015. Det illustrerer eit ganske typisk *Blot* slik åsatruarane i Bifrost held dei.

*Blotet* er den viktigaste religiøse praksisen for åsatruarar, det fyller omtrent den same funksjonen som ein kristen gudsteneste, men er ikkje lik i utforming. I Bifrost ser det ut som at nesten alle religiøse seremoniar kan kallast blot, dette heng nok saman med tanken om offer, som ein religiøs seremoni nesten utan unntak inneheld. Åsatruarane ser på offeret som ei gåve frå menneskja til gudane. Ein kan gjerne sjå på det som ein slags kontrakt, menneskja gjev ei gåve til gudane, i håp og kanskje forventning om at gudane skal gje noko att ende. Offeret er både fysisk og symbolsk, det vert ikkje ofra dyr slik som kan ha vore skikken i førkristen tid, men det er likevel viktig at offeret skal vera av symbolsk verdi. Vanlege offer er til dømes ein god mjød eller vin, offergåva bør vera noko som går i oppløysing i naturen, og gjerne noko som er brennbart, sidan eit bål ofte er sentralt i blotet. Tydinga av ordet blot er også knytt til sjølv offeret, slik vert det mellom anna nytta i Bifrosts lovar som handlar om bloting og retningslinene rundt dette. Denne tydinga ligg tett opp til tydinga av dei norrøne orda *blót*, som tyder "offer" (Simek 1993: 271).

Dei einskilde blotslaga i Bifrost har ganske frie tøymlar når det gjeld utforminga, men der er likevel nokre faste retningslinjer som bør følgjast, desse er gjengjeve på nettsida til Bifrost. Eit blot skal innehalda vélysing, kvadlesing, bloting til gudane og ein eller fleire skålerundar<sup>112</sup>. Vélysinga er det som i praksis innleier blotet, det inneber at blotstaden er heilag og at ingen skal bera våpen eller ha nokon form for strid innanfor blotet, med det er også deltakarane inkludert i vélysinga. Blotet er såleis både ein fysisk stad; blotstaden, og ein sosial stad; konstituert av personane som deltek. Den fysiske staden kan godt nyttast om igjen, men han er ikkje på noko vis heilag utanom vélysinga<sup>113</sup>, den sosiale staden eksisterer berre medan blotet føregår, og vert skapt på ny for kvart nye blot. I følgje Rothstein er det gjennom rituala ein kjenner tilhøyrsl med andre mennesker (Rothstein 2001: 274), det kjem igjen attende til signifikansen av at den religiøse handlinga skjer *saman* med andre. Det stadfestar ei tilhøyrsl både med

---

112<https://www.bifrost.no/seremonier/seremoniene> 04.05.2016

113 Unnataket er sjølv sagt faste blotstader, slik som offerlunden til det danske Asatrafællesskabet Yggdrasil, sjå kapittel 5.2.3.

andre mennesker og med dei maktene ein vender seg til, og desse elementa stadfestar kvarandre på same tid.

Kvadlesing vil seia at dei les opp vers frå fortrinnsvis edda-kvad, vers frå *Hávamál* er særskilt populære. Det viser tydeleg korleis dei har eit ønskje om å knytta verdigrunlaget sitt til dei norrøne kjeldene.

Sjølve blotshandlinga – ofringa – er den mest sentrale delen av blotet. Det går ut på å gje noko av verdi, symbolsk eller fysisk, til gudane, "Man kan gi hva man vil, men skal det ha noen funksjon bør det ha en betydning og verdi, symbolsk eller materielt, for den som gir."<sup>114</sup>

Skålerunden er både felles drikking av den valgte skåledrikken og dei einskilde deltakarane si anledning til å koma med eigne innspel i blotet. Skålinga føregår slik at goden eller gydja som leiar blotet sender rundt ei skål med ein drikk, vanlegvis mjød, men det kan også vera øl eller vin, eller også alkoholfri drikk, som kvar enkelt tek ein slurk av og anten seier "skål" eller ei eller anna form for heilsing. Om han eller ho vil, kjem med ein eigen liten tale om eit emne som personen har på hjartet, det kan vera ein personleg skål til ein særskilt gud eller makt, eller til dømes ein skål til minne om eit familiemedlem som har døydd, eller liknande.

Utover desse elementa, som alltid er med i eit blot, kan blota også ha med andre ting, skålerunden kan til dømes også gjerast fleire gonger med fleire ulike drikkar, og nokre gonger er det med meir oppfinnsame innslag som sang eller framføring av dikt.

Nemninga "einkjels" som vart nytta i Odinsblotet eg deltok på kjem frå Bifrost sine unge år då ein hadde behov for å kalla den seremonielle skålerunden for noko, så fann dei omgrepet "å drikka einkjels" i kjeldane<sup>115</sup>. Det vart tolka slik at det tydde at alle drakk av same bolla, men seinare har det vist seg at det eigentleg tyder at ein drikker av kvart sitt beger. Så har det også vist seg at skålerundar med opp i 60 deltakarar har teke svært lang tid, slik at dette var eit forsøk på å ta i bruk igjen eit omgrep dei har brukt før, men no i den rette tydinga. Det er også nytt i Bifrost sine tradisjonar å skåla i kvart sitt beger, og dei er ikkje kjend med at andre har den tradisjonen.<sup>116</sup>

---

114<https://www.bifrost.no/seremonier/seremoniene> 04.05.2016

115Dette vart fortald meg av Aud, utan at eg har fått vita akkurat kvar i kjeldene denne nemninga fanst. Det er mogleg den opprinnelege staden det kjem frå er gløymt, men det kan heller ikkje utelukkast at det ikkje finst i norrøne kjelder. Sjå elles Vedlegg 1: Aud sitt referat frå tinget.

116Sjå Vedlegg 1: Aud sitt referat frå tinget.

Utanom blotet finst også nokre andre praksisar som bør nevast, men som ofte på ein eller annan måte kan knyttast til bloting. Det er viktig å ikkje forstå dette som kategoriar som alltid utelukkar kvarandre, til dømes kan seid eller galder verta brukt som del av eit blot. Det kan også henda at ein kunne sjå på kategoriar som bryllaup eller gravferd som typar av blot.

*Knesetjing.* Nokre har hatt ønskje om ei heiden form for dåp, då har Bifrost kome opp med ein "knesetjingsseremoni", der barnet vert teke opp i slekta og ein forelder (vanlegvis faren) tek barnet i fanget og erklærer det som sitt. Knesetjinga er ikkje alltid ei seremoniell namngjeving, den viktigaste funksjonen er at barnet vert teke opp i fellesskapet, men nokre vel også å ha ei seremoniell namngjeving som del av knesetjinga<sup>117</sup>.

*Ynglingeseremoni.* Bifrost har nokre gonger fått førespurnad om ein seremoni tilsvarande konfirmering, men dei ser det ikkje som relevant for deira religionsutøving. I staden tilrår dei ei reise for "ynglingen", som skal verka dannande og for å utvida den unge personens horisont<sup>118</sup>.

*Vigsel.* Bryllaup, eller vigsel, er vel ein av dei aller viktigaste seremoniane for folk. Så her er det naturleg at Bifrost tilbyr ein seremoni. Sidan 2001 har dei også hatt vigselrett, som er i hendene på Allgodene/Allgydjene som før nevnt. Trussamfunnet har ein eigen vigselsseremoni som er noko liknande eit blot. Denne seremonien kan også tilpassast parets ønskjer i samråd med Allgoden eller Allgydja som skal leia seremonien. Seremonien består i grove trekk av ei fredlysing av véet, sjølv vigselen der brud og brudgom erklærer deira ønskje om å giftast, og vitner som stadfester. Vidare kallar Allgoden/gydja på maktene og erklærer dei for ektefolk. Så er det ein rituell drikking av mjød eller annan eigna drikk, før véet vert lukka. Bifrost tilbyr også vigsel av likekjønna par etter at ekteskapsloven i 2009 vart endra<sup>119</sup>.

*Gravferd.* Gravferd er litt i ein særstilling sidan den det måtte gjelda ikkje kan ha eit ord med i laget når det skal skje. Av omsyn til pårørande er det ganske strenge lovar og reglar som må følgjast for at gravferda skal skje utanom ei vanleg kyrkjeleg gravleggjing. Ein av dei viktigaste tinga ein må gjera for å få ei gravferd etter heiden

---

117<https://www.bifrost.no/seremonier/knesetting> 14.05.2016

118<https://www.bifrost.no/seremonier/ynglingeseremoni> 14.05.2016

119<https://www.bifrost.no/seremonier/vigsel> 05.05.2016

skikk er å skriva ei viljeserkeklæring som både ein sjølv, eins pårørande, og Bifrost eller blotslaget skal ha kvar sitt eksemplar av<sup>120</sup>. Når det er tilfelle, tilbyr Bifrost ein heiden gravferdsseremoni som også tek omsyn til at det kan vera skilnad mellom dei pårørande sine oppfatningar og dei oppfatningane den som skal gravleggjast hadde.

Då eg var på tinget i 2015 var eit av dei store tema at Bifrost no hadde fått endeleg avklaring på ein eigen gravplass. Her vil dei kunna tilby daude medlemmer å gravleggjast i ein heiden gravlund. Dette vert ein såkalla "navna minnelund", det vil seia at der vil berre kunna leggjast ned urner anonymt, medan namnet vert ståande på ein plakett. Gravlunden skal utformast i stil med dei båtforma steinsette gravplassane frå vikingtid. Tordis er ei av dei som skal ordna med at ho skal få ein heiden gravferd når ho ein gong døyr:

Jeg føler, når jeg får orden i disse her papirer, når jeg har søkt plass på denne gravlunden og fått undersøkt helt praktisk sånn, ja så kan jeg legge de tingene hen i en skuffe, også kan jeg falle om i morgen eller om tyve år, og så er det orden på sakene. (Tordis)

Bifrost har no arbeidd med å få til denne gravlunden i fleire år, så det var stor glede på tinget då det vart informert om at dei kunne starta planleggjinga av gravlunden. Agnes er ein av dei som har jobba mykje med dette: "Og det var veldig, veldig deilig den dagen vi fikk melding fra gravferdsetaten at vi hadde fått tildelt et område på Voksen. [...] Og det var jo en kjempeseier." (Agnes) Dei vart tildelt plassen i 2009, og det vart dekkja fleire stader, mellom anna på NRK<sup>121</sup> og i VG<sup>122</sup>.

---

120<https://www.bifrost.no/seremonier/gravferd> 10.05.2016

121<http://www.nrk.no/ostlandssendingen/hedensk-gravlund-i-oslo-1.6608385> 04.05.2016

122<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/tro-og-livssyn/sier-ja-til-hedensk-gravlund-i-oslo/a/542940/> 04.05.2016



*Magi*: "Not all Magicians ar Pagans, but a significant number are. Not all Pagans engage in magic, but a significant number do." (Harvey 1997: 87). Magi er eit omgrep som er vanskeleg å handtera, det er også noko omstridt innad i åsatrumiljøet i følge dei fleste informantane. Av informantane til denne oppgåva er det nokre som driv med former for magi, og nokre som ser på det som eit reelt fenomen, men som dei ikkje interesserer seg for eller ikkje tør driva med. Eit anna spørsmål vedrørande magi er når vi går over frå vanleg religiøs praksis som blot, til magisk religiøs praksis. Her er det ulike meiningar for kvar enkelt person: "When asked what the word "magic" means, Pagans are likely to refer to a wide variety of expressions from the unusual to the mundane." (Harvey: 1997, s. 87). Dei åsatruarane i Bifrost som driv med magi ser ut til å ha ei haldning til det som noko meir utanom det vanlege, og i den grad noko trivielt vert magisk, så er det ikkje lenger trivielt.

Oluf er ein av dei som av og til driv med magi, han definerer det som "alle forsøk på kontakt med noko som du veit sannsynlegvis ikkje finst. Direkte kontakt." (Oluf). Slik sett kan vi kanskje seia at skilnaden mellom magi og annan religiøs praksis er at det er ein kommunikasjon begge vegar ved magi, medan kommunikasjonen i eit vanleg blot i hovudsak går den eine vegen. Det må nemnast her at magiske praksisar gjerne kan vera del av blot, slik at grensene ikkje er veldig klare, men magi har kanskje i endå sterkare grad som føremål å påverka maktene i den retningen ein ønskjer. Eg har ikkje delteke i nokon magiske ritualer, så informasjonen min er i hovudsak basert på det informantane mine har fortald om emnet. Det er heller ikkje føremålet med denne oppgåva å gje ein grundig skildring av dei magiske rituala til moderne åsatruarar, men eg vil likevel gjera kort greie for dei her.

*Galder* er knytt til ein form for sang (å gale), og handlar gjerne om å gå i trance. Ved utøving av *seid* skjer det gjerne i ei gruppe som vert leia av ein seidar som får hjelp av gruppa til å havna i trance. Såkalla trommereiser<sup>123</sup> kan også nyttast i dei magiske praksisane som eit verktøy for å koma i trance.

---

<sup>123</sup>Ei trommereise er ein slags seanse der ein ved hjelp av trommer - og gjerne i ei gruppe - forsøker å koma i transe og såleis gå på ei spirituell reise.

124	Rúnar munt þú finna ok ráðna stafi, mjök stóra stafi, mjök stinna stafi, er fáði fimbulpulr ok gerðu ginnregin ok reist hroftir rögn.	Du runer finn teikna og tydde stavar mykje store stavar, mykje sterke stavar, som fimbul-tul farga og høge makter maksla og Raga-Ropt skar.
-----	---	---

*Runer.* Magi for åsatruarane vert gjerne knytt til runene. Det kan vera så enkelt som eit verktøy til spådom, men det vert ofte knytt ei djupare religiøs meining til dei også. Då refererer ein til vers som dømet ovanfor, som tolkast som ei framstilling av at runene hadde sterke magiske eigenskåper. Det er vanleg å knytta kvar rune til ein gud eller ei kraft i verda, og såleis kan ein gjerne forsøka ei nærare kontakt med denne krafta gjennom runa. Som dei andre magiske praksisane er dette eit felt som er vanskeleg tilgjengeleg frå eit forskarperspektiv, og ei større forståing av dei vil krevja ein mykje større grad av deltaking enn det som vart gjort for denne oppgåva.

Felles for alle typar praksis er at dei som deltek har ei kjensle av at det verkar på dei kreftene som dei henvender seg til. Som Miriam sa finst det ingen garanti for at gudane gjer det ein ber dei om, maktene er ukontrollerbare og vil uansett gjera som dei vil, dette er ein interessant paralell til Bibelens Gud: "Guds vegar er uransaklege". Likevel hender det resultatet er det som ein ønskjer, Agnes fortalde at ho og dottera hadde ofra kvart sitt egg for å at ho skulle få eit til barn, og det gav resultater:

Du, jeg har håndfaste beviser jeg på at, vi holder oss jo ikke med religioner som ikke virker. [...] Emh, hehe, jeg har, jeg og min eldste datter dro på vinterblot i slutten av desember i 2007, ofret hvert vårt egg, og ønsket oss en lillesøster, og hun er født den 27 August året etter. Så dette virker. (Agnes)

## 5.2. Natur og kultur

Her vil eg sjå litt på åsatruarane sitt forhold til naturen, som er eit viktig aspekt for dei fleste nypaganistar generelt<sup>125</sup>. Eit interessant moment er kor vidt åsatruarane sjølve meiner åsatrua er ein naturreligion, og om dei meiner det same om den norrøne religionen. Eit anna interessant moment er korleis nyreligiøsitet kan knyttast til kreative prosessar og kreative produkter, som musikk eller kunst.

### 5.2.1 Naturreligion

Mange av åsatruarane meiner at åsatrua er ein naturreligion. Dette står i stil med det som er vanleg for nypaganisme generelt. Som Harvey påpeiker, er litt av attraksjonen til nypaganisme dens respekt for jorda og feiring av årlege eller menneskelege syklusar (Harvey 1997: 2). Von Schnurbein har også funne at dei tyske nyheidne gruppene legg vekt på eit naturreligionsaspekt, det kjem til uttrykk i ei erklæring frå Heidnische Gemeinschaft, som skildrar dei heidne gudane som "Naturgöttern" og meiner å identifisera ein "germanisch-wendisch-keltischen Naturreligion" (von Schnurbein: 1992: 142).

Naturreligionsaspektet må sjåast som ei refleksjon av den moderne konteksten som åsatruarane er ein del av, og ikkje så mykje ein refleksjon av den norrøne religionen, sjølv nokre åsatruarar meiner den norrøne religionen også var ein naturreligion. I følge Gilhus og Mikaelsson er dette eit viktig punkt for åsatruarar:

Et viktig anliggende for åsatrogrupper er kritikk mot miljødeleggelse og oppløsning av tradisjonelle samfunnsstrukturer. For å motvirke dette ønsker de å hente kulturell og religiøs næring fra en annen tid da naturen ble tatt vare på. (Gilhus og Mikaelsson 2005: 106).

Medlemmene i Bifrost er alle tilhengjarar av denne miljøforståinga, men ingen eg har snakka med uttrykte ei bekymring for oppløysinga av tradisjonelle samfunnsstrukturar, heller ikkje noko ønskje om å gå att ende til noko slikt. Heller tvert om, sidan Bifrost er opne for andre måtar å forstå familie og ekteskap, og sidan dei er opne for folk med alle

---

<sup>125</sup>Sjå *Contemporary Paganism: Listening People, Speaking Earth*. Harvey: 1997

former for seksualitet og kjønnsidentitet. Likevel når det kjem til det moderne samfunnet sitt fokus på materialitet og vekst er det meir vanleg at dei vil sjå bakover i tid, Tordis sa fleire gonger at ho tykkjer verda går for hurtig framover:

Vi søker litt tilbake fordi verden går for hurtig fram. Det er, som jeg sier, det er ikke plass til det mennesket som vi er på mange nivå i framtiden, hvor du kun skal være effektiv, hvor du kun skal trykke på knapper, hvor du kun skal... og det er det som jeg, jeg har liksom lyst til å trekke det litt tilbake igjen, stoppe tiden litt (Tordis)

Denne måten å sjå bakover i tid gjeld for nesten alle informantane når det kjem til mennesket sitt forhold til naturen. Sidan åsatrua vert sett på som ein naturreligion, følgjer det at det er viktig å ha respekt for naturen, visa takksemd for dei ressursane ein nyttar seg av, osb. Karen fortalde at ho sannsynlegvis hadde vore vegetarianar om ho ikkje var hjortejeger. Ho uttrykte at det var i utgangspunktet greitt å eta dyr, men at det industrialiserte moderne dyrehaldet ikkje er respektfullt overfor dyra:

For altså, eg er jo ihuga hjortejeger, men, noko av greia der for meg har alltid vore å utvisa takksemd overfor det dyret då eg tek. [...] Og det er sånn, eg forstår folk som vel å ikkje eta kjøt, og det er sant, hadde eg ikkje vore hjortejeger så hadde eg sannsynlegvis vore vegetarianar sjølv. (Karen)

Det er ingen tvil om at åsatrua slik ho kjem til uttrykk i Bifrost har eit viktig element av miljømedvit, men det er ikkje alltid slik at dei som vert åsatru har det same på førehand. Agnes sa at ho ikkje var særskilt miljømedviten før ho vart åsatru, men at ho på andre sida ikkje var så medviten på noko som helst anna heller:

Ikke sånn fryktelig, nei. Jeg var ikke det, men jeg var vel strengt tatt ikke så bevisst på noe som helst egentlig, jeg var på jakt etter en religion og noe å henvende meg til, og fant åsatroa og Bifrost, følte meg veldig hjemme der, og så har jeg blitt mer bevisst etter hvert, nå er jo det snart tjue år siden. Og det er klart at jo mer man leser og jo mer man lærer så, så endres ting og så blir man mer bevisst på ting etter hvert. (Agnes)

Kristian uttrykte også ei viss uro for korleis menneskja fær fram idag, særskilt med tanke på utnyttinga av fossile brennstoff eller ikkje-fornybare ressursar. Han sa at han tenkjer mykje på korleis sivilisasjonar opp gjennom historia har øydelagt sitt eige livsgrunnlag eller foråsaka naturkatastrofar som har øydelagt dei eller liknande, og korleis dette kan skje igjen.

Du har desse menneska som driv og herjar så vanvittig, slik som vi held på, spesielt nå, vi suger denne planeten tom for fossilt brennstoff, olje, gass, kull, alle desse tinga, som vi drar, sug ut av kloden, tømmer han sakte men sikkert. Men eg trur at denne kloden har nok sitt forsvarssystem den og, og det må jo koma frå ein plass, sant? (Kristian)

Sjølv om mange har eit bilete av den norrøne religionen som ein naturreligion, er det ikkje alle som meiner det. Aud meinte at den norrøne religionen heller var ein kulturreligion. Men ho var litt usikker på korleis ho ville klassifisera den moderne åsatrua, nettopp fordi ho var klar over ein skilnad i den verda som kjeldene kjem frå og den verda åsatruarar er i no idag:

det er jo fordi at vi er moderne hippier at vi vil tilbake til naturen, at vi liker å stå ute i skogen og brenne bål og kalle oss en naturreligion, men strengt tatt så er vi ikke det rent teknisk liksom. (Aud)

Dei moderne åsatruarane ønskjer i alle fall å ha eit nært forhold til naturen. I følgje Harvey er noko av det mest sentrale med nypaganisme at dei feirer naturen og lyttar til ei levande, snakkande jord (Harvey 1997: 16).

### 5.2.2. Art-religion

I følgje Stefanie von Schnurbein har særskilt nyheidne religionar som åsatru ein tendens til å sjå andelegheita som ein kreativ prosess og gje til dømes kunst og musikk andeleg kvalitetar, men at denne tendensen høyrer til moderniteten og ikkje pre-moderniteten.

Generally speaking, and maybe surprising to many, it is in modernity and not in ancient or pre-modern times, that religion and art – the spiritual and aesthetic – appears to be most closely related. (Schnurbein, 2014: 244)

Denne koblinga ser ein til dømes med sang eller trommer som vert nytta i blot eller magiske praksisar, men også litt i det som nokre åsatruarar ser på som kjelder til religionen. Til dømes nemnde Aud ein sang av Wardruna<sup>126</sup> som hadde sett igang ein del tankar hjå ho: "Wardruna har jo en sang som heter Helvegen, og den har satt igang en del refleksjoner rundt døden" (Aud). Det er kanskje naturleg at åsatrua som ein ny religion kan sjå andelegheita som ein kreativ prosess, sidan nye religionar er nøydd til å skapa seg sjølv. Rothstein meiner at denne skapinga av religionen er nært knytt til rituala, som skapar det dei hevdar å skapa i kraft av å verta utført<sup>127</sup>. Stefanie von Schnurbein meiner at ein bør nytta omgrepet art-religion for å forstå koblinga mellom åsatru og fenomenar i det moderne samfunnet som kunst og musikk (Schnurbein 2014: 244). I følgje Schnurbein kjem "the art-religious paradigm"<sup>128</sup> og diskursen om norrøne myter begge frå den same romantiske epoken (Schnurbein: 2014: 245). Det er frå denne diskursen åsatrua har sin inspirasjon, og er såleis knytt til "Nordic myth's multifarious historical manifestations and contemporary varieties", som kan inkludera alt ifrå populærkulturell fantasy-litteratur til metal og neofolk-musikk (Schnurbein 2014: 245).

Ei anna side som åsatruarane sjølve legg meir vekt på, er at dei historiske kjeldene

---

126Wardruna er eit musikkprosjekt leia av Einar Selvik. Dei nyttar ei rekkje gamle instrumenter, som bukkehorn, munnharpe, lyre og liknande, for å laga musikk som dei knyt til runene. Sjå kapittel 5.3.2. og <http://www.wardruna.com/about/> 14.05.2016

127Rothstein refererer til Jørgen Podemann Sørensen som har karakterisert ritualer som "hermed-handlinger", som vert til røyndom i det ein utfører dei (Rothstein: 2001: 274)

128Det er eit paradigme som har sitt utspring i romantisisme og vart re-vitalisert i ulike "neo-romantiske" kontekstar som konseptualiserte religion som estetisk erfaring og knytta religion til mellom anna kjensler og den private sfæra (Schnurbein: 2014: 244)

ikkje gjev eit stort grunnlag å byggja ein praksis på. Vi veit til dømes at det norrøne ordet *blóta* tyder "å ofra" (Simek 1993: 271), men vi veit lite om måten ofringa vart gjort i praksis. Den norrøne litteraturens skildringar av heidne *blót* må sjåast i den litterære konteksten dei er overlevert i (Simek 1993: 272). I følgje Lars har åsatruarar freista ulike måtar å organisera blot på, og så har ein kome fram til at grunnformen med ein sirkel rundt eit bål er det som fungerer. Men dette kan også spegla den historiske tilknyttinga som moderne åsatru har til nyheidendom og nypaganisme elles:

Pagans do not sit in neat rows facing an altar or pulpit in their ceremonies or gathering. They form circles which speak eloquently about the way pagans understand themselves, their religion and its various traditions. (Harvey 1997: 44)

Sirkelen går igjen i dei fleste nypaganistiske religionane, og fleire av elementa i forminga av sirkelen og rituala som heilskap liknar. I *the Craft*<sup>129</sup> til dømes startar dei religiøse rituala ved forminga av sirkelen, og det vert markert ved at ein av dei går rundt i sirkelen eller også heilsar himmelretningane (Harvey 1997: 44). Sjølv om åsatruarane ikkje tilhøyrrer *the Craft*, er det ein slående likskap her, som nok må forklarast som ei historisk tilknytting mellom alle dei nyreligiøse religionane.

### 5.2.3. Religiøse symboler og religiøs symbolikk

*Personlege symbol.* Ikkje overraskande er Torshammaren eit av dei vanlegaste personlege symbola hjå åsatruarar, men det er likevel mange som ikkje er så opptekne av det. Folk vert også i aukande grad klar over at Torshammaren ikkje naudsynleg var eit vanleg symbol i vikingtid. Der finst ein del som tatoverer seg med norrøne symboler, som til dømes runer, men det er varierende kor mykje symbolikk som ligg i desse tinga. Elles ser det ikkje ut til å vera nokon sterk tradisjon for personleg symbolbruk mellom dei norske åsatruarane, og i alle fall ikkje nokon einsarta praksis.

*Ritualer og symboler.* Rituala er naturleg nok lada med symboler, rituala kan gjerne seiast å vera symbolske i seg sjølve. Til dømes vert der ikkje faktisk ofra dyr under

---

<sup>129</sup>*The Craft of Witches* er ei form for nypaganisme der tilhengjarane identifiserer seg som hekser. Dette er ein av dei eldste formene for nypaganisme. Sjå Harvey: 1997, s. 35 og framover.

blota, men symbolikken i blotet ligg likevel i at offeret er ei gåve som vert gjeve frå menneskja til maktene.

Det er også ei vilje hjå åsatruarane til å "ta attende" ein del heidne symboler som ein meiner har vorte missbrukt, sjølv om ein kanskje ikkje trenger å nytta dei så mykje sjølv:

[...] ja sånn jeg har malt et solkors på koppen min fordi at jeg skal ta solkorset tilbake, uten at den koppen har med sola å gjøre eller bruker den i forhold til sola eller at den symboliserer noe som har med sola å gjøre. (Aud)

*Statuar/gudebileter.* Det ser ikkje ut til å vera nokon viktig tradisjon for å ha statuar eller gudebileter mellom dei norske åsatruarane, det kan godt hengja saman med at dei så langt ikkje har nokon offisielle gudshus eller dyrkingsstader. Vanlegvis skjer blotinga på områder der ein må fjerna spora etter seg av miljøomsyn.

I Danmark var nokre representantar frå Bifrost i 2004 med på ein innviingsseremoni av ein skog saman med Asatrofællesskabet Yggdrasil<sup>130</sup>. I denne skogen sto der to gudestatuar, ein av Frøy og ein av Frøya<sup>131</sup>. Sjølv om det enno ikkje har vorte gjort noko tilsvarande av Bifrost, er det ein tanke som i følgje dei sjølv "ligger og gror"<sup>132</sup>

---

130[http://www.asatrofaellesskabet-yggdrasil.dk/bifrost\\_tidende\\_26.htm](http://www.asatrofaellesskabet-yggdrasil.dk/bifrost_tidende_26.htm) 11.05.2016

131Bifrost Tidende nr. 26, s. 9. Dette nr. hadde også eit bilete av offerstaden på frem- og baksida, sjå vedlegg 8.

132Bifrost Tidende nr. 26, s. 9. sjå vedlegg 8.



### 5.3. Resepsjon og transmisjon av kjelder

Åsatruarane forhold seg til ei rekkje kjelder, nokre av desse kjeldane er også dei kjeldane som vert studert av norrøn-filologar. Kjeldene kan sjåast i frå to perspektiv, det første er ut ifrå åsatruarane sitt eige perspektiv: Då ville ein kunna snakka om primærkjelder og sekundærkjelder. Dei første ville omfatta både den norrøne litteraturen, arkeologiske funn og personlege erfaringar som åsatruarane har gjort sjølv. Sekundærkjelder ville omfatta alt anna, det vil seia akademisk litteratur som samhandlar og tolkar den norrøne litteraturen, samhandling og samtalar med andre nyheidne eller litteratur frå andre nyheidne, infosider på nett, populærvitskaplege og esoteriske utgjevingar, og så bortetter.

Frå eit forskarperspektiv kan vi identifisera kjeldane litt annleis, som vert grunnlaget for inndelinga i dette kapittelet. Då er ein type kjeldane til den norrøne religionen og kulturen, og det vi kan vita om dei. Desse kan gjevast to underkategoriar: Den første kategorien er primærkjelder, som inkluderer til dømes heimleg (norrøn) eller ikkje-heimleg (latinsk, arabisk) litteratur, saman med arkeologiske funn og runeinnskrifter. Den andre kategorien er litteratur skrive om den første typen kjelder. Den andre typen vert kjelder til moderne åsatru, som kan – men må ikkje – inkludera alt i den første typen kjelder, i tillegg til samhandling og samtalar med andre nyheidne, litteratur frå andre nyheidne, infosider på nett, populærvitskaplege og esoteriske utgjevingar, og så bortetter.

### 5.3.1. Kjelder til norrøn religion

Den norrøne mytologien er overlevert i hovudsakleg to poetiske kjelder: *Snorra Edda* og *Den Eldre Edda*. Snorra Edda er eit didaktisk verk om skaldekunsten, forfatta av Snorri Sturluson omkring 1220 (Simek 1993: 295)<sup>133</sup>. *Snorra Edda* er bygd opp av hovudsakleg tre bolkar: *Gylfaginning* fortel i delvis prosa- og verseform om ein viss *Gylfi* som reiser til *Ásgardør* for å læra om gudeslekta og deira historie. *Skáldskaparmál* fortel om dei ulike måtane å nytta skaldespråket på, og nyttar referansar til mytologien som forklaring på ulike *kenningar* og *heiti*<sup>134</sup> i skaldespråket. Den siste bolken, *Háttatal*, er eit hyllingsdikt til *Skuli Jarl* og *Hákon Hákonarson*, diktet består av 102 vers, som også fungerer som dømer på ulike versemål<sup>135</sup>.

Den andre store kjelda er det som vanlegvis vert kalla *Den Eldre Edda*, dette er ei samling kvad om gudar og heltar frå ei mytisk fortid. Namnet "Eldre Edda" er eigentleg misvisande og kjem ifrå ei tidlegare antaking om at Snorra Edda bygde på ei "Eldre Edda". I røynda er Den Eldre Edda ei samling av vers som er overlevert hovudsakleg i handskriftet *Codex Regius* (GKS 2365 4to), men nokre dikt som er overlevert utanfor hovudhandskriftet vert ofte også rekna som del av eddadikta (Mundal: 2004: 217). Den Eldre Edda som eit samla verk er likevel såpass etablert i den populære diskursen gjennom introduksjon i skule og populærkultur at det i samheng med nyheidendom gjev meining å snakka om verket slik. Eddadikta vart også sett på som del av eit einskapleg verk i den tidlegare nasjonalromantiske perioden der resepsjonen av kjeldane vart inkludert i det nasjonsbyggjande prosjektet (sjå kapittel 3.4.).

---

133Der har vore debattert kva rolle Snorri har hatt i framstillinga av dette verket, så vel som kva versjon av verket vi kan rekna som den "eigentlege" *Edda*, og ikkje minst korleis det har vorte til. Med ei rekkje utgjevingar i omsetjing er likevel *Snorra Edda* etablert i det populære medvitet som eit sjølvstendig og eiheitleg verk. For ei innføring i dei filologiske spørsmåla rundt *Snorra Edda*, sjå Anthony Faulkes' "Introduction" i Snorri Sturluson, 2005: *Edda*: "Prologue" og "Gylfaginning". Red. Anthony Faulkes. London: Viking Society for Northern Research.

134Ei *kenning* vert vanlegvis forstått som ei poetisk omskriving der eit substantiv vert erstatta av ei omskriving som består av eit kjenneord og eit grunnord, som begge er substantiv. Eit *Heiti* kan sjåast som eit slags synonym til vanlege prosaord. Forståinga vår av desse termene er for det meste basert på slik *Snorri* legg dei frem i *Edda*. For vidare lesnad om *heiti* og *kenningar*, sjå Else Mundals "Edda- og skaldedikting" i Haugen, Odd Einar, 2004: *Handbok i Norrøn filologi*. red. Odd Einar Haugen. Bergen: Fagbokforlaget.

135For vidare lesnad om versemål, sjå Else Mundals "Edda- og skaldedikting" i Haugen, Odd Einar, 2004: *Handbok i Norrøn filologi*. red. Odd Einar Haugen. Bergen: Fagbokforlaget.

Det har vore eit stort spørsmål, særleg i filologien, om den norrøne poseien er påliteleg som kjelde, og i såfall kva den er påliteleg som kjelde til. Den norrøne mytologien er overlevert oss av kristne mennesker som skreiv lenge etter den norrøne religionen var utdøydd. "Indeed, an irony of Scandinavian mythology is that without Christianity it would not have been recorded" (Lindow 1985: 22), dette utgjer eit fundamentalt kjeldeproblem som i følgje John Lindow gjer det umogleg å samhandla dei norrøne mytene utan å ta omsyn til det (Lindow 1985: 22). Likevel har den norrøne litteraturen ofte vorte nytta som påliteleg kjelde til norrøn mytologi og religion og jamvel vorte nytta til forsøk på rekonstruksjon av eit religiøst system (Lindow 1985: 23). Kor påliteleg dei litterære overleveringane av mytene er som kjelder og kva dei må sjåast som kjelde til har gått att og fram, og vi stiller framleis spørsmål ved den heidenden litteraturen fremstiller, men som Lindow seier, "our aim is to make sense of pagan elements in the context of the texts." (Lindow 1985: 53). Terry Gunnell meiner på andre sida at Codex Regius av *Den eldre Edda* sin "central importance is that it contains a (slightly rusty) key to the pagan religious world" (Gunnell 2007: 82). I samband med Snorra Edda kjem Margaret Clunies Ross til den noko ambivalente konklusjonen at Snorri ikkje finn opp dei grunnleggjande tema og strukturer i hans narrativer, sjølv om det stiller seg annleis med tolkinga hans. I følgje ho kan vi skilja mellom Snorri som ein refortolkar av gammalt materiale – med dei endringar det kan innebéra – og som ein fabrikator av nytt materiale, noko ho ikkje trur han var (Clunies Ross 1992: 655).

Sjølv om der nok kan vera visse skilnader innad i åsatrumiljøet tykkjest den generelle oppfatninga vera at den norrøne litteraturen kan sjåast som påliteleg, så lenge ein tek visse forbehold om den kristne konteksten. Men det bør leggjast til at kjeldeproblema på same tid kan nyttast til fordel for åsatruarane sin konstruksjon av fortida:

Slik som eg meiner det var, så var det heimhov, det var ein heimereligion. Det var ein mykje større frøydyrkelse til dømes hjå den lokale bonde enn der var Tor-, Odin-eller Tyr-dyrkarar, som jo er krigsgudar. Dei store krigsgudane var for jarlen og for dei høge; dei hadde skaldar som fortalde om dei, og dette vert fortald vidare mens bonden døydde og gjekk vidare på sitt vis, og då døyr bondens tradisjon ut. (Oluf)

I følgje Rudolf Simek<sup>136</sup> finst der nokre grupper av nyheidne ser på *Den Eldre Edda* som motstykke til den kristne bibelen (Simek 2015: 40), men dette ser ikkje ut til å vera synet til åsatruarane i Bifrost. Alle medlemmene eg har snakka med i Bifrost er klare på at åsatrua ikkje har noko som tilsvarar ein bibel, men om ein skal tala om noko som liknar, så må det vera *Den Eldre Edda*. Dei svenske åsatruarane Fredrik Gregorius snakka med, viste særskilt til Hávamál når det gjeld moral og etiske spørsmål (Gregorius 2007: 136). Det same tykkjest vera tilfelle med dei eg har snakka med i Bifrost:

Eg sånn personleg er jo veldig glad i Hávamál, for eksempel. Det er jo ein fantastisk tekst. Det er nok veldig typisk, hvis ein skal ha noko moralsk... for kva som er greitt og ikkje greitt, så er det nok Hávamál ein går etter (Kristian)

Gregorius viser til dømes til verset i Hávamál om at ein skal ta godt imot gjester (Gregorius, 2007, s. 136), det same verset og måten å tolka dette og dei liknande versa vart også vist til av mine informantar:

[...] og det første som står i Hávamál er at du skal ta godt imot gjester og du skal sette dem med ilden og varme dem og du skal - ikke sant? (Agnes)

Det er interessant at Hávamál vert sett på som så viktig med tanke på at Hávamál er det næraste ein kjem eit sett med levereglar, når informantane uttrykkjer så sterkt at dei mislikar dogmer som til dømes dei ti bod frå Bibelen.

Ei anna kjelde til førkristen tid er arkeologien. Særskilt relevant for Bifrost no er dei arkeologiske kjeldane til førkristen gravskikk. Gravlunda som Bifrost skal stella til har mellom anna dei førkristne gravplassane med båtforma steinformasjonar vore ei sterk inspirasjonskjelde. Det vart sagt i eit av intervjua at det ikkje dreier seg om ein kopi av nokon særskilt historisk stad, men når gravlunden vart diskutert var det tydeleg at enkelte ville sjå at ting som antalet steinar hadde eit grunnlag som kunne samstemma med det ein finn i historiske gravplassar.

---

136Rudolf Simek, "Germanische Mythologie – Forschungsstand und aktuelle Rezeption am Beispiel der rechten Szene", Worms, Worms Verlag, 2015.

Åsatruarane ser også på lovtekstar som interessante, ikkje minst der lovtekstane talar om ting som seid eller lovar som forbyr å "sitja ute"<sup>137</sup> eller liknande. Islendingesogene og kongesogene vert også sett på som relevante for å få innblikk i menneskers tankegang, tadisjonar, religiøs praksis. Sjølv om dei ser på sagalitteraturen som kjelde til samfunnet i vikingtida, meiner åsatruarane at det ikkje er noko ønskje om å gjenskapa dette samfunnet.

Men selvfølgelig er det ting i, både i sagaene og andre steder som er helt horribelt og hinsides, men jeg oppfatter ikke det som en del av religionen, men mer som en del av samfunnskulturen da. (Agnes)

Ein del av åsatruarane har, i tillegg til å lesa den norrøne litteraturen i omsetjing, også vore interesserte i akademisk sekundærlitteratur. Der finst ingen offisiell litteraturliste eller tilrådd litteratur frå Bifrost si side, det er snarare slik at enkelte er meir søkjande enn andre, og dei leiter gjerne opp litteratur frå både norrøn filologi og meir populære framstillingar av norrøn mytologi. Litteraturen ser ut til å verta vurdert meir på individuell basis opp imot den enkelte sine subjektive oppfatningar, heller enn med typisk akademisk kjeldekritikk, sjølv om det er viktig å påpeika at der finst akademikarar bland dei heidne, jamvel folk som har studert norrøn filologi.

Eit døme på akademisk litteratur som åsatruarane nyttar seg av er litteratur av norrøn filolog Eldar Heide, som publiserer ein del litteratur på nettsida si<sup>138</sup>. Ei av informantane mine hadde teke eit kurs på universitetet som Heide leia, som ho tykte var veldig interessant. Ho og andre kjenner til nettsida hans og tykkjer det er veldig fint å få høve til å lesa akademiske artiklar om den norrøne litteraturen, særskilt ting som har med norrøn kosmologi og liknande er interessant for åsatruarane. Ein annan norrøn filolog som åsatruarane nyttar er Eirik Storesund, som har bloggen "Tulen: Norrøn opplysningsentral"<sup>139</sup>, dette er ein blogg og formidlingstjeneste for folk som er interessert i norrønt språk og kultur. Tulen tek imot spørsmål om emner som er tilknytt norrøn filologi, i tillegg til å publisera artiklar, både populære og meir vitskaplege.

---

137 *Útiseta* var i følge dei norrøne kjeldene ein form for magi som involverte å sitja ute om natta, til dømes ved ein korsveg eller på ein haug, og freista å koma i kontakt med daude ander. Sjå Simek 1993: 344 og Stefánsson 2009: 204.

138 <http://eldar-heide.net> 14.05.2016

139 <http://norrønfilologen.blogspot.no/p/om-tulen.html> 14.05.2016

### 5.3.2. Kjelder til åsatru

Men samtidig har eg då hatt ein far som las mykje teikneseriar då han var gutunge og, samla jo på nokre av dei, så eg vaks opp veldig mykje med teikneseriar og... så fækk han då tak i teiknefilmen "Valhall" til meg då. (Karen)

Nokre av åsatruarane eg har snakka med nevner *Valhalla*-teikneseriane<sup>140</sup> av Peter Madsen og Henning Kure som ein introduksjon til norrøn mytologi. Desse teikneseriane er basert på norrøn mytologi og teikna av Peter Madsen. Sidan desse teikneseriane appellerar til og kan lesast av både yngre og eldre lesarar har dei for mange vore ein tidleg introduksjon til den norrøne mytologien.

Tor Åge Bringsværd si biletbokserie om dei norrøne gudane<sup>141</sup> er også basert på forteljingar frå norrøn mytologi. Denne serien gjenfortel dei norrøne mytene i ei moderne språkdrakt frå skapinga av verda og fram til Ragnarok, og koplar saman dei ulike historiane og skapar ei samanhengjande forteljing av mytene.

Desse verka er populære framstillingar om gudane og mytene om dei, som er ein del av den populære og romantiserande diskursen om vikingtid og norrøn mytologi. Dei viser til dømes Odin som ein visdomsgud og Tor som ein gud for bønder og vanlege folk. Dei også vera teikn på ei populær oppfatning om at det er ein større samanheng i dei norrøne mytene enn det filologien viser.

Åsatruarane nyttar seg gjerne av infosider på nett, ei av desse er arild-hauge.com. Denne sida har unekteleg mykje kunnskap om norrøn mytologi, men ikkje alt kan seiast å ha stønad i akademisk litteratur. Ei av Arild Hauges kjelder til runekunnskap er Lars Magnar Enoksen, han har skrive nokre bøker om runer og norrøn mytologi<sup>142</sup>. Aud meinte at sjølv om Enoksen ikkje har noko formell utdanning, så er han likevel kunnskapsrik og har bidrege til at ho hadde fått ein meir kritisk haldning til ting som runer og galdring som religiøse praksisar:

---

140Om Valhalla-teikneseriane, sjå Stefánsson 2009: 252,

141Sjå Tor Åge Bringsværd, 2002: *Den store boken om norrøne guder*. Oslo: Gyldendal.

142Sjå til dømes: Lars Magnar Enoksen, *Gudar och gudinnor i Norden*. Lund: Historiska media 2005.

Jeg kjenner Lars Magnar Enoksen ganske godt, som har vært mye med på å, kall det popularisere runene de siste åra. Og som har holdt mange av disse kursene i både galdring og runer og sånt. Jeg har veldig sansen for mye av det han gjør, og det har vært med på å gjøre meg mer bevisst på runer og forskjellen på de og hva de er og ikke er. Så det har på en måte triggja en interesse for de, og en bevissthet rundt de. Men også en viss kritiskhet da, i forhold til hva jeg bruker de, mer enn kanskje hos mange andre som har vært på kurs og sånn og som dermed kaster seg over runene og bruker de mye mer aktivt og mer magisk. Men på meg da, så har det ført til en både større interesse og vilje til å bruke de men også mye større forsiktighet når jeg først velger å gjøre det, så skal det faen meg gjøres ordentlig! (Aud)

Wardruna, som vart nemnd i samband med Schnurbein sitt omgrep "art religion"<sup>143</sup>, er eit musikkprosjekt leia av Einar Selvik. Dei nyttar ei rekkje gamle instrumenter, som bukkehorn, munnharpe, lyre og liknande, for å laga musikk som dei knyt til runene.

The ongoing 'Runaljod' trilogy is a musical rendition of the 24 runes in what is often referred to as the elder futhark. Some of the recordings are done outdoors in places or under circumstances of significance to each rune. Wardruna primarily use old and historical instruments such as primitive deer-hide frame drums, Kraviklyra, tagelharpe, mouth harp, goat horn, lur and more. Non-traditional instruments and other sources of sound like trees, rocks, water and torches are also used.<sup>144</sup>

Wardruna er populær i reenactmentmiljøet<sup>145</sup> generelt, og med måten dei nyttar gamle instrument til å setja musikk til runene er det kanskje ikkje overraskande at dei er særskilt populære i åsatrumiljøet.

---

143Sjå kapittel 5.2.1.

144<http://www.wardruna.com/about/> 14.05.2016

145Sjå fotnote i kapittel 1. om reenactment.

*Erfaring.* Gerhard Mayer og René Gründer<sup>146</sup> meiner at vi må vera klar over den sterke påverknaden som *personleg erfaring* har på tileigninga av "alternative" verdsbileter (Mayer og Gründer: 2010, s. 24). Det kan vi sjå igjen i korleis åsatruarar legg vekt på verdien av erfaring som kjelde til religionen sin. De kan vera til dømes eigne studier av dei historiske kjeldene, men også erfaring frå religiøs praksis. Det er mange som legg vekt på erfaringar frå blota og samtalar – gjerne heftige diskusjonar – med andre truande som kjelder til åsatrua. Det kan dreia seg om tolkingar av kjelder, kva som har fungert i praksis, etiske spørsmål, og mykje anna:

Selve blotene er nok grovt undervurdert som kilde, ja. For gjennom blot (og blotsforberedelser, for de av oss som driver med sånt) så gjør vi oss direkte erfaringer rundt religionen. For meg, som ikke tror på maktene som "personer", så handler ikke blotene så mye om "å dele en øl med Tor" som å gjøre meg kjent med hva Tor representerer og betyr for meg.<sup>147</sup>

Denne måten å dra inspirasjon frå fleire stader er typisk for nyreligiøsitet, og kanskje det tydelegaste aspektet ved åsatruarane si kjeldebruk er at dei er søkjande. Dei ser etter kjelder mange stader, og vurderer dei først og fremst opp mot den relevansen dei meiner kjeldene har for deira religionsutøving. Rothstein seier at "En sådan religiøsitet er eklektisk; man udsøger sig de elementer, man tiltrækkes af, uden hensyntagen til den sammenhæng de oprindelig hører hjemme i." (Rothstein 1991: 16) Dette stemmer veldig godt med det informantane mine har fortalt meg om korleis dei byggjer opp sitt verdisystem ved å henta fram dei delane som tiltaler ein og som kan gje mening i dag, og oversjå det som ikkje passar seg for moderne mennesker, Rothstein seier vidare:

I praksis kan den enkelte på denne måte inddrage elementer fra meget uensartede religiøse traditioner. For det enkelte menneske ender det dog med at blive en meningsfuld helhed, hvilket viser, at den religiøse kreativitet stadig lever. (Rothstein 1991: 16-17)

Dermed er ikkje det faktum at religiøsiteten er eklektisk eit grunnlag for kritikk mot religionens ekteheit, snarare er det eit prov på at han er levande. Kjeldene til den

---

146Mayer, Gerhard og Gründer, René. *Coming Home or Drifting Away – Magical Practice in the 21st Century: Ways of adopting heterodox beliefs and religious worldviews*, Journal of the Society for Psychical Research, 75.1 (902), 2010, s. 14-26.

147Kommentar i tråd på den opne facebook-gruppa  
<https://www.facebook.com/groups/249465598531939/permalink/743207602491067/> 25.09.2015



moderne åsatrua kjem, i motsetnad til kjeldene til norrøn religion og kultur, frå eit breidt spekter som inkluderer både litteratur, historie, erfaring og mykje meir. Schnurbein sitt argument om å sjå åsatrua som "art-religion" vert såleis berre meir overtyande.

### 5.3.3. Mediebruk og transmisjon av kjelder

Den viktigaste mediebruken for Bifrost er nettsida bifrost.no, som inneheld generell informasjon om trusfellesskapet. På nettsida står mellom anna lovsettet deira og kva det vil seia å vera eit åsatrufellesskap. Bifrost har som nemnt også ei open facebookside som heiter "Åsatrufellesskapet Bifrosts venner"<sup>148</sup>, her kan så og seia kven som helst verta medlem og snakka saman med medlemmer og ikkje-medlemmer av Bifrost om åsatru og norrøn mytologi, eller om andre ting som på ein eller annan måte er knytt til anten moderne åsatru eller norrøn religion. Dei har også ei lukka facebookgruppe som berre er open for medlemmer i trusfellesskapet. Kommunikasjonen mellom trusfellesskapet og medlemmer skjer hovudsakleg på epost.

Dei lokale blotslaga står som nemnt for mesteparten av aktiviteten, og innad i dei skjer der kommunikasjon både via personleg kontakt og epost. Nokre av blotslaga har også sine egne facebookgrupper, som då også fungerer som ein kanal for organisering av aktivitetar. Desse gruppene er også berre opne for medlemmer av dei respektive blotslaga.

Bifrost gav som nemnt innleiingsvis ei stund ut medlemsbladet "Bifrost tidende", som inneheldt informasjon om både norrøn religion og moderne åsatru, så vel som til dømes referat frå viktige hendingar. Nokre sider frå eit nummer av av dette medlemsbladet finst publisert på Asatrufellesskabet Yggdrasil sine nettsider<sup>149</sup>.

---

148<https://www.facebook.com/groups/249465598531939/?fref=ts> 04.05.2016

149[http://www.asatrufaellesskabet-yggdrasil.dk/bifrost\\_tidende\\_26.htm](http://www.asatrufaellesskabet-yggdrasil.dk/bifrost_tidende_26.htm) 14.05.2016

#### 5.4. Oppsummering

Åsatruarane freister altså å laga ein *ny* religion basert på den norrøne religionen si idéverd slik dei meiner å sjå han i kjeldene. Dei har ein idé om korleis norrøn religion var, men dei er oftast klar over at ting kan tolkast på ulike måtar og at deira tolking kan vera påverka av den moderne konteksten som dei er del av.

Frå åsatruarane sitt eige perspektiv er både mytologiske og verdslege kjelder sett på som kjelder til den norrøne religionen si idéverd, det vil seia både mytologisk litteratur, verdsleg litteratur og alle former for arkeologiske kjelder. Alt dette er kjelder som dei konstruerer åsatrua på bakgrunn av. I tillegg ser dei også på erfaringar som dei har gjort sjølve som kjelder til åsatrua slik den vert skapt idag. Dei tinga i kjeldene til norrøn religion og kultur som strir for mykje med det ein vil ha i den nye religionen, forkastar ein. Det kan variera mellom folk kva i kjeldene dei tykkjer er foreinleg med deira moderne verdisyn, men det er likevel visse fellestrekk, som til dømes versa i *Hávamál* om mottaking av gjester eller æresomgrepet som dei meiner å henta frå norrøn mytologi.

## 6. Ein legitimerande resepsjon

Utgangspunktet for denne oppgåva var eit inntrykk av at ulike grupper i samfunnet nyttar dei norrøne kjeldene som legitimering for ideologiar som ikkje naudsynleg har belegg i desse kjeldene. Ein særleg grunn til dette inntrykket var at desse ideologiane gjerne har eit rakt motsett innhald, slik at spørsmålet vart korleis dette kan vera mogleg. For å svara på desse tinga vil eg sjå på korleis åsatruarar nyttar den norrøne religionen til å skapa ein identitet og kva denne identiteten inneber om det går an å tala om ideologi i samband med åsatru, og kva rolle dei norrøne kjeldene speler i legitimeringa av religion og/eller ideologi.

### 6.1. Identitet og identitetskonstruksjon

Identitet og identitetskonstruksjon har vore eit viktig tema for dei som har studert ulike former for nyreligiøsitet. Fredrik Gregorius' undertittel *Att konstruera etnisk och kulturell identitet* understreker dette. Gregorius sitt prosjekt handlar i kjerna om å undersøkje korleis moderne åsatruarar i Sverige konstruerer sin identitet i det moderne samfunnet (Gregorius 2008: 13). Han nyttar Manuel Castells teorier om identitet som henholdsvis legitimerande identitet, motstandsidentitet og prosjektidentitet. Han meiner åsatru og andre nyheidne identitetar primært liknar prosjektidentitet, men påpeiker at desse identitetstypane ikkje bør sjåast som statiske, men at det kan skifta avhengig av samanhengen (Gregorius 2008: 36).

Anne Marie-Bolstad er interessert i åsatruarane på Island sin identitetskonstruksjon sett i forhold til åsatrusamfunnet, og i forhold til samfunnet elles. Ho dreg inn Berger og Luckmann sine teoriar om sosialisering og nyttar dette til å forklara åsatruaranes identitetskonstruksjon og korleis dei skapar sin eigen røyndom. Bolstad meiner målet for identitetskonstruksjonen er å oppnå ei kjensle av einskap og kontinuitet, eit syn ho hentar frå David Thurfjell (Bolstad 2006: 33). Som nemnt tek ho også opp spørsmålet om identitet som uttrykk for *sameness* eller *distinctiveness*, og at dette har vore årsak til ein del forvirring rundt omgrepet (Bolstad 2006: 32). I staden for å sjå dette som eit problem med omgrepet, kan det vera vi heller bør sjå det som ein uungåeleg del av

identitetskonstruksjonen. Til dømes seier Rothstein i diskusjonen om religionsomgrepet: "Religion er derfor på en gang et fællesmenneskeligt anliggende og uttrykk for menneskelig og kulturell forskjellighet." (Rothstein 1991: 19). Det vil seia at religion er med på å konstruera ein identitet som er unik samstundes som den er del av ein større felles identitet. Dette kan vi sjå på måten åsatruarane i Noreg legg vekt på å individualitet, samstundes som dei legg vekt på å ha tilhøyrse og fellesskap. Dei ser seg som åsatruarar til *skilnad* for resten av samfunnet, men i *likskap* med dei andre åsatruarane. Dei ser seg på same tid som individuelle åsatruarar i forhold til samfunnet og i forhold til åsatrufellesskapet, og som eit fellesskap av åsatruarar i forhold til samfunnet.

Måten åsatruarane ser seg sjølv i forhold til samfunnet (både som individ og som fellesskap) kan sjåast i lys av Roy Wallis' typeinndeling av nye religionar, slik Rothstein legg det frem: Den eine motarbeidar samfunnets idealer og normer, det andre støt det "bestående" og baserer deira religiøse liv på samfunnets normer, og den tredje typen tilpassar seg omgjevningane utan å søkja verken anerkjenning eller opposisjon (Rothstein 1991: 111). Igjen er måten åsatruarane ser seg sjølv på mangefassettert: Dei står ikkje i opposisjon til samfunnet som heilskap, dei er berarar av normer og verdisyn som er uproblematisk også for resten av samfunnet. Samstundes identifiserer dei seg også som *ikkje*-kristne, som vi har sett er det mange som uttrykkjer motstand mot særskilt det kristne synet på mennesket og verda. Også her kjem vi attende til mange av medlemmene si kjensle av å ikkje passa heilt inn i den moderne verda, sjølv om dei er komfortable med ei tilværsle i det moderne samfunnet sidan det gjer det mogleg og meir akseptabelt for dei å vera "avvikande". Dette viser også igjen identitetskonstruksjonen både som del av eit fellesskap og som noko individuelt, noko som stadfestar Gregorius' poeng om at ulike former for identitetskonstruksjon er avhengig av samanhengen.

### 6.1.1. Sosialisering og identitetskonstruksjon

Eit individs identitetskonstruksjon skjer i samband med ein sosialiseringssprosess der individet vert del av samfunnet. Den første og viktigaste delen av denne prosessen kalla Berger og Luckmann for *primærsosialisering*, som føregår i barndomen, og innebér at individet internaliserer den objektive røyndomen som det vert fødd inn i. Ein seinare prosess, som styrer ei allereie sosialisert individ inn i nye "sektorer av samfundets objektive verden", kallest *sekundærsosialisering* (Berger og Luckmann 2003: 154). Sosialisering skjer gjennom møte med *signifikante andre*, som er først og fremst foreldra eller dei som har oppfostringsrolla (Berger og Luckmann 2003: 155). I sekundærsosialiseringa internaliserer individet institusjonelle "sub-verdener", dei er i følgje Berger og Luckmann "del-virkeligheter" og dei krev eit legitimeringsapparat (Berger og Luckmann 2003: 162). Det å verta åsatruar kan både sjåast på som eit brot og som kontinuitet hjå individet.

Som vi har sett er det fleire som ser på det å verta åsatruar som ein kontinuitet i livet, slik at dei ikkje har vore nøydd til å bryta med det tidlegare internaliserte verdsbiletet, men, som Aud sa: "gjøre plass til" åsatrua som ein del av verdsbiletet sitt. "Allerede det at leve i samfundet medfører en stadig modificering af den subjektive virkelighed." (Berger og Luckmann 2003: 181), i ekstreme tilfelle kan det verta snakk om eit brot med tidlegare verdsbilete og ei *resosialisering*, som liknar primærsosialiseringa fordi dei på radikalt vis avgjer nye røyndomar (Berger og Luckmann 2003: 181). Berger og Luckmann meiner at den historiske prototype på dette er den religiøse omvendinga (Berger og Luckmann 2003: 182), men det ser ikkje ut til at mange åsatruarar eller nypaganistar generelt har ei slik radikal omvending. Som Mayer og Gründer påpeikar, bør vi vera klar over den sterke påverknaden som personleg erfaring har på tileigninga av "alternative" verdsbileter (Mayer og Gründer: 2010, s. 24). Dette kan sjåast i samband med sosialiseringssprosessane og den vekta som åsatruarane legg på personleg erfaring og fellesskap. Dei konstruerer ein identitet gjennom sosialisering inn i eit fellesskap og ei verd som dei internaliserer gjennom erfaring.

I motsetnad til åsatruarane i Bifrost si identifisering i forhold til samfunnet kan vi sjå Vigrid, som må sjåast som ståande i opposisjon til samfunnet. Dei ser på det moderne

samfunnet som degenerert, og vil skapa eit nytt samfunn på bakgrunn av "verdi- og kulturnormer" som dei meiner er "Nordiske". Vigrd og andre rasistiske former for norrøn nyheidendom er kanskje dei viktigaste tinga som Bifrost og dets medlemmer identifiserer seg *imot*. Det vil også sei at dei har ein dobbeltheit i det at dei identifiserer seg som *apolitiske*, men likevel har teke eit politisk standpunkt imot rasisme og fascisme. Det standpunktet kan likevel hevdast å vera meir eit moralsk eller ideologisk standpunkt, heller enn eit politisk, alt etter den enkeltes definisjon av desse omgrepa. Likevel såg vi at Bifrost som organisasjon har valt å ta fleire politiske standpunkt gjennom den religionspolitiske platforma, men at dei også er klar over det litt paradoksale i denne situasjonen.

## 6.2. Motkultur og samfunnskritikk

I delen om identitet og identitetskonstruksjon vart det peika på korleis identitetskonstruksjon vert til delvis i sameining med omgjevnadane og delvis mot dei, og at dette varierer mellom individer og grupper av åsatruarar. Her skal det vurderast om former for åsatru eller norrøn nyheidendom kan sjåast som uttrykk for motkultur eller samfunnskritikk.

I Noreg idag er det i hovudsak to typar av åsatru, Bifrost representerer den eine typen, saman med Foreningen Forn Sed, desse er antirasistiske former for åsatru. Den andre typen er dei rasistiske eller formene som har sin hovudrepresentant i Vigrid. Dei ulike Heiden Front-gruppene som Varg Vikernes var tilknytt er i dag ikkje aktuelle i Noreg, men dei ulike meiningane til Vikernes kan framleis vera interessante som komparasjon i denne samanhengen.

Det er vel ikkje naudsynt å argumentera mykje for at rasistisk eller fascistisk åsatru er uttrykk for motkultur, men det kan likevel vera nyttig å gjera klart kva Vigrid står for slik det går frem av nettsida deira. Retorikken dei nyttar viser at dei i alle fall ønskjer å vera ein motkultur:

2013 gir null håp om bedring i situasjonen i Norge hva den almenne utviklingen i folkemordet på oss angår. Bare å lene seg tilbake å vente på neste smell i trykk-kokeren. Det er politisk programmert av makteliten.<sup>150</sup>

Dette viser ein ideologi der samfunnet slik det er idag vert sett på som dekadent og sjølvdestruktivt, vi ser det også i haldninga til det internasjonale i retorikken om korleis det "Anglo-Zionistiske imperiet" vil utvanna og øydeleggja den kvite rasen av germanarar<sup>151</sup>. Frelsa ligg i å sameina seg med det "entisk/religiøse" fellesskapet som Vigrid representerer og gå i kamp mot resten av det multikulturelle samfunnet. "Kjemp for Nordisk Sivilisasjon i Vigrid eller dø som en feiging!!!"<sup>152</sup>. Vigrid ønskjer å skapa eit samfunn som ikkje har presedens i det dei legitimerer sin ideologi på bakgrunn av, i følge Berger og Luckmann skjer det ofte at grupper av folk overtek og omformar

---

150<http://vigrid.net/nyttaar2013.htm> 13.05.2016

151<http://vigrid.net/reptilpsykoer.htm> 04.05.2016

152<http://vigrid.net/kgsapost160421.htm> 04.05.2016

ideologiar i sameining med deira interesser (Berger og Luckmann 2003: 145).

Spørsmålet med antirasistisk åsatru som Bifrost er vanskelegare å svara på. Det ser ut til å vera skilnad mellom kva ein skilde medlemmer meiner både kvar for seg, samstundes som dei ikkje alltid verker å ha vorte samde med seg sjølv om kva dei tykkjer om kulturen i samfunnet idag. På den eine sida har vi sett haldningar som uttrykkjer motstand eller skepsis til ting som forbrukarkultur, stadig vekst og framsteg. På andre sida er dei alle klar over ein opplevd privilegerte situasjon som medlemmer av det norske samfunnet av i dag, med stor grad av fridom, rettsikkerheit, økonomisk og helsemessig tryggleik og liknande. Kanskje meir viktig er det at Bifrost som organisasjon ikkje har noko uttalt ønskje om å vera ein motkultur eller at kulturen slik han er idag må brytast ned eller endrast i signifikant grad.

Dei antirasistiske åsatruarane verdsett idéar om fridom, toleranse, multikultur, og liknande ting som er sentrale i samfunnet elles. Difor trur eg det er meir nyttig å sjå dei ein skilde individa som samfunnskritiske og trusfellesskapets eksistens delvis som resultat av samfunnskritiske menneskje. Det opnar for moglegheiten at individa kan vera kritiske på ulike punkt, sjølv om det naturlegvis finst nokre fellesnevningar. Det forklarar også korleis dei kan vera kritiske til det moderne samfunnet på nokre punkt, og samstundes vera glade for å vera medlemmer av det, i det at det er i eit slikt samfunn ein religion som Bifrost kan tillatast å eksistera. Fleire forskarar har peika på ting ved det moderne samfunnet som er problematisk for eller vert kritisert av nyreligiøse. Gardell peiker mellom anna på ein kritikk mot det konvensjonelle kristne synet på det gudomelege (Gardell 2003: 137) og Rothstein peiker på modernitetens mangel på anerkjenning av mystikk, dens syn på natur og menneskelegheit som eindimensjonalt og "horisontalt orientert" (Rothstein 1991: 23). Gregorius lister opp fleire historiske "traumer" som inngår i varierende grad i den nyheidne sivilisasjonskritikken, frå innføringa av jordbruk til patriarkatets oppkome, Romerrikets ekspansjon, Kristendomen og til slutt industrialiseringa (Gregorius 2008: 189-190). Ein del av dette ser vi igjen i åsatruarane i Noreg. Dette kan også vera med å markera eit skilje mellom meir høgrevridde åsatruarar, sidan åsatruarane i Bifrost ikkje har nokon gamaldagse idéar om kjønnsrollemønstre, som Gilhus og Mikaelsson skriv om (Gilhus og Mikaelsson 2005: 106), noko som er meir sentralt i grupper som dei britiske Odinic



Rite, som i følge Gregorius har mottoet "Folk, Faith, Family" (Gregorius 2008: 177). Som Schnurbein påpeiker med krisen i det moderne (Schnurbein 1992: 2), kan vi finna to sentrale moment ved det moderne samfunnet som gjer at folk søker svar i alternative religiøse retningar: På den eine sida har det sekulære samfunnet ikkje svar på andeleg sprøsmål, så har ikkje dei tradisjonelle religionane dei svar som nyreligiøse er ute etter.

Åsatrua som ny *religion*, representert ved Åsatrufellesskapet Bifrost, kan gje svar på det Schnurbein kallar modernitetens blindsoner (Schnurbein 2014: 256) utan å vera farleg slik som rasistisk eller fascistisk åsatru. Dei kan stilla seg kritiske til einskilde deler av samfunnet som dei som individ ser på som problematiske, utan at dei er forkjemparar av nokon revolusjonsarta ideologi.

Den kritiske haldninga til Kristendomen ser ut til å dreia seg om eit syn på religionen som dogmatisk, og at dei fleste problema med Kristendomen er tilknytta dette. Kvinnesynet i bibelen og Kristendomen vert ofte lagt vekt på av åsatruarane, som gjerne meiner at der i Kristendomen er dogmer for korleis kvinner skal og ikkje skal oppføra seg. Synet på Kristendomen i forhold til norrøn religion kan sjåast der Lars meinte Kristendomen er ein statsbyggjande religion, mens han ikkje trudde norrøn religion var det. Miriam meinte også i denne samanhengen at der var plass til Jesus i den norrøne religionen, som ho meinte kunne sjåast i bruk av norrøne og kristne symboler i saman.

Den same typen kritikk som vert retta mot Kristendomen ser ut til å gjelda for dei andre tradisjonelle religionane også, sjølv om dei også ser det som positivt at der vert aukt tilslutting til desse andre religionane. Årsaken til at dette vert sett på som positivt heng nok saman med at det er med på å utvida det religiøse landskapet slik at det vert større plass for minoritetsreligionar som åsatrua.

Gregorius har observert ei viss kritisk haldning til globaliseringa i det svenske åsatrumiljøet. Han identifiserer eit resonnement der ein set saman globaliseringa, det kristne misjons-prosjektet og konsumkulturen til noko som trugar med å utsletta kulturell heterogenitet<sup>153</sup>. Denne problemstillinga har ikkje vore synleg i det norske åsatrumiljøet, sjølv om Åsatrufellesskapet Bifrost seier at "Vi vil ta vare på den hedenske kulturarven og holde den levende og oppdatert."<sup>154</sup>.

153Sjå Gregorius: 2008, s. 143-144

154<https://www.bifrost.no/om-bifrost> 06.05.2016

### 6.3. Ideologi

For å sjå korleis dei ulike gruppene av folk nyttar dei same kjeldene til legitimering av ulike ideologiar, er det naudsynt å sjå kva desse ideologiane er, eller om vi i det heile kan tala om ideologiar.

Som nemnt inneliingsvis om Vigrid, har PST omtalt dei som "et miljø med ekstremt rasistisk og voldelig ideologi."<sup>155</sup>. Det kan vera interessant å sjå på kva vi legg i omgrepet *ideologi*. Omgrepet har i filosofien vore sett i samband med eit anna omgrep: *falsk medvit*, David Hawkes legg det fram slik i *Ideology*<sup>156</sup>:

One of the most venerable conceptions of ideology is as a system of thought which propagates systematic falsehood in the selfish interest of the powerful and malign forces dominating a particular historical era. (Hawkes 1996: 12)

Eit tidleg uttrykk for synet på falsk medvit var det religiøse forbodet mot *idolatri* – avgudsdyrking. Kjerna i kritikken var at avgudsdyrking har som konsekvens at folk vil gløyma at det dei dyrkar berre er representasjonar av det guddomelege. Også dei greske filosofane, så vel som arvtakarane av denne og den bibelske læra, har samhandla omgrepet falsk medvit og med tida knytt det til ideologi. Det gjennomgåande temaet er at ideologi som falsk medvit er ei fetisjering av resultat av menneskeleg aktivitet (Hawkes 1996: 85)

For å knytta dette attende til tema for denne oppgåva kan vi retta merksemda til Ernest Gellner sin kritikk mot nasjonalisme<sup>157</sup>. Gellner meiner at "Kultur og sosial organisasjon er universelle og tidløse fenomenar. [...] Nasjoner og nasjonalistiske følelsesytringer forekommer ikke universelt" (Gellner 1998: 19). Nasjonalistane sitt problem i følgje Gellner er å forklara eit standpunkt om at nasjonalisme *likevel* er naturleg og universelt, trass i at det historisk og geografisk er sjeldan (Gellner 1998: 20-21). Ei av dei mest sentrale doktriner i denne nasjonalismen er ein teori om at nasjonen sover og menneskja som utgjer nasjonen må vekkjast opp til ein nasjonal identitet (Gellner 1998: 22). Ein variasjon av dette såg vi i Vigrid, som vil skapa ein nasjon som

---

155<http://www.op.no/nyheter/ekstremt-rasistisk-og-voldelig/s/1-85-1863188>

156David Hawkes, *Ideology*. London: Routledge 1996

157Ernest Gellner, *Nasjonalisme*, Oslo, Spartacus 1998.

for det "Nordiske folket", og nyttar det dei ser på som den norrøne religionen og kulturen som legitimering for ein nordisk-nasjonalistisk ideologi ved å visa til ei opprinneleg ideal-tilstand i fortida.

Varg Vikernes nyttar også dei norrøne kjeldene ideologisk ved å konstruera ein idé om ei germansk folkegruppe med særskilte eigenskaper som går historisk attende til "den siste ariske rasen" frå Atlantis (Vikernes 2000: 126).

Det er kanskje overflødig å gjenta at åsatruarane slik dei er representert i Bifrost og tilsvarande trusfellesskap i Sverige og på Island, har lite til felles med dei rasistiske formane for åsatru eller norrøn nyheidendom. Likevel kan ein argumentera for at dei også nyttar dei norrøne kjeldene ideologisk. Som vi har sett representerer desse åsatruarane eit verdisyn som er stort sett uproblematisk i dagens samfunn, noko som er i tråd med Frisk sin observasjon om at dei tre trekka som kjenneteikner nye religiøse rørsler også er trekk som er sentrale i vår kultur elles: "Nyreligiösitet fångar ofta upp populära strömningar och kan i mycket ses som en spegling av den tid den framträder i." (Frisk 1998: 17). Såleis legitimerer også denne åsatrua ein moderne ideologi på bakgrunn av førestillingar om norrøn religion.

### 6.3.1. Ein ideologisk transmisjon

158 Hann nam at vaxa	Vokse han gjorde
ok vel dafna;	og vel trives;
var þar á höndum	på hendene hans
hrokkit skinn,	var huden skrukket,
kropnir knúar,	krøkte knuer,
fingr digrir,	store fingerer,
fúlligt andlit,	stygt ansikt,
lotr hryggr,	lut rygg,
langir hælur.	lange hæler.

Vi kan heller ikkje ignorera at den norrøne religionen, så vel som dens mellomalderlege transmisjon og resepsjon har vore ideologisk. "Når en virkelighedsdefinition bliver knyttet til en konkret magtinteresse, kan man tale om en ideologi." (Berger og Luckmann 2003: 144). Frå *Rígsþula* sine tre stender som legitimerer herskar, bonde og træl som universelle eller gudegjevne samfunnsstrukturar, til Snorri si kopling av æsene til Troja, som legitimering for Hákon Hákonarson sitt styre i mellomalderen.

I følge Berger og Luckmann er ingen menneskeleg tenking immun overfor ideologisk påverknad frå sin sosiale kontekst (Berger og Luckmann 2003: 21). Ser vi på transmisjonen og resepsjonen av den norrøne religionen slik vi kjenner det, så kan vi sjå at det stadig har vorte kopla til ideologi og legitimering. "Det sker ofte, at en gruppe overtager en ideologi, fordi den inneholder spesifikke teoretiske elementer, der fremmer gruppens interesser." (Berger & Luckmann 2003: 145). Det kan til dømes skje at ei gruppe bønder kan samlast om ein doktrine som fremstiller bondetilværslen eller bondeskikkelsen som innehaver av særskilt moralsk positive kvaliteter, som vi kan sjå i konstruksjonen av "Norden" slik Øystein Sørensen og Bo Stråth<sup>159</sup> fremstiller det (Sørensen & Stråth 1997: 5). Eller slik som Kristendomen vart knytta til ein konkret maktinteresse når den vart offisiell religion i det Romerske Imperium. Men forholdet

---

158 *Rígsþula* 8

159 Øystein Sørensen og Bo Stråth, *The Cultural Construction of Norden*. Oslo: Universitetsforlaget AS 1997.

mellom ei interessegruppe og dens ideologi er ikkje alltid logisk, valet av ein ideologi er ikkje naudsynleg basert på dens indre teoretiske elementer. Det fører oss til ein kanskje endå viktigare kjennsgjering som Berger og Luckmann påpeiker: "ideologien bliver omdannet i overensstemmelse med de interesser den skal legitimere" (Berger & Luckmann 2003: 145). Med denne kjennsgjeringa må vi ta følgjande momenter i betraktning: For det første at norrøn religion og kultur – både når han var levande og i den mellomalderlege overleveringa – alltid har vore gjenstand for endring og refortolking i sameining med ideologiske motivasjonar. For det andre, at dei også idag vert refortolka i overeinsstemming med interessane som dei no skal legitimera. Som følgje av dette må ein eventuell kritikk mot desse refortolkingane rettast mot påstandar om korleis norrøn religion og kultur *var*, og ikkje mot refortolkinga i seg sjølv.

#### 6.4. Legitimering

Sidan åsatruarane ser den norrøne litteraturen som kjelde til norrøn religion og kultur, og det er den norrøne religionen som er utgangspunktet for åsatrua. Det vil ikkje seia at alt åsatruarane meiner og gjer er nøydd til å ha eit grunnlag i den norrøne religionen, men dei hevdar å vidareføra verdiar som finst i norrøn religion. Dette kan vera ein del av forklaringa på korleis kjeldane til den norrøne religionen kan nyttast som legitimeringsgrunnlag for svært ulike ideologiar. Legitimering er i følgje Berger og Luckmann måtar som den institusjonelle verda kan forklarast og rettferdiggerast med (Berger og Luckmann 2003: 80). Dei fleste åsatruarane oppfattar som nemnt ikkje åsatrua som ein gamal religion, og i alle fall ikkje som det same som norrøn religion, men det er likevel vanskeleg å seia om den norrøne religionen *er* legitimeringa for åsatru eller om den *vert legitimert* i åsatrua. For å kasta lys over dette vil eg sjå nærare på legitimeringsstrategiar.

Frågan om legitimitet er inte bara interessant då den visar på strategiar som används av moderna religiösa rörelser för at legitimera sin existens, utan också för att den visar varför en viss form av legitimitetsstrategi används. (Gregorius: 2008: 41)

Med andre ord kan ei undersøking av legitimeringsstrategiar bidra til å sjå kva som skal

legitimerast og eventuelt kvifor.

Den mest fremtredande legitimeringsstrategien til åsatruarar er det Lewis kallar ein "traditional appeal". Det viser seg klarast i det at dei nyttar gamle kjelder om ei svunnen tid som dokumentasjon på ein tradisjon som dei baserer sin religion på. Denne måten å appellera til tradisjon inneber i følgje Lewis ofte ei refortolking som legitimerer innovasjon (Lewis 2003: 14). Det har vi sett døme på mellom anna i det feministiske fokuset til mange av åsatruarane, eller slik som den norrøne religionen vert refortolka som ein naturreligion, sjølv om han ikkje naudsynleg var det. Vi ser det også i måten rasistisk åsatru refortolkar norrøn religion og kultur i sameining med deira ideologi. I følgje Lewis er denne typen legitimeringsstrategi knytt til prestisjen som vert gjeve til opphav i nesten alle samfunn (Lewis 2003: 143).

Ein liknande måte å nytta denne legitimeringsstrategien som også kan sjåast i åsatrua, er å appellera til gamal visdom eller tradisjon som angjeveleg eksisterte før samtidige religionar (Lewis 2003: 14). Ikkje berre er den norrøne religionen gamal, den er også "eldre" enn den kristne, på den måten lånar åsatrua autoritet frå kristendomen ved å vera eldre og meir opphavleg.

Lewis legg også fram ein rasjonell legitimeringsstrategi, som appellerar til rasjonalitet eller fornuft ("common sense") (Lewis 2003: 14). Denne strategien kan vi også sjå i åsatrua slik som dei knyttar naturreligionsaspektet til det som vert sett på som vitenskapleg faktum at menneskje har drive, og driv framleis, med overforbruk av jordas ressursar. Vi ser også korleis dei kan inkludera eit vitenskapleg syn på verda side om side med den religiøse, eller kanskje meir presist har eit verdsbilete som både religiøsitet og vitenskap er ein del av utan at den eine er over- eller underordna den andre.

Fredrik Gregorius meiner at dei tradisjonelle og rasjonelle legitimeringsstrategiane er viktigast for åsatruarane (Gregorius 2008: 40). Han peiker også på eit anna viktig moment, som også ser ut til å vera tilfelle for dei norske åsatruarane: Sjølv om åsatruarane på same måte som neopaganistar appellerar til tradisjon, eksisterer det sjeldan noko tru på ei ubrotten suksesjonsline eller ubrotten tradisjon, slik som i Wicca (Gregorius 2008: 41). Åsatruarane i Noreg meiner heller ikkje at dei har teke opp att ein "gøymt" tradisjon eller at tradisjonen deira har gått ubrote gjennom til dømes slektsledd sidan vikingtida. Dei er klar over at den norrøne religionen forsvann for om lag tusen år

sidan, og kanskje endå viktigare: Dei meiner ikkje å kunna eller villa rekonstruera den gamle norrøne religionen. Det vil seia at ein av skilnadane mellom åsatru og fleire av dei neopaganisiske religionane ligg i legitimeringsstrategien.

Likevel bør det nemnast at Gunnar Olof Hyltén-Cavallius undersøkte spor frå førkristen tid i landsbygdas folkløre. Han meinte at ein del av det heidne verdsbiletet haldt seg levande i folketru ved sida av kristendomen. I følgje Gregorius har dette vore av stor betydning for åsatruarar, og at Hyltén-Cavallius vert lese av åsatruarar enno idag (Gregorius: 2008: 54). Det kan likevel tenkjast at der er enkelte i Bifrost som er tilhengjarar av Hyltén-Cavallius sine teoriar, sjølv om det ikkje har kome til syne.

## 7. Avslutning

Det opprinnelege utgangspunktet for denne oppgåva var at det såg ut til å vera ein skilnad mellom det vi meiner å vita om norrøn religion og kultur, og dei ideologiane som dette tilsynelatande vert nytta for å legitimera. Sidan dette er lite forska på frå før endte eg opp med ei todelt problemstilling: For det første, og kanskje viktigast, var det å gjera ei innleiande studie over åsatrua slik ho fremstår i Noreg i dag, slik at der finst eit utgangspunkt for vidare spørsmål. Nokre av utfordringane for denne oppgåva var å finna litteratur om fenomenet slik det er i Noreg, og det som også var utgangspunktet mitt; formene for åsatru kan vera svært ulike.

Hovuddelen av prosjektet vart ei dokumentasjon av Åsatrufellesskapet Bifrost. Saman med dette har det og vore meininga å fremstilla noko av den tidlegare esoteriske resepsjonen av dei norrøne kjeldane og litt av dei rasistiske formene for norrøn nyheidendom, både historisk og frå samtida.

Den første delen av problemstillinga danna eit grunnlag for den andre delen: Korleis åsatruarar legitimerer trua si på dei norrøne kjeldene og korleis det er mogleg for grupper av folk med ulike verdisyn å legitimera sitt syn med dei same kjeldene. For å svara på dette har det også vore naudsynt med ei analytisk tilnærming i dokumentasjonen av Bifrost. Eg har sett på identitetskonstruksjonen til åsatruarane og korleis den ser ut jamført med rasistisk og nasjonalisk identitetskonstruksjon. Eg har også vore inne på kva den ideologiske bruken av norrøn mytologi innebér.

Sidan det rasistiske nyheidne miljøet har vist seg å vera vanskeleg å få kontakt med, har dette ikkje fått ein like grundig gjennomgang som Åsatrufellesskapet Bifrost. Prosjektet har derimot vorte sett som positivt av informantane frå Bifrost, som har uttrykt eit ønskje om at omverda skal vita kva dei er og ikkje er, dei har vore særskilt opptekne av å presisera at dei ikkje har noko til felles med rasistisk norrøn nyheidendom.



## 7.1. Dokumentasjonens funn

Åsatruarane i Bifrost samlest om ei dyrking av dei norrøne gudane eller maktene i eit religiøst fellesskap som er offentleg registrert i Noreg. Dei har ikkje ei offisiell lære som alle må vedkjenna seg, men nokre fellestrekk finst i det dei meiner om trua si.

Dei ser oftast på gudane som personifikasjonar eller representasjonar av krefter som dei meiner å vita finst, desse såkalla maktene er grunnlaget for religionsutøvinga deira. Utøvinga av religionen skjer hovudsakleg gjennom den religiøse seremonien blot, som normalt skjer i alle fall fire gonger i året. Denne seremonien har sannsynlegvis lite å gjera med *blót* i førkristen tradisjon, som vi veit svært lite om, sjølv om nokre åsatruarar argumenterer for at dei kjem ganske nær noko som kan ha vore gjort i førkristen tid. Åsatruarane meiner likevel ikkje at dei freister å rekonstruera den norrøne religionen eller kulturen som heilskap. Dei meiner at åsatrua er ein moderne religion som hentar sin inspirasjon hovudsakleg frå dei norrøne mytene.

Gregorius meiner vi bør skilja mellom *neopaganisme* og nyheidendom, det har også vorte gjort i denne oppgåva, noko som også er i tråd med det åsatruarane i Bifrost meiner. Til dømes har den einaste informanten min som identifiserer seg som heks, søkt til åsatrua utan å vera innom Wicca eller Druidisme:

Ja, nå er det jo det at det spørs litt hvilken vei du kom inn mot åsatroa fra. For mange har kommet via generell paganisme, og det er jo magi allerede en del av. Så har du *seid* for eksempel, det er jo faktisk reint norrønt, det fins ingen andre steder. Så selv så kom jeg jo via heksekunsten og så inn på generell paganisme men ikke Wicca da, og så inn mot åsatrua.

[...] Jeg tok kontakt med NN og Bifrost i 2009 eller 2010 tror jeg. Bare fordi jeg ville heller være knytta opp mot dem enn enkelte andre. (Anne)

Vi har også sett at det er ein skilnad i legitimeringsstrategien til neopaganisiske religionar og åsatrua i at åsatruarane ikkje hevdar dei er vidareberarar av nokon form for skjult kunnskap. Gregorius meiner at åsatruarane sin identitet i prinnsippet vert sett som synonym med kulturell og religiøs tilhøyrslse. Det er ein identitetskonstruksjon som samstundes som den inneber ei kritisk haldning til det moderne samfunnet, også er godt tilvendt samfunnet. Dei har også teke til seg ei førestilling om seg sjølve som ein

minoritetsreligion (Gregorius 2008: 297), og identifiserer seg såleis delvis med andre minoritetar i samfunnet. Det same kan sjåast i måten åsatruarane i Bifrost uttrykkjer seg positivt til det multikulturelle samfunnet sidan det utvidar det religiøse landskapet og gjev rom for små religionar som dei (sjå kapittel 4). Gregorius skriv at dette opnar ein moglegheit for åsatruarane til å skapa ein etnisk identitet som vert stadfesta av ytre grupper (Gregorius 2008: 299).

Åsatrua er ein *ny religion*, som er ein del av ein større nordisk kontekst som består av åsatruarar som søker sosial aksept og anerkjenning som eit seriøst religiøst tilbod til alle som vil delta uavhengig av bakgrunn. På bakgrunn av funna i dette prosjekte vil eg føreslå at den religiøse konteksten til Bifrost, som har vore mitt hovudobjekt i denne studien, i første omgang er dei andre skandinaviske åsatru-gruppene, mellom anna Ásatrúarfélagið á Island, Sveriges Asatrosamfund, Foreningen Forn Sed. Ein annan ting som talar for dette er at desse gruppene ser på seg sjølve som tilsvarande, om enn med ulike tilnærmingar til religiøse detaljer. Skilnaden mellom til dømes Bifrost og FFS ser tilsynelatande ut til å vera først og fremst i navnet, og dei ulike intervjuar med medlemmer i Bifrost tyder på at skilnaden i meiningar kan vera vel så stor innad i gruppene som mellom. Ei studie av FFS vil bidra til å kasta lys over dette, men det vart ikkje ein del av denne oppgåva.

## **7.2. "Det norrøne" som legitimering**

Åsatruarane nyttar dei norrøne kjeldane som legitimering for sin moderne religion, dette gjer dei hovudsakleg gjennom det James Lewis kallar ein "traditional appeal" (Lewis 2003: 14), som går ut på å henta autoritet frå noko gamalt eller opprinneleg. Både åsatruarane i Bifrost og dei rasistiske åsatruarane nyttar denne formen for legitimeringsstrategi, men dei representerer ulike ideologiar, og dei rasistiske formene har klart eit større behov for å legitimera sin ideologi.

Dei fleste informantane frå Bifrost er klar over dei kjeldekritiske utfordringane, men det vert imidlertid ikkje naudsynleg sett på som eit stort problem. Dei ser fråveret av kjelder som ei mogleggjering av konstruksjonar om fortida som ikkje elles har stønad i kjeldene. Her er det ein skilnad mellom åsatruarane i Bifrost og dei rasistiske Vigrid.

Sjølv om Vigrid ikkje har eit uttalt mål om rekonstruksjon, så hevdar dei å vita meir konkret kva ein såkalla "Nordisk" kultur og religion skal innehalda og korleis den var i førkristen tid. Dette er grunnlaget for den nye "Nordiske" staten som dei vil skapa.

### **7.3. Fremtida til norrøn nyheidendom og åsatru**

Då Fredrik Skott publiserte si avhandling om Sveriges Asatrosamfund i 2000, hadde dei eit medlemstal på rundt 450 og var den største organisasjonen for åsatru i Sverige (Skott: 2000 58). Åtte år seinare publiserte Fredrik Gregorius avhandlinga si om moderne åsatru i Sverige. Då hadde Sveriges Asatrosamfund vore gjennom ei del turbulens, og medlemstalet hadde rundt 2004 vore berre rundt førti (Gregorius 2008: 119).

På Island har Ásatrúarfélagið sidan stiftinga på 1970-talet i dag oppnådd eit medlemstal på rundt 3200. Det vil seia at dei er ein prosent av Islands innbyggjarar og de største ikkje-kristne trusfellesskapet på Island (Henriksen 2016: 1). Ásatrúarfélagið er også no igang med bygginga av det første offisielle hovet på Island sidan førkristen tid (Henriksen 2016: 1)

Åsatrufellesskapet Bifrost har heller ikkje vore utan turbulens, men har no eit medlemstal på i alle fall over 330 mennesker. Størsteparten av dei norske åsatruarane ser ut til å vera tilknytt Bifrost, anten gjennom dei lokale blotslaga eller som individuelle medlemmer. Bifrost sitt medlemstal kan gjerne sjåast som noko tilsvarande Sveriges Asatrosamfund på 2000-talet i forhold til innbyggjartal for øvrig, og såleis vert det interessant å sjå kva som skjer framover. Det ser ikkje idag ut til å vera noko usemje innad i trusfellesskapet som skulle tyda på at dei går gjennom det same som SA gjorde etter år 2000, men ting kan naturlegvis endra seg raskt. Uansett kva som skjer med Bifrost er det klart at der finst eit miljø for åsatruarar som har form av lokale blotslag, nokre av desse kjem og går, medan andre har eksistert relativt lenge. Dette miljøet er det ingen grunn til å tru at skal forsvinna utan vidare, slik at fenomenet åsatru ser ut til å ha ei framtid, om enn som minoritetsmiljø.

## 8. Litteratur

- Asprem, Egil. "Rasekrig i Åsgard". I *Humanist* nr. 1/16. 2106, s. 1-11.  
<https://humanist.no> 14.05.2016
- Berg, Heidi Lund. *Nøkkelpraksis: Østnorske jernaldernkler som symbol og teknologi*. Masteroppgåve i arkeologi. Oslo: Universitetet i Oslo 2013.
- Berger, Peter L. og Luckmann, Thomas. *Den samfundsskabte virkelighed: En videnssociologisk afhandling*. Omsett til dansk av Anne Diemer og Erik Lyng. 2. utgåve. København: Lindhardt og Ringhof 2003 [1966].
- Bernard, Russel. H. "Structured and Semistructured Interviewing". I: *Research Methods in Anthropology: Qualitative and Quantitative Approaches*. London: Sage Publications 1994, s. 156-186.
- Bolstad, Anne Marie. *Ásatrú på Island i dag: ei analyse av identitetskonstruksjon blant ásatruarar*. Hovedoppgåve i religionsvitenskap. Bergen: Universitetet i Bergen 2006.
- Bringsværd, Tor Åge. *Den store boken om norrøne guder*. Oslo: Gyldendal 2002.
- Clover, Carol. *Regardless of Sex: Men, Women and Power in Early Northern Europe*. *Speculum*, Vol. 68, Nr. 2 (Apr., 1993): 363-387. Chicago: The University of Chicago Press 1993.
- Clunies Ross, Margaret. "Snorri's Edda as Medieval Religionsgeschichte." *Germanische Religionsgeschichte: Quellen und Quellenprobleme*. H. Beck, D. Ellmers og K. Schier (red.). Berlin og New York: De Gruyter. (1992): 633-655

- Dronke, Ursula og Peter. "The Prologue of the Prose Edda: Explorations of a Latin Background." *Sjöttú ritgerðir helgaðar Jakobi Benediktssyni 20. júlí 1977*. Vol. 1. Einar G. Pétursson og Jónas Kristjánsson (red.). Rit 12. Reykjavík: Stofnun Árna Magnússonar. (1977): 153-176.
- Emberland, Terje. "Viking og odelsbonde" i *Jakten på Germania: Fra Nordensvermeri til SS-arkeologi*. Terje Emberland og Jorunn Sem Fure (red.). Oslo: Humanist forlag 2009, s. 126-151.
- Enoksen, Lars Magnar. *Gudar och gudinnor i Norden*. Lund: Historiska media 2005.
- Fangen, Katrine. *Deltagende observasjon*. 2. utgåve. Bergen: Fagbokforlaget 2010.
- Faulkes, Anthony (red.) "Introduction." Snorri Sturluson. *Edda: Prologue and Gylfaginning*. 2. utgåve. London: Viking Society for Northern Research 2005: xi-xxxii.
- Frisk, Liselotte. *Nya religioösa rörelser i Sverige: Relation til samhället/världen, anslutning och engagemang*. Åbo: Åbo Akademis Förlag 1993.
- Frisk, Liselotte. *Nyreligiösitet i Sverige: Ett Religionsvetenskapligt Perspektiv*. Falun: Bokförlaget Nya Doxa 1998.
- Gellner, Ernest. *Nasjonalisme*. Omsett til norsk av Pål Eitrheim. Oslo: Spartacus 1998.
- Gilhus, Ingvild Sælid og Mikaelsson, Lisbeth. *Kulturens Refortrylling: Nyreligiøsitet i Moderne Samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget 2005 [1998].
- Gill, Sam. "The Academic Study of Religion". I: *Theory and Method in the Study of Religion: A Selection of Critical Readings*. Carl Olson (red.). Belmont, Calif: Thomson/Wadsworth 2003, s. 20-25.

- Gregorius, Fredrik. *Modern Asatro: At konstruera etnisk och kulturell identitet*. Lund: Lunds Universitet 2008.
- Gründer, René. *Neopagan traditions in the 21st century: re-inventing polytheism in a polyvalent world-culture*. Konferansepresentasjon. Universität Freiburg 2012.
- Gunnel, Terry. "Eddic Poetry" I: *A Companion to Old Norse-Icelandic Literature and Culture*. Rory McTurk (red.). Blackwell Publishing Ltd. 2007, s. 82-100
- Harvey, Graham. *Contemporary Paganism. Listening People, Speaking Earth*. New York: New York University Press 1997.
- Hawkes, David. *Ideology*. London: Routledge 1996.
- Henriksen, May-Britt Bjørlo. "Et omstridt Hov". I *Humanist* nr. 1/16. 2016, s. 1-6. <https://humanist.no> 14.05.2016
- Krömmelbein, Thomas, 1992: "Creative Compilers. Observations on the Manuscript Tradition of *Snorra Edda*." *Snorrastefna: 25. - 27. júlí 1990*. Úlfar Bragason (red.). Rit Stofnunar Sigurðar Nordals 1. Reykjavík: Stofnun Sigurðar Nordals. S. 113-129.
- Lewis, James R. *Legitimizing new religions*. New Brunswick, N.J.: Rutgers University Press 2003.
- Lindow, John. "Mythology and Mythography." *Old Norse-Icelandic Literature: A Critical Guide*. Carol J. Clover and John Lindow (red.). *Islandica* 45. Ithaca, NY: Cornell University Press 1985, s. 21-67.

- Mayer, Gerhard og Gründer, René. *Coming Home or Drifting Away – Magical Practice in the 21st Century: Ways of adopting heterodox beliefs and religious worldviews*. Journal of the Society for Psychical Research, 75.1 (902), 2010, s. 14-26.
- Mundal, Else. "Edda- og skaldedikting" i: *Handbok i norrøn filologi*. Odd Einar Haugen (red.). Bergen: Fagbokforlaget 2004, s. 215-266.
- Puschner, Uwe. *Die völkische Bewegung im wilhelminischen Kaiserreich: Sprache – Rasse – Religion*. Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft 2001.
- Quinn, Judy. "Women in Old Norse Poetry and Sagas" I: *A Companion to Old Norse-Icelandic Literature and Culture*. Rory McTurk (red.). Blackwell Publishing Ltd. 2007, s. 518-535
- Reeh, Niels. "A Relational Approach to the Study of Religious Survival Units". I: *Method & Theory in the Study of Religion*, 2013, Vol.25(3), s. 264-282.
- Rothstein, Mikael. *Gud er blå: De nye religiøse bevegelser*. København: Gyldendal 1991.
- Rothstein, Mikael. *Gud er (stadig) blå*. Aschehoug Dansk Forlag A/S 2001.
- von Schnurbein, Stefanie. *Religion als Kulturkritik. Neugermanisches Heidentum im 20. Jahrhundert*. Heidelberg (Winter) 1992.
- von Schnurbein, Stefanie. "The Use of Theories of Religion in Contemporary Asatru." I: *Nordic Ideology between Religion and Scholarship*. Horst Junginger, Andreas Åkerlund (red.). Frankfurt a.M. 2013, s. 225-244.

- von Schnurbein, Stefanie. "Germanic Neo-Paganism – A Nordic Art-Religion". I: *Religion, Tradition and the Popular. Transcultural Views from Asia and Europe*. Judith Schlehe, Eva Maria Sandkühler (red.). Bielefeld 2014, s. 243-259.
- von Schnurbein, Stefanie. *Tales of reconstruction. Intertwining Germanic neo-Paganism and Old Norse scholarship*. Sage: Critical Research on Religion 2015, s. 148-167.
- Simek, Rudolf. "Germanische Mythologie – Forschungsstand und aktuelle Rezeption am Beispiel der rechten Szene". I: *Germanische Mythologie und Recthetremismus – Missbrauch einer anderen Welt*. Volker Gallé (red.). Worms: Worms Verlag. 2015, s. 33-44.
- Simek, Rudolf. *Dictionary of Northern Mythology*. Cambridge: D.S. Brewer 1993.
- Skott, Fredrik. *Asatro i tiden*. Göteborg: Tryckeri Framåt 2000.
- Smith, Jonathan Z. "Religion and Religious Studies: No Difference at All". I: *Theory and Method in the Study of Religion: A Selection of Critical Readings*. Carl Olson (red.). Belmont, Calif: Thomson/Wadsworth 2003, s. 25-29.
- Stefánsson, Finn. *Gyldendals leksikon om nordisk mytologi*. 2. utgåve. København: Gyldendal Fagbogsredaktionen 2009.
- Steinsland, Gro. *Norrøn religion*. Oslo: Pax forlag A/S 2005.
- Søderlind, Didrik. "Hvem eier det norrøne?". I *Humanist* nr. 1/16. 2016, s. 1-2.  
<https://humanist.no>
- Sørensen, Øystein og Stråth, Bo. *The Cultural Construction of Norden*. Oslo: Universitetsforlaget AS 1997.



Vikernes, Varg. *Germansk Mytologi Og Verdensanskuelse*. Stockholm: Cymophane Publishing 2000.

Wanner, Kevin J. "*Snorra saga Sturlusonar: A Short Biography of Snorri Sturluson*". I: *Snorri Sturluson and the Edda: The Conversion of Cultural Capital in Medieval Scandinavia*. Toronto: University of Toronto Press 2008, s. 16-29.

Wiwjorra, Ingo. "Arkaisme og krisen i det moderne" I: *Jakten på Germania: Fra Nordensvermeri til SS-arkeologi*. Terje Emberland og Jorunn Sem Fure (red.). Oslo: Humanist forlag 2009, s. 35-60.

### **Norrøne kjeldetekstar:**

*Gísla saga Súrssonar*. Björn K. Þórolfsson og Guðni Jónsson (red.). Vestfirðinga sögur. Íslenzk fornrit bind. 6. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag 1943.

*Hávamál*. Þórður Ingi Guðjónsson, Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason (red.). Eddukvæði. 1. Íslenzk fornrit vol. 1. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag 2014.

*Rígsþula*. Þórður Ingi Guðjónsson, Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason (red.). Eddukvæði. 1. Íslenzk fornrit vol. 1. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag 2014.

Snorri Sturluson. *Edda: Prologue and Gylfaginning*. Anthony Faulkes (red.). 2. utgåve. London: Viking Society for Northern Research, 2005. s. 3-55.

*Þrymskviða*. Þórður Ingi Guðjónsson, Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason (red.). Eddukvæði. 1. Íslenzk fornrit vol. 1. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag 2014.

Snorri Sturluson. *Ynglinga saga*. Bjarni Aðalbjarnarson (red.). *Heimskringla*. Íslenzk fornrit bind. 26. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag 2002

### **Omsetjingar av Edda-kvad:**

Holm-Olsen, Ludvig. *Edda-dikt*. 2. reviderte opplag 1985. 2. opplag 2001. Oslo: Cappelen 2001.

Mortensen-Egnund, Ivar og Eggen, Erik. *Edda. Den eldre edda og Den yngre edda*. 2. utgåve. Oslo: Det Norske Samlaget 2008.

### **Nettsider:**

[http://www.asatrofaellesskabet-yggdrasil.dk/bifrost\\_tidende\\_26.htm](http://www.asatrofaellesskabet-yggdrasil.dk/bifrost_tidende_26.htm) 14.05.2016

<https://www.bifrost.no/> 14.05.2016

[http://www.burzum.org/eng/library/a\\_burzum\\_story07.shtml](http://www.burzum.org/eng/library/a_burzum_story07.shtml) 14.05.2016

<http://eldar-heide.net>

<http://www.encasedinsteel.co.uk/2014/09/05/viking-warrior-women-or-misrepresenting-research/> 14.05.2016

<https://www.facebook.com/groups/249465598531939/?fref=ts> 14.05.2016

<https://www.facebook.com/groups/249465598531939/permalink/743207602491067/>  
25.09.2015

<http://www.forn-sed.no/> 14.05.2016

[http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1969-06-13-25/KAPITTEL\\_3#KAPITTEL\\_3](http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1969-06-13-25/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3)  
14.05.2016

<http://norrnfilologen.blogspot.no/p/om-tulen.html> 14.05.2016

<http://www.nrk.no/ostlandssendingen/hedensk-gravlund-i-oslo-1.6608385> 14.05.2016

<http://www.op.no/nyheter/ekstremt-rasistisk-og-voldelig/s/1-85-1863188> 14.05.2016

<http://www.theglobeandmail.com/life/half-of-viking-warriors-may-have-been-women-says-study/article20331819/> 14.05.2016

<http://www.tor.com/2014/09/02/female-viking-warriors-proof-swords/> 14.05.2016

<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/tro-og-livssyn/sier-ja-til-hedensk-gravlund-i-oslo/a/542940/> 14.05.2016

<http://vigrind.net> 14.05.2016

<http://www.wardruna.com/about/> 14.05.2016

## **Vedlegg**

**Vedlegg 1: "Aud" sitt referat frå Odinsblot**

**Vedlegg 2: Liste over informantar**

**Vedlegg 3: Samtaleguide**

**Vedlegg 4: Liste over statstilskot til trussamfunn, år 2015**

**Vedlegg 5: Meldeskjema til NSD**

**Vedlegg 6: Kvittering frå NSD**

**Vedlegg 7: Førespurnad om deltaking i forskingsprosjekt**

**Vedlegg 8: Utdrag frå Bifrost tidende nr. 26**

## **Vedlegg 1. Aud sitt referat fra Odinsblot.**

